

Årsrapport 2010

Fylkesmannen i Rogaland

Innhold

Kapittel 1 - Om embetet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 9
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 15
Kongehuset	Side 15
Miljøverndepartementet	Side 15
Landbruks- og matdepartementet	Side 23
Kunnskapsdepartementet	Side 47
Statens Helsetilsyn	Side 69
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 75
Justis- og politidepartementet	Side 78
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 83
Arbeidsdepartementet	Side 88
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 89
Samferdselsdepartementet	Side 108
Utenriksdepartementet	Side 109
Kulturdepartementet	Side 109
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 110
Andre	Side 112
Endringer i årsrapporten	Side 113

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2010 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2010.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2010 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2010. Vi viser elles til særskilde rapportar på ulike saksfelt.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.1 og 2 gitt kort ”tilstandsrapport” og rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret. Kap. 3 inneheld rapport på dei enkelte resultatområda.

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Organisasjon

Embetsleiinga har i 2010 bestått av kst. fylkesmann Harald Thune og ass. fylkesmann Arild Michelsen. Avdelingane er leia av følgjande personar:

Administrasjonsavdelinga: Torjus Waaga.

Forvaltningsavdelinga: Grete E. Øvernes

Helse og sosialavdelinga: Fylkeslege Pål Iden

Utdanningsavdelinga: Sølvi Ona Gjul

Miljøvernnavdelinga: May Britt Jensen

Landbruksavdelinga: Hadle Nevøy frå februar. Før det Anfinn Rosnes

Embetet har ca. 160 tilsette.

1.2 Budsjett og rekneskap

Fylkesmannen hadde i 2010 eit mindreforbruk på ca. 1,6 mill. kroner. Dette skyldes i hovudsak to forhold: At ein ikkje betalte husleige for 4 kvartal i 2010, grunna manglande husleigekontrakt; og at ein ikkje fekk brukt alle ekstramidlane til byggesaksbehandling. Vi viser til eige skriv om dette.

Rekneskapet gir difor ikkje det rette biletet av den økonomiske situasjonen i embetet. Under normale høve ville vi haft eit meirforbruk som skuldast meirkostnader i samband med flytting til nytt Statens Hus. Sjå nedanfor.

For dei konkrete tala viser vi til rekneskapsrapporten.

Når det gjeld økonomiforvaltninga i embetet, tek embetet fortsatt utgangspunkt i den sentrale budsjettfordelingsmodellen når vi fordelar midlane mellom dei ulike avdelingane (fagområda). Dette gir oss ein betre innsikt i korleis departement og direktorat finansierar saksfelta sine. Men dette blir krevande når den ikkje blir oppdatert med nye tal. Vi ser at dette vil føre til ein viss grad av intern omfordeling, men dette vil skje over tid i tråd med våre eigne prioriteringar. Vi ser med det også dei departementsområda som vi kan karakterisere som underfinansiert samanlikna med andre. Deler av miljøområdet, til dømes planarbeid o. a. kan beskrivast slik. Aktivitetane på kontinentalsokkelen har vore kraftig underfinansiert. Vi er glad for ei ekstraløyve på 1 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet og reknar med at dette held fram også i 2011 og åra etter der.

1.2 Rapportering på ressursbruk

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 11 587 147,99	kr 4 523 278,71
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 686 219,19	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 6 079 832,79	kr 12 319 174,18
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 3 910 113,11	kr 0,00
Justis- og politidepartementet	kr 5 479 238,77	kr 175 922,19
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 5 322 185,22	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 540 560,93	kr 738 226,57
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 11 491 181,70	kr 5 985 080,05
Andre	kr 31 245 828,42	kr 0,00
Sum:	kr 88 342 308,12	kr 23 741 681,70

1.3 Andre Forhold

1.3 Embetsoppdrag og rapportering

Fylkesmannen i Rogaland har rapport i samsvar med tildelingsbrev og embetsoppdraga. Vi kan framleist konstatere at krav og forventingar til rapportering er ulikt mellom departementa og det er å håpe at dette kan bli betre samordna.

1.4 Administrative føringer

Embetet har arbeidd med å utvikle og implementere visjon og verdiar for embetet i 2010. Vi har også utvikla eit overordna embetstyringsdokument. I 2011 vil vi starte arbeidet med å innføre eit system for risikostyring i embetet.

Heile leiargruppa har vore med på leiarutviklingsprogrammet i regi av FAD. Det har vært særsla nyttig for styring og samhandling i embetet. Vi har også forsøkt å trekke nestleiarane i embetet med i nokre av temaene i programmet.

Når det gjeld saksbehandlingstida i embetet viser vi til dei einskilde resultatområda.

Ikt-arkitektur

Vi er merksame på arkitekturprinsippa som ligg til grunn ved utvikling av nye IKT-løysingar. Utvikling av nye løysningar på IKT-området er ikkje gjennomførte i 2010.

Innkjøp

Vi har gode og veldokumenterte innkjøpsrutinar. Rutinane er godt kjende for dei tilsette, informasjonar rundt dette innkjøp ligg på dei interne heimesidene våre. I løpet av 2010 har vi hatt mange større innkjøp knytt til det nye Statens Hus. I innkjøpsprosessane har vi gjort nytte av elektroniske innkjøpsverktøy (Mercell). Der kor det har vore aktuelt har vi kjørt fellesprosessar med dei andre statsetatane som held til i nybygget. Innkjøpa blir særsla godt dokumenterte gjennom føring av protokollar. Vi har eigen innkjøpskoordinator, medarbeidaren er kunnskapsrik

og held god kontroll med denne viktige arbeidsoppgåva.

Miljøtiltak

Fylkesmannen i Rogaland v/ ass. fylkesmann er leiar av styringruppa for ”Knutepunktet for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser”. Vi følgjer intensjonane i Handlingsplanen i våre innkjøp.

I oktober flytta vi inn i nytt Statens Hus, frå det tidspunktet blei vi også miljøfyrtårnsertifisert.

Brukundersøkingar

I regi av FAD blei det gjennomført brukundersøkingar for alle embata (retta mot ordførarar og rådmenn). Vi har følgd denne opp både ovafor tilsatte og kommunane.

Nytt Statens Hus i Rogaland

I 2010 flytta Fylkesmannen inn i nytt Statens Hus i fylket saman med fleire andre etatar. Huset blei høgtideleg opna av statsråd Rigmor Aasrud 22. oktober. Ein slik flytteprosess krev mykje arbeid og store økonomiske uteljingar og vi ville under normale høve hatt eit meirforbruk i rekneskapen.

Kongehuset

Vi hadde eitt besøk av Kongen i 2010. Det var i samband med oljemessa ONS i august. Dronninga var her i april i samband med opninga av Sandnes sitt 150 års jubileum. I tillegg var Prinsesse Märtha Louise her i samband med Nordsjørittet på sykkkel.

30 borgarar fekk Kongens fortjenstmedalje i sølv og ein borgar mottok St. Olavs orden.

IA og sjukefråver

Fylkesmannen i Rogaland er IA-verksemd. Sjukefråverstalet har hatt ei gledeleg utvikling. I 2010 nådde vi måltalet på 3 %, noko som er særslig lågt

Likestilling - sjå også resultatområde 98.8

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt sokjelys på lønnskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

Tabellane nedanfor viser nokre viktige samanhengar.

Tab. 1 Lønnsfordeling mellom kvinner og menn avdelingane mellom (gjennomsnittlig ltr.)

	Adma	For-valtning	Miljø	Land-bruk	Helse- og sosial	Ut-danning
Kvinner	45,9	55,9	60,8	54,4	58,9	58,7
Menn	53,6	58,5	60,1	60,5	66,5	60,3

Som ein ser her er det vesentlige skilnader mellom avdelingane. Men denne statistikken gir ikkje heile biletet, då dei ulike avdelingane har ulik grad av variasjon i stillingstyper. I samanlignbare stillingstyper er lønnskilnadane mindre, men det er også slik at i dei lågaste stillingstypene (sekretær, konsulent o.l.) finn ein for ein stor del kvinner.

Tab. 2 Utvikling gj. snittlig lønnstrinn kvinner og menn i embetet samla sett

	2004	2006	2007	2008	2009	2010
Kvinner	41,66	47,6	49,48	52,28	54,43	55,8
Menn	51,8	55,26	56,58	58,18	59,50	60,3

Lønnsauken er større for kvinner enn for menn i heile perioden. Tek ein berre saksbehandlarane med er skilnaden i gjennomsnittslønn vesentleg mindre, 58,7 for menn og 57,3 for kvinner.

Tab. 3 Kjønnsfordeling embete i %

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sosial	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	70	62	74	44	45	64	60
Menn	100	30	38	26	56	55	36	40

Tab. 4 Kjønnsfordeling leiande stillingar i tall

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sosial	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	1	1	1	2	0	1	6
Menn	2	1	1	1	1	2	1	9

Tab. 5 Deltidstilsette fordelt på kjønn i tall

	Topp-leiing	Adma	For-valtning	Helse-og sos.	Miljø	Land-bruk	Ut-danning	Totalt
Kvinner	0	1	2	1	0	1	0	5
Menn	0	1	0	0	1	0	0	2

Tab. 6 Nyrekuttering i 2008 kjønnsdelt

Kvinner	Menn
12	7

Dette gjelde både faste og midlertidige stillingar.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Vi vil særleg trekke fram to område kor samordning har eit særleg fokus, tilsyn og planarbeid.

Tilsyn

Fylkesmannen i Rogaland har etablert eit internt tilsynslag som fekk sitt mandat i februar 2010. Bakgrunnen er kommunelovas § 10A. Tilsynslaget skal bidra til praktisk samordning av eigen tilsynsverksemd mot kommunar og fylkeskommune, men og arbeide for samordning av tilsyn mellom andre statlege etatar, der dette er naturleg og mogleg. Vi skal bidra til samordningsdialog mellom statsetatar og kommunane. I tillegg til dette satsar vi på erfaringsutveksling og kompetansebygging internt og med andre statlege tilsynsetatar. Vi utarbeidar kvart år ein tilsynskalender.

Planarbeid

Rogaland er eit særstakt aktivt planfylke. Det er difor viktig for oss å ha gode interne rutinar for samordning av planarbeidet. Vi har ei plangruppe samansett av personar frå fleire avdelingar og ein plankoordinator som samordnar arbeidet. Vi har gode samarbeidsrelasjonar med fylkeskommunen og det såkalla Planforum kan bli eit godt reiskap for samordning og samarbeid.

Andre forhold

- Fylkesmannen i Rogaland har etablert eit informasjonsnettverk (Kommunalt Informasjonsforum Rogaland) saman med kommunane og fylkeskommunen. Hovudhensikta er å styrke det informasjonsfaglege arbeidet gjennom erfaring- og kunnskapsutveksling. Nettverket har særleg fokus på avklaring av informasjonsroller og -ansvar for å lette koordineringa av informasjon i kriser/andre alvorlege hendingar.
- Fylkesberedskapsrådet i Rogaland har sidan 2009 hatt eit eige informasjonsnettverk (regional informasjonspool) for å lette samordninga av informasjon i samband med kriser og andre alvorlege hendingar og betre kvaliteten på kriseinformasjonen gjennom felles erfaring- og kunnskapsutveksling.

I tillegg kan vi nemne:

- Temakartportalen - som er eit viktig samarbeid med mange kommunar, fylkeskommunen og andre statsetatar
- Styrka samarbeid om akvakultursaker etter overføring av konsesjonsansvaret til fylkeskommunen. Jamne treffpunkt med fylkeskommunen, mattilsynet og fiskeridirektoratet om samordning i forvaltninga.
- Kostratall er viktige og brukast mykje. Vi har ei samling i året med alle kommunane kor data blir presentert og problemområda diskutert. Frå hausten 2009 har vi og hatt eit Kostraforum internt for å øke kompetansen i bruken av offentleg statistikk.

2.2 Velferd, helse, personleg tenesteyting og likestilling

På helse- sosial og barnevernsfeltet har arbeidet særleg hatt fokus på dei store nasjonale satsingane som

Omsorgsplan 2015 kommunale plassar med heildøgnspenie og omsorg , med kompetanseløftet, legetenester i sjukeheimar, demensplan og investeringstilskot, for NAV- reforma med og kvalifiseringssordninga med tydeliggjering av det kommunale ansvaret, rusreforma, fylkesmannen si rolle på Folkehelsefetet med særleg vekt på universell utforming og helseaspekt i kommunal planlegging, dessutan førebuinga til Samhandlingsreforma.

Psykiatrisatsinga er over i ei driftsfase der kommunen må vidareføra satsinga innan si eiga økonomiske

ramme. Fylkesmannen har i 2010 hatt eit særskilt blikk på kommunane sine ressursar nytta til dette feltet

Tilsyna mot helse- og sosialtenesta i kommunane er godt samordna, og ein del tilsyn blir gjort som felles tilsyn mot både helsetenesta, barnevern og sosialtenesta.

Det landsomfattande tilsynet med tenester til eldre har i stor grad prega arbeidet i 2010. Eit eige prosjekt for spreiling av tilsynserfaringar blei sett i verk av Helsetilsynet/Fylkesmannen i Rogaland i 2010, "Spredningsprosjektet i Rogaland"

Volumkrava som vert stilt til embedet med omsyn til talet på tilsyn, er vanskelege å oppfylle. I 2010 mangla vi fem tilsyn på å oppnå dei tilsaman 41 tilsyna som er sett som krav for Rogaland når det gjeld planlagde tilsyn på helse og sosialsektoren. Alle dei landsomfattande tilsyna som var forventa, har blitt gjennomført i Rogaland, både mot kommunehelsetenesta, sosialtenesta og spesialisthelsetenesta. Helsetilsynet i Rogaland har også utført tilsyn med ulike installasjonar i petroleumsverksemda, etter plan og på nivå med tidlegare år.

Behandlinga av klagesaker etter helselovene, sosialtenestelova og barnevernlova har hatt høg prioritet, og ved utgangen av 2010 er saksmengda under kontroll. Me har likevel ikkje heilt klart målkrava for sakshandsamingstid verken for klagesaker om rett til naudsynt helsehjelp eller omsorgstenester.

Fylkesmannen har vore aktiv i rettleiing av kommunane i forhold til pleie og omsorgstenester, og det har vore særlege tema som kommunane har vore opptekne av, som kompetanseutfordringane, IPLOS, demensutgreiing og spørsmål knytt til investeringstilskot for heildøgns pleie- og omsorgsplassar. Fylkesmannen har ført vidare opplæring av helseforetak, fastlegar, tannhelsteneste og ansvarlege i kommunane kring 4A i Lov om pasientrettar. Det har vore ein Svær auke av saker på dette fletet.

Folkehelsearbeidet er i god gjenge. I 2010 har hovudfokus vore retta inn mot "Helse i plan", samt førebuingar til samhandlingsreforma. Fylkesmannen har vore aktiv pådrivar i forhold til dei ulike handlingsplanane i folkehelsearbeidet og har i 2010 arbeidd tett saman med fylkeskommunen overfor partnarskapskommunane.

Fylkesmannen har etablert nettverk og kontaktar med kommunane og med dei statlege aktørane i NAVsamarbeidet. Fylkesmannen bidrar dessutan med omfattande opplæring rundt om på NAV kontora og sit i styringsgruppa for gjennomføring av NAV i Rogaland. Også i 2010 har fokus vore retta mot kvalifiseringsprogrammet, og Fylkesmannen har vore pådrivar i kommunane og NAVkontora si rekrutteringa av brukarar inn i denne nyordninga.

Fylkesmannen i Rogaland har hatt ei viktig rolle som bindeledd mellom den nasjonale Helseberedsakapen og kommunane i fylket. I denne rolla har me gjennom eit tett samarbeid mellom beredskapsavdelinga og helse og sosialavdelinga tatt hand om det behovet for rådgjeving ut til kommunane. Oskespreiing frå vulkanutbrotet på Island og flyforbodet etter dette, sette beredskapen på prøve våren 2010.

Saman med Helsedirektoratet arrangerte Fylkesmannen i Rogaland den nasjonale helse og sosialberedskapskonferansen i Stavanger hausten 2010.

Fylkesmannen si hovudbekymring fram for 2011 er at talet på enkeltsaker har auka på svært mange av saksområda innan helse- og sosialfeltet, mellom anna har talet på "førarkortsaker" i 2010 passert 2000 enkeltsaker, og alt i alt har enkeltsaker auka med omlag 50% dei siste 3 åra. **Enkeltsakene i ferd med å kreva så mykle ressursar, at det blir uråd å fylgja opp de forventningane som sentrale nasjonale styresmakter har til Fylkesmannen sitt arbeid med rådgjeving av tenestene ute helse- og omsorgsfeltet i fylket.**

2.3 Oppvekst, barnehagar og utdanning

2.3.1 Samarbeid og samordning

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I Utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Vi har god kontakt med Bufetat, og har også dette året hatt foredrag om regelverket for grunnopplæringa på interne seminar for deira tilsette. Elles er betre samordning ei konkret målsetjing i prosjektet "Dei utfordrande barna". Dette prosjektet vart gjennomført med fire

kommunar i første runde i 2005-2007 med Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen som prosjektleiar. Prosjektleiing og fagleg ansvar vart så lagt til UiS v/Senter for Atferdsforskning, og prosjektet er vidareført med fire nye kommunar i 2008- 2009 og ytterlegare fire i 2010-2011. Vi deltar i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet. Vi har også deltatt i møte med kommunane på nord-Jæren om samarbeid knytt til barn og unge med særleg store vanskar, m.a. for å tydeleggjere dei rammene opplæringslova set. Elles nemner vi at Utdanningsavdelinga medverkar i samband med planarbeid (kommuneplanar, fylkesdelplanar, reguleringsplanar) som andre avdelingar i embetet har hovudansvar for. Dei konkrete tiltaka er nærmere omtalte i kap 3.

2.3.2 Barnevern

Fylkesmannen sine aktivitetar på barnevernsområdet vert rapportert i eigen rapport til BLD og Statens Helsetilsyn.

2.3.3 Barnehage

Det siste året har vore krevjande når det gjeld informasjon og rettleiing, med mange førespurnader om likeverdig økonomisk behandling. Dette har vore på dagsorden i dei faste nettverka med kommunane saman med annan informasjon om nasjonale styringssignal. Nettsidene våre er sjølvsagt brukte, og førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt. I 2010 er det sett særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde og likeverdig økonomisk behandling. Vi har arrangert ei sakshandsmarsamling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane om tilsyn og godkjenning , basert på erfaringar på tilsyn, og ei fagleg samling for kommunale og private barnehageeigarar om barnehageeigarrolla. Vi har også hatt ei todagars regelverksamling for private og kommunale barnehageeigarar om nytt regelverk for likeverdig behandling., og vi arrangerte som vanleg ein barnehagekonferanse i mai i samarbeid med UiS og Utdanningsforbundet med tittelen "*Barnehagen - bra for dei minste!*" Elles har vi også i år deltatt i nettverket for styrkt barnehagetilbod, der formelle sider ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp og gjennomgang av rettleiaren på det spesialpedagogiske området har vore i fokus.

Rogaland har hatt stor utbygging av barnehagar i dei siste åra, og alle kommunane nådde målet om full barnehagedekning ved utgangen av 2008. Men Rogaland er eit vekstfylke, og mange kommunar har med auka etterspurnad etter barnehageplassar, framleis behov for vidare barnehageutbygging. Etter det vi veit til no, vil kommunane oppfylle retten til plass også ved neste hovudopptak. Fylkesmannen held seg jamt orientert om dette gjennom ulike former for områdeovervaking. Dei regelmessige nettverksmøta med dei barnehageansvarlege i kommunane blir aktivt brukte for å medverke til at kommunane oppfyller rett til barnehageplass. Nokre kommunar har vurderte utvida tilbod (til null-åringar) i samband med budsjettbehandlinga, men så langt vi veit, vart dette ikkje realisert.

Talet på klagesaker på barnehageområdet er relativt lågt, men enkelte er svært kompliserte og tidkrevjande. Dette gjeld særleg saker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlige tilskott. Saksbehandlingstida i desse sakene har variert frå 1-6 mnd, både på grunn av kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Nokre saker er "presedens-saker" og treng avklaring i departementet.

Kvalitetsutviklinga blir stimulert ved tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Kompetansemidla er tildelte til kommunane etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2010 og rapport for bruk av midla i 2009. Frå rapportane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD er godt ivaretatt, alle barnehagane i kommunen har deltatt i kompetansehevingstiltak og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eit eller fleire tiltak. Midlar til å betre språkforståinga for minoritetsspråklege barn er etter søknad tildelte til 11 kommunar. Kvalitetsmidla er i stor grad nytta til prosjekt i kommunar, til nettverk og samlingar med kommunane, og til eigne prosjekt og konferansar. Midla blir også nytta til å stimulere til arbeid med nasjonale strategiar og satsingsområde. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren.

Fylkesmannen har saman med den lokale rekrutteringsgruppa gjennomført tiltak i tråd med KD sin handlingsplan for rekruttering. Det er m.a. utarbeidd materiale til reklame og informasjon om yrket til bruk i på ulike arenaer (film, banner, "hand-outs", o.l.). Forskingsselskapet IRIS har på oppdrag frå Fylkesmannen levert utgreiinga "*Hva fremmer og hemmer rekrutteringa til førskolelæraryrket i Rogaland*". Det er også utarbeidd ei brosjyre om korleis ein kan bli førskolelærar og kva som skal til for å kvalifisere seg til opptak for dei som alt arbeider i barnehage. Elles arrangerte vi hausten 2010 samling for det nasjonale nettverket for dei som deltar i KD sitt rekrutteringsprosjekt. I denne samanhengen høver det å nemne at kontroll av årsmeldingane for 2010 viser at det er gitt dispensasjon frå utdanningskravet i til saman 473 årsverk (i alt 522 dispensasjoner) i Rogaland, ein liten auke frå fjoråret.

Fylkesmannen har i 2010 ført tilsyn med fire kommunar etter systemrevisjonsmetoden. Tema for tilsyna har, som

i 2009, vore kommunen som godkjenningsmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Det er mellom anna gitt avvik på at fleire av kommunane ikkje grunngir vurderingane som ligg til grunn for vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova, og at kommunen ikkje sikrar at alle lovbestemte vurderingar er gjorde før vedtak vert fatta. Vidare er det gitt avvik på at tilsynsritinane er mangelfulle når det gjeld overordna planlegging, og at tilsynet ikkje dekkjer alle krava i lova. Det er også gitt avvik på at tilsynsritinane ikkje har avdekt faktiske brot på lova. I ein av kommunane vert det ikkje konkludert med avvik. Det er i tillegg ført tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i ein kommune. Dette er omtalt under resultatområde 31.1.

2.3.4 Utdanning

Tilsyn har vore den sentrale oppgåva på utdanningsfeltet, men store endringar i bemanninga i avdelinga har gitt særlege utfordringar dette året. Mange nye medarbeidarar skulle hjelpast til forsvarleg rolleforståing og oppdragsfokus, og dette kravde innsats og tidsbruk både frå avdelingsleiinga og frå kollegaene. Det nasjonale tilsynet vart særleg krevjande både når det galdt å sikre kompetansen i gjennomføringa og når det galdt tidsbruk generelt. Dette tilsynet var retta mot skolen sitt arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø, og det er rapportert i eigen rapport. Rogaland var det einaste embetet som valde å føre tilsyn med fylkeskommunen i denne samanhengen. Det vart gitt pålegg ved alle tilsyn også her i fylket, og det er ikkje råd å peike på noko som i vesentleg grad skil skoleigarane her frå andre skoleigarar. I vidaregåande skole fann vi likevel sterkt medvit om og god praksis knytt til arbeidsmiljøet i yrkesfaglege avdelingar, men både tilsette og elevar hadde forankringa for dette i arbeidsmiljølova heller enn i opplæringslova sine reglar.

Tilsynsarbeidet er nærmere omtalt i kapittel 3, resultatområde 31.1. Vi vil likevel nemne at det etter vår erfaring framleis er behov for å føre tilsyn med skoleigarane når det gjeld ivaretaking av rettar for elevar som i utgangspunktet stiller svakt, t.d. rett til spesialundervisning og rett til særskilt norskopplæring. Her er det store manglar når det gjeld forvaltningskompetansen, og det er også grunnlag for å rekne med at rettar i nokre høve ikkje blir innfridde som føresett i lovverket. Så må det nemnast at vi erfarer større behov for å følgje opp tilsyn, og det er urovekkjande når nokre skoleigarar får same pålegg ved fleire tilsyn på same området når dei ved kvart tilsyn har meldt frå om retting. Vi prøver å følgje opp både ved konkrete oppfølgingstilsyn etter ei tid og ved ulike rettleiingstiltak. Mange skoleigarar ber om "kurs" og samlingar for alle rektorane, PPT, m.fl. etter eit tilsyn, for å gjennomgå regelverk og lovforståing på tilsynsfeltet. Etter vårt skjøn er slike samlingar svært nyttige - deltakarane er motiverte og "læringsutbytet" godt fordi gjennomgangen blir relatert til deira eigen praksis. Elles er det ikkje råd å peike på felles kjenneteikn for kommunar som har fått avvik/pålegg. I løpet av dei åra vi har ført tilsyn med skoleigarane (vi starta forsiktig i 2002), er det berre to kommunar som ikkje har fått avvik, og det er to av dei minste kommunane i fylket.

Til slutt nemner vi at utdanningsavdelinga i samarbeid med helse- og sosialavdelinga like før årsskiftet svarte på ei oppmoding frå KRD om innspel til meldinga om forholdet mellom stat og kommune. Her poengterte vi m.a. at det er behov for større samordning sentralt når det gjeld tilsyn med kommunane og fylkeskommunane, både i høve til omfang og metodebruk. Samla omfang på tilsyn med kommunane har auka betydeleg dei siste par åra, og det bør etter vårt syn leggjast til rette for rutinemessig kontakt på oppdragsgivarnivå for å unngå at tilsynsaktivitetene aukar slik at belastinga for kommunane blir urimeleg. Markante omfangskrav på tilsynsfeltet kan gå på bekostning av anna saksbehandling hos Fylkesmannen, og den saksbehandlinga gjeld også ofte rettstryggleiken for innbyggjarane i kommunane. Når det gjeld metodebruken, er det lite tenleg for tilsynet sin legitimitet når Fylkesmannen møter kommunane og fylkeskommunane med ulik språkbruk og ulike reaksjonar på tvers av faggrenser. Det er viktig at staten "talar med ei tunge" og t.d. brukar same omgrep når vi konkluderer med at ein kommune ikkje følgjer regelverket – gir vi t.d. pålegg eller avvik? Det er utfordrande for Fylkesmannen å framstå som heilskapleg og samordna når det gjeld planlegging og omfang av tilsynet med kommunane når oppdragsgivarane våre ikkje samordnar oppdraaga og samstundes styrer svært detaljert. I denne samanhengen vil vi understreke at det er viktig å få avklart i kva grad forvaltningslova skal gjelde fullt ut ved statleg tilsyn med kommunane. Her må alle departement og direktorat som gir oppdrag på tilsynsområdet medverke til større grad av felles lovforståing.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Der er framleis stor planleggings- og utbyggingsaktivitet i Rogaland. Dette gjeld både regionale planar og kommuneplanar, på reguleringsplanar og mange klagesaker. Fylkesmannen legg mykje ressursar inn på feltet og er aktivt med i dei fleste prosessane både i fylkesplanar og kommuneplanar. Vi deltek i oppstartsmøta, meklingar og drøftingar. Vi legg vinn på å være tilgjengelige for kommunane og på å bli betre på å samordna oss internt. Som omdømmeundersøkinga viser, ligg vi likevel relativt lågt i kurs hos kommunane med omsyn til vår rolle i kommunalt planarbeid.

Vi samarbeider tett med Rogaland Fylkeskommune om regionalt planforum som starta opp hausten 2010. Det ser no ut til å ha kome inn i eit godt spor, men skal evaluerast etter ei tid. Vi har gjennomført ein svært velukka konferanse for kommunane om ny plan og bygningslov i samarbeid med KS og Fylkeskommunen .

Embetet og landbruksavdelinga spesielt har i 2010 lagt ned eit enormt og imponerande arbeid i fylkesdelplan for landbruk. Denne er også krevande for intern samordning i embedtet . Det er klassiske interessekonflikter mellom landskap/naturvern og kystsksogsatsinga og mellom gjødselhandtering og naturvern/kulturlandskap. Handtering av biorest etter biogassproduksjon er og eit utfordrande samordningstema som regionalpaln for landbruk er med å aktualisere.

Vi har i 2010 hatt ein grundig indre gjennomgang av organiseringa av arbeid med kommunale og fylkeskommunale overordna planar etter plan og bygningslova. Vi held fram arbeidet med å ha planmedarbeidarar fordelt på landbruk og miljø. Plankoordinatorrolle og fagleg ansvar for planarbeid vert lagt til miljøvernnavdelinga.

Endra krav til strategisk planlegging og miljøutgreiing i kommuneplan/reguleringplan er krevande og det vil ta tid før kommunane inkl fylkeskommunen – og fylkesmannen - har funne ei god og effektiv form på dette som tilfredstiller lovkrava og er så fleksible som intensjonen i lovendringa.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

NATURRESSURSFORVALTNING OG MILJØVERN

Fylkesmannen i rogaland er ein aktiv deltakar i regionalt og kommunalt planarbeid for å bidra til ei bærekraftig naturressursforvaltning. Her er særleg jordvern, landskapsomsyn, vern av stransone og vassdragsressursar samt område som er viktige for biologisk mangfold viktig. Me har i 2010 deltatt i revisjon av ATP planar for Ryfylke, Jæren og Haugalandet. Vidare i arbeid med regionalplanar for villreinområde, vassområde, småkraftverk, pukk og grus , generell næringsutvikling og landbruk. Me legg og stor vekt på å sjå til at kommunane følgjer opp alle gjeldande tematiske fylkesdelplanar, som plan for kystsone, FINK (friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern) energi og klimaplan, universell utforming, vindkraft osv. Det er krevjande - særleg fordi det er lite og minkande politisk vilje i fylkestinget til å følge opp eigne planar. Fylkesmannen blir difor blitt meir ein garantisk for at planane blir følgt. Det er ei interessant, men ofte lite populær rolle å ha.

Når det gjeld naturvern er den store milepælen i år at me har fått ferdig forslag til forvaltningsplan for Jærestrendene - etter å ha arbeidd med dette i 6 år. Det er 500 grunneigarar, 500 000 besøkjande og mange kryssande interesser, så det er eit svært krevande område å forvalte og halde god dialog med alle partar i. Fylkesmannen har og i 2010 gitt ein fagleg positiv uttale om forslag om nasjonalparkvern av Preikestolområdet. Me har og følgd opp endringane knytt til overgang til lokal forvaltning av større verneområde, blant anna gjennom dialog med dei aktuelle ordførarane. Ekstra midlar frå DN har også dette året gjort oss i stand til å styrke skjøtselstiltak i verneområda. Det er ikkje minst viktig for naturvernet og Fylkesmannen sitt omdømme

Når det gjeld landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling blir det vist til rsultatområda 21 og 22 under kapittel 3.

Målkonfliktar mellom klimaskogsatsing, ivaretaking av kulturlandskap, jordvern og biologisk mangfold, er tydelege i Rogaland. Til dømes vil mange gjengroingsområde i vårt klima ha varmekjær lauvskog som klimaksskog om dei får tid til å utvikle seg naturleg, og det er ein diskusjon om gran er rett "klima-treslag" på slike lokalitetar. Etter samlokalisering i Statens hus frå oktober, ligg forholda betre til rette for god og effektiv indre samordning mellom fagmiljøa våre innan landbruk og miljø. Avdelingsleiing i begge avdelingar arbeider jamt for dette, men det er ikkje alle målkonfliktar me kan samordne oss ut av. Nyetablering av kulturbeite gjennom oppgjødsling av utmark og handtering av biorest med høge gjødselverdiar etter biogassproduksjon er to dagsaktuelle samordningsutfordringar for oss.

Når det gjeld vassressursforvaltning har me lagt vekt på å samarbeide godt med fylkeskommunen - både som ny

konsesjonsmynde for løyve etter akvakulturlova og myndige etter vassdirektivet. Det går bra, men me har svært avgrensa ressursar og vert lett ein flaskehals både i forhold til handsaming av utsleppsløyver til fiskeoppdrett og i miljøkarakteriseringarbeidet som skal danne basis for regionalplanar/forvaltningsplanarbeid i dei 4 vassområda som Rogaland vert delt inn i.

I 2010 har Miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen gjennomført rekordmange forureiningstilsyn - flest i landet. Det er me stolte av. Men det har - på grunn av ein svært streng økonomisk situasjon vore vanskeleg å få bygd opp tilsynskapasiteten i tråd med Klif sine planar og å få gebyrinntektyene frå tilsyn til å dekke lønskostnader. Slik det er no er 1/3 av dei faste stillingane innan miljøvern avhengig av inntekt utanom dei vanlege rammene. Det krev ein stor smidighet og mykje energi å få dette til. I realiteten tappar alle særleg finansierte oppgåver kapasitet frå dei øvrige faste pålagde oppgåvene - og det vert stadig fleire enkeltsaker og mindre tid til å gjere godt informasjons - og utviklingsarbeid.

I 2010 har miljøvernnavdelinga endeleg fått god kontroll på saksbunken når det gjeld plansaker ettr pbl. Dette gjennom 3 svært dyktige medarbeidarar og godt samarbeid og samhandling med planadiministrasjon i kommunane, planavdelinga i fylkeskommunen, streng prioritering av kurs- og møtedeltaking inkl deltaking i regionalt planarbeid o.l. Og ikkje minst god samahandling og arbeidsfellesskap med planmedarbeidarar ved andre avdelingar i embetet - særleg landbruk og forvaltning.

Når det gjeld sakshandsamingstid på utsleppsløyver etter forureiningslova, er eit snitt på eit halvt år på desse. Det burde vore langt lågare. Det er som oftast store samfunnsinteresser knytt til søknadane. Det er og ein stor utfordring at klageantalet er så høgt (både frå søkjær og berørte partar) og at klagesakshandsamingstida i KLIF er svært lang (1,5 år ?). Dette er fører til store tap for næringslivet og dessutan ein unødig fristelse til å setje i gong ulovleg. Og eit slett omdøme for miljøvernforvaltninga.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har i forbindelse med beredskapstilsyn i seks kommuner i 2010 sett spesielt på om kommunale ROS analyser og overordnede beredskapsplaner er ihht. den nye Sivilbeskyttelsesloven.

Fylkesberedskapsrådet har hatt to møter, men det er ikke hensiktsmessig å bruke dette rådet til å ha diskusjoner omkring enkeltkommuners status på ROS og beredskapsplaner.

Vi har øvd Haugesund og Utsira kommuner i lag med Helse Fonna, Haugaland og Sunnhordland politidistrikt og lokalt brannvesen. Vi har deltatt på øvelse i Time og Gjesdal kommuner i lag med IVAR (Interkommunalt vann-avløpsverk på Nord-Jæren).

I de kommunene som har hatt tilsyn har forholdet til klimaendringer i ROS analysen vært tema. På vår årlige nettverkssamling med kommunale beredskapskontakter var klimautvikling et av temaene.

Konsekvensene etter vulkanutbruddet på Island gjorde at fylkesmannen fikk en del oppgaver inn mot helse- og sosialberedskap. I hovedsak gikk det på å medvikre til alternativer til luftambulansetransport og reserveløsninger på de kommunale legevaktene samt rapportering.

Fylkesmannen har ikke medvirket spesielt til at kommuner, helseforetak og vannverk innen helse og sosialberedskapsområde har utviklet sitt beredskapsplanverk i 2010.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Vi hadde eitt besøk av Kongen i 2010. Det var i samband med oljemessa ONS i august. Dronninga var her i april i samband med opninga av Sandnes sitt 150 års jubileum. I tillegg var Prinsesse Märtha Louise i Rogaland i samband med Nordsjørørtt på sykkel.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Kongens fortentmedaljar i sølv blei delt ut til 30 personar i Rogaland i 2010, medan forfattaren Kolbein Falkeid blei heidra med St. Olavs Orden.

Dette er 11 fleire sølvmedaljar enn i 2009. Ingen gullmedaljar blei delt ut dette året.

Fylkesmannen i Rogaland har eit menypunkt på nettstaden med informasjon om fortentmedaljar og St. Olavs Orden

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

Resultatområde utgjør en stor del av avdelingens portefølje. Det er gledelig at resurssene til arbeid med forvaltning av verna områder, trua arter og fremmede arter opprettholdes på et høyt nivå.

Den økonomiske situasjonen ved avdelingen er svak til tross for betydelige øremerkede midler fra direktoratene. Det er særlig demotiverende for naturseksjons-medarbeiterne å oppleve at så store deler av øremerkede midler går til kontorskatt og ikke kan brukes mer direkte til tiltak. Uansett så ber vi direktorater og departementer inkl FAD om å finne bedre løsninger på disse utfordringene. Det skaper mye usikkerhet og frustrasjon når øremerkede fagmidler reduseres med 40 % og bokføres som generell inntekt på embetet. Det viktigste er likevel at oppgavene ikke blir løst tilfredsstillende eller ikke har ønsket kvalitet.

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Tematiske verneplanprosesser i Rogaland er fullført (med unntak av marin verneplan), men vi ser fram til oppdrag om revisjoner. Pågående prosess om frivillig skogvern Hålandsalen i Suldal, den første i fylket, nærmer seg avslutning (kontraktskriving). Nært samarbeid med Vestskog for oppfølging av nye aktuelle områder i 2011.

Det er brukt mye ressurser på utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområder med bevaringsmål. Bl.a. er arbeidet med revidert plan for Jærstrendene landskapsvernombord fullført. Hovvedfokus på nye planer i Ramsarområder, men også skogområder. Et stort og omfattende skjøtselsarbeid i verneområder er utført, i utmerket samarbeid med lokalt SNO, men også mange andre lokale samarbeidspartnere. Dette holder fram i 2011, avhengig av midler. Liekså betydelig innsast på infotiltak (våtmarkutstilling Kvassheim), samt skilting Jærstrendene. Aktiv deltaker i ny forvaltningssmodell heirområdene.

FMRO har ansvaret for oppfølging av handlingsplaner for åkerrikse, svarthalespove, sju sjeldne karplanetr,

klokkesøte og noen andre søtearter. Dette arbeidet er i rute. Når det gjelder åkerrikse, har vi meddelt DN at kunnskapsgrunnlaget ikke er til stede for å slutføre handlingsarbeidet. Vi har foreslått et forskningsprosjekt over 3 år for å avklare bestandsstatus.

FM har initiert og gitt tilskudd til kartlegging av kongeørn. Arbeid med registrering av og bevaringsmessige tiltak for åkerrikse og svarthalespove i samsvar med handlingsplan. Tilskudd til kartlegging av stor salamander og hubro. FM har foreløpig ikke revidert fylkesdekkende viltkart for Rogaland.

Kvalitetssikring og nykartlegging er videreført som planlagt, samordna med naturtypekartlegging for å styrke kunnskapgrunnlaget for frivillig skogvern. Kartlegging av bl. a. hole eiker og kystlyngheier i Dalane med klokkesøte i gang.

HP-slåttemark: Oppfølging i arvesølvprosjekt parallelt med fylkesprosjekt for kystlynghei og naturbeitemark, omfattende samarbeid med L-avdeling, kommuner og landbruksrådgiving. Utarbeiding av skjøtselsplaner i 4 omr. 3 omr. ferdig, delvis samkjøring med oppfølging av HP7(jærtistel). Skjøtselsplaner og avtaler for de viktigste brukena i utvalgt jordbrukslandskap Rennesøy ferdige, sikrer u gjødslet ekstensivt beite i de viktigste områdene med kystlynghei , naturbeitemark og HP7(dvergmarikåpe, ekornsvingel). Slåttemarktemaet oppdatert i Naturbase, delvis nykartlegging.

Fokus på kystlynghei i Dalane i naturtypekartlegging kombinert med HP klokkesøte. Har gitt innspill til DN om HP kystlynghei. Har pålagt omfattende vindkraftkonsesjon i det største kystlyngheimrådet registrert i Norge (i Naturbasen). 50 000 da fordelt på 110 foretak får tilskudd over RMP for skjøtsel av kystlynghei/naturbeitemark, bistått L-avd. med tilsyn/kvalitetskontroll av kystlynghei i RMP. Har støttet arbeid på L-avdeling for bedre SMIL-strategier, videre utvikling av RMP på trappene.

Oppdragene 01SO8-01SO20 er i all hovedsak utført.

Overvåking knyttet til vannforskriften (01SO22) er utført så langt tildelte midler rekker. Vi vil på nytt sterkt understreke at en forsvarlig karakterisering og klassifisering av vannforekomstene er helt avhengig av en dramatisk økning i midler til overvåking. I Rogaland gjelder dette særlig kyst- og fjordområdene.

Når det gjelder ivaretakelse av arealer for biologisk mangfold generelt, er skjøtselsplanarbeidet prioritert inkl. fjerning av fremmede arter. Den viktigste innsatsen skjer likevel gjennom hundrevis av uttalelser i plan- og dispensasjonssaker etter Plan- og bygningsloven. Det er fremdeles en svært vanskelig oppgave (tilnærmet umulig) å motivere kommuner og grunneiere til å inkludere verdifulle områder i areal- og miljøplaner. Naturmangfoldloven har så langt ikke hatt noen påviselig effekt.

FMRO deltar i pågående arbeid med utarbeiding av regional plan for små kraftverk (01SO27).

Motrorferdsel i utmark er ikke et stort problem i Rogaland, men helikoptertrafikken er økende. Kjøring med ATV i terrenget øker også. Tildels manglende kommunal vilje til restriktiv politikk, også i verna områder. Vi aner støy- og sikkerhets-problemaikk knyttet til vannscooter og konkurranseprega båtarrangement i fjorder langs kysten vil bli en voksende utfordring.

Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Viltforvaltning og tilskuddsforvaltning: Som planlagt. Arbeidsfordeling mellom FM og fylkeskommune gjennomført i praksis etter påske i år. Fokus på villreininteresser i forbindelse med utarbeiding av regionalplan for Setesdal/Ryfylkeheiene. Ulike prosjekter, klagebehandling, skadefelling. Se over om forvaltninga av leveområder når det gjelder trua arter. - Media og informasjonstiltak.

Rovviltforvaltning: Som planlagt for både FM og Region 1.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Faste oppgaver, behandling av søknader etter lakse- og innlandsfiskeloven med forskrifter etc. er i all hovedsak utført.

01SO37: Sein avklaring av regulering av sjølaksefiske fører til stor lokal frustrasjon og mye ekstraarbeid for fylkesmannen.FM har hatt betydelig arbeid med regulering av fiske for perioden 2010 til 2014. Årlige reguleringer av fiske (2009 og 2010) gjør prosessen særlige krevende. Hyppige reguleringer av fiske

vanskliggjør arbeidet da en ikke får tid til å vurdere effekten av allerede iverksatte reguleringstiltak.

Gytefisktelling er et viktig verktøy for å sikre god lokal forståelse for eventuelle reguleringstiltak. FM har kom med innspill til DN i forbindelse med regulering av fiske i 2011. FM har også avholdt møte fagråd for anadrom laksefisk i Rogaland for å diskutere eventuelle behov for reguleringer i 2011.

01SO38: Har oppdatert kategoriseringen av de anadrome bestandene i fylket.

01SO39: Forvaltningsreforma har og krevd oppfølging på dette området fra vår side også i 2010. Samarbeidet med fylkeskommunen i forbindelse med overføring av oppgaver har fungert bra. Avklaring av rolle og hvem som har myndighet kan i enkelte saker være krevende. For brukerne har overføring av myndighet og oppgaver gjort laks-og inlandsfiskforvaltningen mindre oversiktlig og mer komplisert.

01SO40: Har lagt ned betydelige ressurser i forbindelse med oppfølging av St. prp. Nr. 32 (2006-2007). FM har vært i nær dialog med DN om problemstillinger knyttet til havbruk og påvirkninger på ville bestander. Problematikken knyttet til lakselus og rømt oppdrettslaks er særlig vektlagt og krever mye ressurser. Våren/sommeren 2010 hadde vi svært høye påslag av lakselus i Ryfylke. Fylkesmannen fraråder økt biomasse av oppdrettslaks i Ryfylke grunnet lakselus og rømt oppdrettslaks. DN må også fremover ha stort fokus på denne problemstillingen.

Kalking: FM følger opp og koordinerer kalkingen i fylket. Har prioritert arbeidet med ny handlingsplan for kalking (01SO42). FM har særlig fokus på effektkontroll og optimalisering av de nasjonale kalkingsprosjektene. For de lokale kalkingsprosjektene er behov for kalking simulert og nødvendige endringer gjort.

01.3 Fremmede arter og GMOer

Resultatområde 01.3 Fremmede arter og GMOer

Fylkesmannens har følgt opp tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmende skadelige arter. En del tiltak iverksatt både i og utenfor verneområder. Dette er en svært krevende oppgave både på grunn av bredden i utfordringen og på grunn av at kap. 4 i Naturmangfoldloven ikke

Mange av de faste oppgavene som er fylkesmannens oppgaver i forbindelse med fremmede arter beskrives i *handlingsplanen mot fremmede arter* og inkluderer kartlegging og overvåking av fremmede arter i verneområdene og inngår som en del av den generelle skjødselen i dag.

Handlingsplan 1. utkast med forslag til arter på tiltaksliste med prioriterte kartlegging og bekjempelsestiltak mot utvalgte planter og ferskvannsarter i hht til denne planen, samt informasjonstiltak levert til referansegruppen.

Saksbehandler i full stilling er tilsatt. Bredt anlagt opp-startsseminar i april 2010.

Informasjonstilak er påbegynt og strategi vil utvikles som følge av tiltak i HP, bl.a. informasjonsplakat frosker på Finnøy. En brosjyre beregnet på massedistribusjon er påbegynt. Bidrar i gjennomføringa av tiltak mot smal vasspest i Bjårvatnet.

01.4 Friluftsliv

Fra 01.01.2010 har fylkeskommunen overtatt det meste av oppgavene knyttet til friluftsliv. FM har fortsatt grunneierrolle i statlig sikra friluftsområder. Vi har god kontakt med FK om saksområdet.

I kommuneplan og reguleringplanarbeidet er friluftsliv, strandsone, landskap og omsyn til barn og unge viktige vurderingsmoment. Til dømes er 66 % av frårådingar til dispensasjonar frå reg.plan er relatert til natur- og friluftsomsyn. Av motsegner til reguleringplanar er 49 % knytt til natur- og friluftsomsyn.

Me registerer ein auka pågang av saker i sikra område der me skal ivareta grunneigarrollen - mange søknader om

tiltak i og nær sikra friluftsområde.

Innsatsen på delområde "Tilrettelegging for jakt og fiske" er nedprioritert de siste årene, men FM gjør nødvendig arbeid knyttet til jegerprøven.

Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

Miljøvernnavdelingen i Rogaland prioriterer ikke direkte eget arbeid med kulturminner og kulturmiljøer ut over det som er vårt ansvar i naturvernområder. Men vi har mange medarbeidere med stor interesse og kunnskap om emnet- primærnæringskapt (fiske, landbruk og utnytting av utmarksressurser i fjellet). Vi bruker denne kunnskapen og dette engasjementet til aktivt å støtte landbruksavdelingen sitt arbeid med med utvalde jordbrukslandskap, RMP og SMIL, i samarbeidet med fylkeskommunen, i planuttaler og øvrig dialog med kommunene. Også i arbeid med sikring av friluftsområde og i utvikling av naturinformasjonssenter (td Kvassheim fyr) legger vi stor vekt på sammenhengen mellom kultur og natur i landskapet. Vi vektlegger verdifulle naturtyper som er kulturskapt – td llynghesi. Det meste av Rogaland er påvirket av menneskelig aktivitet – så dette er et integrert aspekt naturforvaltningsarbeidet vårt.

02.3 Kulturmiljø

Miljøvernnavdelinga:

Viktige kulturmiljø innenfor våre naturvernområder td. arbeid med Kvassheim fyr. God dialog og godt samarbeid med Fylkeskommunen sin kulturavdeling i plansaker. Og godt samarbeid med landbruksavdelingen om regionalt miljøprogram, innretning på SMIL-midler og arbeid med utvalde jordbrukskapte kulturlandskap td. Hodne-Helland- Bø -området på Rennesøy. Stor interesse og kunnskap om kulturmiljø-tema i miljøvernnavdelinga, men me må halde eigen-innsatsen låg for å oppretthalde kapasitet på andre område.

Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

Det er stor aktivitet på dette feltet. Rogaland er eit svært mangfoldig fylke med stor aktivitet på alle område. Det speglar seg i våre utfordringar. Me har famleis samla sett for lang sakshandsamingstid for utsleppsløyver.

Rogaland Fylkeskommune har sett i gang arbeidet med vanndirektivet på ein god måte. Vi har auka ressursbruken i forhold til i 2009.

Vi har mange klagesaker til behandling hos Klif. Det er belastande både for oss og næringslivet at det tar så lang tid å få avgjort klagesaker innan forureininglova. Den lange sakshandsamingstida fører også til tilpassingar fra næringslivet som er på kanten av lovverket.

Særleg mykje merksemd har klager på 9 avslag på utviding av lakseoppdrett i Ryfylkefjordane fått. Desse er enno ikkje avgjort og er frå hausten 2009. Manglande kunnskapsgrunnlag er eit viktig moment i våre avslag. Klageavgjerdene er difor særleg viktige for vidare handsaming av akvakultursaker etter forureiningslova.

Vi har fokusert på farleg avfall på avveie ved våre regionale tilsynaksjonar. Det har ført til meir innlevering av farleg avfall til aktørane i bransjen.

03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

03SO3/03SO4: Arbeidet er satt i gang. Innhenta statusrapport og forslag til vidare arbeid frå NIVA/IRIS. Godt samarbeid med Rogaland fylkeskommune. Fylkesmannen ser for seg å ha møter med alle kommunane i løpet av 2011 og 2012 for å sikre eit best mulig grunnlag for kar/kl.

03.2 Overgjødsling og nedslamming

03SO10 Vi undersøkte tre kommuner; Suldal, Strand og Sandnes mhp mynde på avløpssektoren. Vi fant mindre avvik som så er rettet. Det er noe uklarhet om ansvarsforhold - også mellom kommune og fylkesmann innen klagehandsaming

03SO11 Vi har gjennomført årets kontrollaksjon på kommunale avløpsanlegg. Funn ?

03SO12 utført.

03.3 Oljeforurensning

Fylkesmannen i Rogaland har framleis ikkje utført MOB kartleggingar på land. Vi planlegger å gjøre dette i samarbeid med beredskapsavdelingen vår som en del av videreutviklingen av ROS-Rogaland .

Vi deltar på øvingar i IUA.

03.4 Miljøgifter

03SO13P Varsel om pålegg om tiltaksplan blir send ut i januar 2011 til dei verft som skal ha det.

03SO14 Dette arbeidet har vore nedprioritert grunna manglande tilgang til data og av arbeidskapasitet. Prioritet 1 er ferdig.

03RA 2 og 3 kjem på eige ark.

03.5 Avfall og gjenvinning

03SO16 Vi har sakshandsama og avslått ein søknad om utvida dipensasjon frå deponiforbudet oversendt Klif 13.08.20. Saka vart avgjort i 2011 og vi fekk medhald.

03SO17P og 18P. Vi har fulgd opp deponiaksjonen for 2009. Vi har delteke i alle dei aktuelle regionale/landsdekkende aksjonane, med unntek av deponiaksjonen i mai/juni 2010.

03SO19 Vi gjorde eit stort arbeid i 2005 hvor omrent ein tredjepart har svart. Det vart fulgd opp i 2008. Det har ikke vært kapasitet til å følge dette opp i 2010. Vi spør de større havnene om status for avfall frå skip når vi elles er i kontakt med dei om noke anna

03RA4 Vi spør de større havnene om status for avfall fra skip når vi er i kontakt med dem vedrørende kontroll e.a. Har gjort eit arbeid tidlegare vedrørande dette, men lite i 2010.

03RA5 deponirapportering sendes på eige skjema.

Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

Oppfølging av regional og kommunale klimaplanar er prioritert og en egen saksbehandler på forvaltningsavdelingen som samarbeider tett med plankoordinator har hatt ansvaret for dette. Videre er klimatema vektlagt i arbeid med NTP, revisjon av 4 regionale ATP-planer og i mange kommuneplaner. Fylkesmannen har i 2010 en viktig rolle i oppfølgingen av fylkesdelplan for vindkraft og utarbeiding av regionalplan for mikrokraftverk og landbruk. Arbeid med biogass-innovasjon er en viktig del av Rogaland sin innsats for å redusere klimagassutslippene.

Lokal luftkvalitet og støy

Vi har oppgradert vår kunnskap om støy og har utpekt saksbehandlere som skal ta dette tema spesielt.

Luftskvalitet i byområdene er sjeldent et problem i Rogaland på grunn av topografi og vindforhold. I vinter var det kortere perioder med høyre verdier målt. Regionale samarbeidsaktører involverer oss i dette arbeidet, men vi har ikkje kapasitet til å ta en lederrolle i dette regionalt. Problemene i forhold til folkehelse er lokale og kortvarige -

og ikke så prekære som i fesk Bergen der Fylkesmannen naturlig nok legger stor vekt på dette.

04.1 Klimaendringer

(sjå resultatområde 06)

04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Vi har oppgradert vår kunnskap om støy og har utpekt saksbehandlere som skal tar dette temaet spesielt. Dette er også fokusert i planarbeid.

Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje eigne prosjekt på dette området, men har fagfolk med interesse og kontaktar internasjonalt innan td. våtmark og kulturlandskapsskjøtsel. Me ynskjer over tid - hvis økonomiske ressursar og kapasitet tillet det - å knytt oss til feks Eu-prosjekt i dei baltiske landa eller nordsjøområdet innan våtmark, kulturlandskap og tilrettelegging i verna og sårbare område.

05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Det er framleis høgt tempo og mykje energi som vert lagt ned i Rogaland frå kommunar og regionale styresmakter i planarbeid. Mykje av den offentlege debatten som går der Fylkesmannen er nemnd, handlar om vår rolle i plan- og byggesaker.

Fylkesmannen i Rogaland arbeider framleis avdelingsovergripande med planarbeid. I 2010 har plankoordinatoransvar vore lagt til forvaltningsavdelinga, som også har ansvar for klimaplanarbeid og samfunssikkerhet i plan.

Me har hatt ein grundig intern prosess rundt organisering av planarbeidet. Den har resultert i vidareføring av organisering med planmedarbeidarar / planansvarlege på alle fagavdelignar, men med ein presisering av ansvar for samordning av planarbeidet lagt til miljøvernadvdelinga. Plankoordinatoransvar vert lagt til miljøvernadvdelinga framover, men både landbruk og forvaltningsavdelinga (m.beredskap og klagebehandling etter pbl) vil oppretthalde plansaksbehandlerstillingear som inngår i plangruppe. Denne utgjer 8 peronar og samla innstas for embetet med involverte leiarar, fagavdelingar og støttefunksjonar er ca 10 årsverk. Ein del av fagleg deltaking i regionalplanarbeid (vassdrag/kyst, næringsplan, villreinområde, små kraftverk, osv.) kjem utanom dette.

Tidsperioden for tosidig avtale om "Regional dialog" som var bakgrunn for tett saks-samarbeid innan planområdet mellom Rogaland Fylkeskommuen og Fylkesmannen i Rogaland var over ved årsskiftet 2009/2010. Fylkeskommunen har ikkje ynskje om å vidareføre denne i same form. Me har likevel framleis tett

samarbeid med fylkeskommunen om plansaker. Regionalt planforum er starta opp med avgrensing til overordna planarbeid og sakshandsmarsamarbeid innan reguleringsplan og dispensasjoner held fram. Me har også starta ein prosess og dialog for å få til tettare sdamarbeid med Vegvesenet i planarbeid. Fylkeskommunen er også involvert i det.

06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

6.1

Gjennom uttaler til planer og deltagelse i regionalt planarbeid har embetet hatt stort fokus på areal- og transportplanlegging og øvrige politikkområder innen embetsoppdraget. Regionalt planarbeid har tatt store ressurser i og med at det nå pågår planarbeid for tre større areal- og transportplaner, Jæren, Ryfylke og Haugalandet, i tillegg til at regionalplan for Rogaland, Regionalplan for næring og regionalplan for landbruk er under utarbeidelse. Fokus i ATP arbeidet har særlig vært knyttet til regional utviklingsretning på Jæren, økt kollektivandel, restriktive virkemidler for bilbruk og jordvernhensyn. På Haugalandet har handel, vært et særlig viktig tema.

Det har vært et travelt år for håndtering av kommuneplaner. Mer enn halvparten av kommunene har sendt planprogram/plan på høring. Flere av planene har hatt vesentlige mangler når det gjelder konsekvensutredning og ROS. Embetet har som følge av dette returnert planer uten realitetsbehandling og med krav om ny høring. Håndtering og konsekvenser av planprogram er en annen tydelig utfordring.

Regionale og kommunale klimaplaner er prioritert i 2010. Fylkesmannen har avgitt 10 uttaler til både planprogram, kommunedelplaner eller strategiske notater som skal være grunnlag for innarbeiding av energi og klimaplaner i kommunenes kommuneplaner.

Energi- og klima er vurdert i alle kommuneplaner som er sendt på høring.

Videre har FM, sammen med KS og Rogaland fylkeskommune i mai 2010 arrangert et seminar med kommunale klima- og energiplaner som tema. Seminaret var spesielt rettet mot kommunene som på det tidspunktet ikke hadde kommet i gang med planarbeidet.

For klima- og energiarbeidet generelt er mangelen på virkemidler ved manglende oppfølging fra kommunene opplevd som et problem. Generelt sett er kommunens klimaplaner ambisiøse, men mangler ofte realistiske og konkrete tiltak for måloppnåelse.

I samarbeid med KS og Rogaland fylkeskommune er det gjennomført to-dagers kurs i reguleringsplanlegging for plansaksbehandlere i kommunene og regionale styresmakter. Fylkesmannen har også holdt et minikurs over samme tema for planmedarbeidere på Haugalandet.

Videre er det avholdt seminar om Naturmangfoldsloven, der ett av temaene var sammenhengen mellom plan-og bygningsloven og naturmangfoldsloven.

Kommuneundersøkelsen ble offentliggjort i 2010 Fylkesmannen i Rogaland fikk dårlige tilbakemeldinger, særlig for håndtering av planområdet. Det har vært mye negativ presseomtale både før og etter undersøkelsen ble offentliggjort. Embetet har hatt omfattende gjennomgang med henblikk på kommunikasjon og mediehåndtering som følge av dette.

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bideledd og rettssikkerhetsgarantist

Avvik: Vurdere juridisk holdbarhet av kommuneplaner med bestemmelser. Som for fjoråret er ressurser til dette arbeidet fjernet for å fokusere på behandling av byggesaker.

Det er gjennomført 12 meklinger i 2010, mot 16 i 2009. I flertallet av sakene er det oppnådd enighet lokalt. 4 saker er sendt eller vedtatt oversendt til departementet for endelig vedtak. I den forbindelse er det gjennomført 2 befaringer med departementet.

06.3 Samordning av statlige interesser

Embetet har avsluttet sitt arbeid med vurdering og forslag til endringer når det gjelder intern organisering av planarbeidet. Arbeidet har resultert i endret organisering. Planarbeidet har fått en sterkere forankring i miljøvernnavdelingen med fylkesmiljøvernensjefen som ansvarlig for det samlede planarbeidet. Koordinator er flyttet til miljøvernnavdelingen.

Planforum er igangsatt i Rogaland. Oppslutningen har vært god og tilbakemeldingen fra kommunene er så langt positive. Utfordringen er å finne en egnet arbeidsform som ikke krever for mye ekstra ressurser.

Det er også opprettet et fast møtepunkt med Statens vegvesen for å styrke samarbeidet med dem. På møtene deltar Fylkesmannen, Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

06.4 Kart og geodata

Etablert ny programvare for Temakart-Rogaland. Vesentlig lettere drift har gjort portalen meir aktuell, bl. a. med ferske naturtypedata og tema om svartelistearter, rødlistearter og skrå flyfoto av viktige natur- og kulturlandskapsområder. Eget digitaliseringstema for svartelistearbeidet. Digitaliseringsmodulen i temakartportalen tatt i bruk av vår hovedkonsulent for naturtypekartlegging.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Avdelingen sliter med å avsette tilstrekkelig ressurser til informasjonsarbeid. Miljøstatus: Arbeid med oppdatering og videre utvikling er nedprioritert grunna kapasitsproblem.

Vi har en superbruker på Forurensning.

Vi legger fortløpende inn nye løyve og kontollraptorer.

07.3 Virkemidler og prosesser

Vi har i år gitt 28 nye løyve, endra 6 løyver og avslått 10 søknadar om løyve. Vår oppfølging av egenkontrollrapportene kunne vore betre, vi er ikkje fornøgd med informasjonen vi får frå AltInn.

07SO15 Alle løyve som kjem inn under dei nye forskriftskapital vert fuld opp med tilsyn. Så vert det avgordt om løyva skal trekkjast.

07SO16

Talet på tilsyn har auka dette året. Vi har gjennomført 190 kontollar mot 69 i 2009. Vi hatt fokus på å komtrollera handtering av farleg avfall hjå ulike aktørar.

07RA4

Vi har ikkje anmeldt nokon verksemd dette året. Vi har fulgt opp ein anmelding som vert send i desember 2009. Det har vore arbeidskrevjande.

Vi varsler og fastset tvangsmulkt rutinemessig. Har varslet tvangsmulkt i 31 tilfelle, vedtatt 11 og inndrevet 2.

07SO17P

07SO18P Vi har delteke i alle dei tre landsdekkande kontrollaksjonane. Vi har og delteke i dei regionale aksjonane.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 1 263 932,73	kr 2 828 006,82
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 4 237 748,36	kr 448 238,60
04 Luftforurensninger og klima	kr 257 400,54	kr 200 000,00
05 Int. miljøsamarbeid i nord- og polarområdene	kr 287,04	kr 0,00
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 3 586 042,27	kr 0,00
07 Andre virkemidler	kr 1 809 384,66	kr 1 047 033,29
Andre oppgaver under MD	kr 432 352,39	kr 0,00
Sum:	kr 11 587 147,00	kr 4 523 278,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

I løpet av 2010 har Fylkesmannens landbruksavdeling vore engasjert i arbeidet med å utarbeide forslag til Regionalplan for landbruk i Rogaland. Etter avtale med fylkeskommunen har landbruksavdelinga tatt på seg det faglege utgreiingsarbeidet. Planen blei sendt ut på høyring i november 2010, og det er lagt opp til endeleg behandling i Fylkestinget før ferien 2011. Gjennom heile prosessen med utarbeiding av planen har det vore eit nært samarbeid med Rogaland fylkeskommune. Arbeidet med planen har også vore med på auke fokuset på landbruket i fylket og landbruksnæringa er synleggjort på ein positiv måte.

21.1 Jordbruk

Utviklingstrekk og drivkrefter

Rogaland har om lag 1 million dekar jordbruksareal. 95% av jordbruksarealet i fylket blir nytta til grasdyrkning og vidare er om lag 40% av det totale jordbruksarealet nytta til beite. Dette store grasarealet er grunnlaget og føresetnaden for at Rogaland har om lag 20% av dei grovförbaserte produksjonane i landet som mjølk, storfe og sau. I tillegg har fylket om lag 30% av dei kraftförförproduksjonane i landet som gris og fjørfe, produksjonar som krev relativt lite jordbruksareal til förproduksjon, men som krev vesentlege areal for spreiing av husdyrgjødsel. I sum gir desse store produksjonsvoluma på eit avgrensa areal, miljø- og naturbaserte utfordringar. Landbruksaktørane i fylket arbeider med desse utfordringane. I det store og heile er det bra trøkk i landbruket i Rogaland. Målet er klart – Rogaland skal halde sin posisjon som landbruksfylke.

I kortform kan vi peike på desse sentrale utviklingstrekkene og drivarane for jordbruket i Rogaland;

Sentraliseringa gjeld ikkje berre folk, men også dyr, helst mjølkekyr, gris og fjørfe. Utviklinga er tydeleg i – mjølka renn til dei mest sentrale jordbruksområde – og dei sentrale områda har alt det meste av gris og fjørfe. Truleg vil denne trenden halde fram, trass regionale (mot-)tiltak. Denne utviklinga fører til ekstensivering av grasproduksjonen og husdyrhaldet i distrikta. I sum vil vi då få ein mindre produksjon basert på areal som berre kan nyttast til grasproduksjon. Areal i beste klimasone som kunne vore nytta til produksjon av korn, potet og grønnsaker blir i staden nytta til grasproduksjon. Resultatet vil vere redusert utnytting av potetsialet for auka matproduksjon. Vidare vil ytterligare sentralisering forsterke miljøutfordringane. Vi arbeider for målet om landbruk og mjølk i heile fylket, nettopp for å ha eit aktivt landbruk i heile Rogaland.

Rekrutteringsutfordringa vil bli stor – ”alle” vil ta over gardsbruk, men rekrutteringsutfordringa er knytt til kven av desse som vil drive aktivt og profesjonelt vidare sjølve. Arbeidsmarknaden i Rogaland har vore god og vil truleg vere det også framover. Slike ”omgivnadar” vil truleg vere ein av dei største påverkarane for det rogalandske landbruk og for bygdene. Mange bønder vel arbeid utanom gardsdrifta som hovudyrket. Andre

sektorar enn landbruket vil i framtid ha behov for meir arbeidskraft, og avstanden mellom lønsemada i landbruket og inntekt frå andre jobbtilbod er stor. Det er då sannsynleg at stadig fleire bønder vel alternativet med arbeid utanom landbruket, og leiger bort jorda eller legg om til meir ekstensiv produksjon. Dei volumbaserte produksjonane i fylket føreset bønder som vil satse og at desse har eit naudsynt ressurs- og kapitalgrunnlag for satsinga.

Miljøutfordringane har vi arbeidd med lenge og systematisk i Rogaland, og merksemada er retta mot å finne gode løysingar. Vassforskrifta som er innført utfordrar landbruket til å drive meir miljøvenleg. Utfordringa ligg i å redusere næringsavrenninga til vassdraga, sjå og rapportering under 22. Rogaland har eit høgt dyretal og overskot av husdyrgjødsel. Landbruk vil i stadig større grad bli utfordra på "klimafloka". Vår inngang er at landbruksfylket Rogaland også skal greie denne utfordringa.

Nyskaping. Landbruket i Rogaland har store fortrinn i form av driftige og offensive bønder, og gode klimatiske og agronomiske tilhøve. Dernest kjem ein sterkt landbruksindustri, primært innan foredling av næringsmiddel, men også innan produksjon og sal av innsatsfaktorar til landbruket. Med dette som plattform, er det i Rogaland utvikla og etablert godt nettverk for auka samhandling innan matområdet. Utfordringa ligg i å auke innovasjonsgraden gjennom samspelet i matklynga og at dette også gir meirverdiar for bøndene.

Kompetanse er ein viktig føresetnad for god konkurranseskraft i alle landbruksrelaterte næringar. Vidare vil rett kompetanse truleg også vere viktig for attraktiviteten og status til bondeyrket. Det skjer spanande ting på kompetansefronten i landbruksfylket Rogaland, det vere fagskuleprosjekt, samordningstiltak av ulike kompetansemiljø, utvikling av kvalitetssystem – og eit mangfald av tilbod som både retter seg mot kunnskap, haldningar og ferdigheiter. Fylkeskommunen har eit spesielt oppdrag på kompetanse, rekruttering og likestilling. Det vi i tida framover bli arbeidd med regional strategiar for desse viktige områda.

Den viktige variasjonen – både tunge sentrale jordbruksmiljø og aktivt distriktsjordbruk

Eit attraktivt og variert landbruk i heile Rogaland er viktig for å oppretthalde og styrke produksjonane. Sentrale stikkord er ressursutnytting, sysselsetting, verdiskaping, spreidd produksjon, mindre miljøkonsekvensar og legitimitet for den nasjonale landbrukspolitikken. I Rogaland er Jæren og andre sentrale jordbruksområde sjølve motorane i landbruksfylket. Vi vil då nytte denne rapporteringa til å gjere eit ekstra fokus på Jæren og siste jordbruksoppgjer;

Eige driftstillegg "Kumjølk Jæren" (kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time og Randaberg) kom som resultat av jordbruksoppgjeret 2010. Vi meiner dett både var overraskande og uheldig. Vi har over lang tid meint at distrikta i Rogaland bør vere eigen omsetnadssone for kjøp, sal og leige av mjølkekvotar. Dette har vi også kommunisert i fleire uttalar til jordbruksoppgjeret. Regionalplan for landbruk i Rogaland (no på høyring) har også dette som målsetnad. Vi vonar ikkje at Jæren som eige nivå for driftstillegg er avtalepartane sitt svar på sentraliseringa av mjølkeproduksjonen i Rogaland. I så fall er svaret galt.

Eit lågare driftstillegg for Jæren fører ikkje til anna enn forargning. Vi snakkar om ein region med dei største landbruksinvesteringane i landet. Vi ber om at Jæren får eit driftstillegg på same nivå som Sør-Norge. Når det gjeld Rogaland som to kvotesonar – så er vårt bodskap det same som for tidlegare år; Distrikta i Rogaland må bli eigen omsetnadsregion for kjøp, sal og leige av mjølkekvotar.

Beitebruk og tapsstatistikk

I statistikken for organisert beitebruk (OBB) for 2010 utgjer tapa 3,95% for lam og 2,08 % for sau, og Rogaland er det fylket med lågast tapsprosent. Til samanlikning er det fleire fylke der tapsprosenten er tre gonger høgare. Mange sauebønder har store beiteareal heime på garden, og dette er hovedforklaringa på at tilslutnaden til OBB er relativt låg i Rogaland.

Sekretariat for rovviltnemnda

Fylkesmannen i Rogaland har sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i Region 1 (Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Landbruksavdelinga samarbeider med miljøvernavdelinga om dette arbeidet.

Husdyrkonsesjon- svin og fjørfe

Det blei behandla tre søknader om husdyrkonsesjon. I ein av dei tre purkeringane i fylket blei antal satellittar redusert frå 12 til åtte, og ein slaktekyllingprodusent fekk mellombels konsesjon for 2010 med 140.000 dyr etter utbrot av botulisme og lågare produksjon året før. Dessutan blei det gitt avslag på søknad om konsesjon med 285.000 slaktekyllingar.

Med bakgrunn i opplysninga i Leveranseregisteret for slakt blei det sendt ut brev til 34 produsentar med ervervsmessig husdyrhald. Breva galdt den såkalla 15%-regelen om at det er lovleg å produsera inntil 15% over konsesjonsgrensa/tildelt konsesjon det eine året mot at produksjonen blir redusert tilsvarende året etter. Vidare hadde vi etter denne bestemmelsen tre saker på slaktekylling med økonomisk reaksjon på i alt kr 25.575 samt ei sak på slaktegris med ein økonomisk reaksjon på kr 13.500.

Veterinærtenestene

Rogaland har i 2010 behandlet 172 søknader og utbetalt kr 2 230 933 i refusjon til veterinære reiser. Veterinærene sender inn søknadene kvartalsvis.

Rogaland har i 2010 fått tildelt kr 7 851 074 i kommunal veterinærtjenester inkludert administrasjonstilskudd, mot kr 7 564 384 i 2009. Stimuleringstilskudd er ikke aktuelt i Rogaland.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMRO	42194	63387	22,5	2,08	3,95	2,97	2,99
Sum	42194	63387	0	0	0	0	

21.2 Skogbruk

Rogalandsskogbruket er sett på dagsorden gjennom ein rekke regionale planar, der det er fokus på vediskaping og klima. Regionalplan for energi og klima i Rogaland, vedteken i mars er siste styringsdokument ut, der ein m.a. legg opp til å tilplante 6000 daa med attgroingsmark årleg fram til 2020. Dette vil i full produksjon svare til ei årleg netto binding på 100 000 tonn CO₂.

Rogaland er ein del av nettverket Kystsksogbruket. Dette saman med løvvinga til kystsksogbruket over statsbudsjettet gjer det mogleg å satse vesentleg meir enn det elles ville vore mogleg å få til. Samarbeidet over fylkesgrensene gjer også at arbeidet blir meir kostnadseffektivt og kompetansehevande.

Hovudutfordringa framover blir å prioritere ressursbruk inn mot dei viktigaste tiltaka og omsetje dette i praktisk handling. Landbruks og matdepartementet (LMD) har vidareført ein eigen tilskotspost for kystsksogbruket i budsjettet. Det er oppmuntrande og motiverande for det vidare arbeidet.

Avverking

Hogsten auka frå 84 000 m³ i 2009 til 96 000 m³ i 2010. Dette er nest høgaste registrerte hogstnivå. Hogsten har siste 3 åra stabilisert seg på eit høgt nivå samanlikna med tidlegare år.

Juletrefylket Rogaland viser også svært godt igjen på statistikken for 2010, med i alt 155 000 juletre innrapportert til VSOP. Førstehandsverdien er dobla frå 10 mill kroner i 2009 til 20 mill kroner i 2010. Dette er også ein kraftig auke samanlikna med 3 – 5 år tilbake. Samla førstehandsverdi frå skogbruket utgjer då litt i underkant av 50 mill kroner.

Fylkesmannen har i samarbeid med næringa fokusert mykje på informasjon og kurs om skogfond og måleplikt. Dei fine tala vi no ser er eit resultat av målretta arbeid over fleire år mot juletrepodusentane. I tillegg har vi fått på plass ei støtteordning gjennom Innovasjon Norge til utviding og nyetablering av juletrefelt som bidreg til at næringa ekspanderer ytterlegare.

Gran utgjer heile 80 % av all innrapportert hogst, og hovudtyngda skjer i ung hogstklassa fire. Dette betyr at granskogen i fylket blir kraftig overavverka. Vi ser også ein markert auke i hogst av furu dei siste to åra.

Furuhogst medverkar til å frigjere mykje god mark for planting med vesentleg større verdiskaping og CO₂-binding. Ein tydeleg tilskotsprofil for bruk av taubanetilskot til furu og lauv har også bidrige til større hogstaktivitet på desse treslaga.

Hogst av ung granskog er ei stor utfordring av fleire grunnar: 1) lønnsemda for skogeigar blir unormalt låg fordi både kvalitet og kvantum blir langt under det optimale. 2) verdiskapinga for samfunnet blir unormalt låg, 3) framtidig hogstkvantum vil måtta reduserast dramatisk og 4) lagringskapasiteten av CO₂ blir svært låg i forhold

til det optimale.

Utviklinga vi no ser er ikkje berekraftig utnytting av dei beste skogareala og den beste skogen med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO₂-binding. Fylkesmannen meiner det er nødvendig med endringar i lovverket for å sikra at samfunnet på nytt kan sikre berekraftig næringsmessig bruk av skogareala - og skogen kan fungere meir optimalt som positiv faktor i klimasamanheng.

Skogkultur

Det er framleis ei urovekkande utvikling i haldningane til å sikre framtida med kvalitetsskog og høg CO₂-binding.

Planting etter barskoghogst gjekk opp frå 600 daa til 1100 daa i 2010. Dei siste 8 åra er det i gjennomsnitt berre planta 600 daa etter barskoghogst. Avskoging av dei beste skogareala med den beste skogen held altså fram i stort tempo. Dette skjer trass i at Fylkesmannen på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, bl.a. gjennom prosjektarbeid. Vi opplever at fleirtalet av kommunane har eit ”avslappa” forhold til denne utviklinga.

Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 5 åra er det oppstått eit stadig større avvik mellom snauhogd areal, og det som faktisk blir foryngja med kvalitetsskog. Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep på 10 000 daa, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på minimum 3500 – 4000 daa dei første tre til fem åra.

Aktivitet planting siste 5 år:

- 2006→ 980 daa
- 2007→ 980 daa
- 2008→ 870 daa
- 2009→ 1120 daa
- 2010→ 1480 daa

Investeringane i ungskogpleie er små i forhold til behovet. Det er også her eit stort etterslep og aktiviteten burde vore 3–4 gonger høgare for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO₂-binding. Mesteparten av arbeidet blir utført av utanlandsk arbeidskraft, organisert gjennom næringa og kommunane. Det finst utanlandsk arbeidskraft som kunne vore utnytta enda betre, men dette fordrar at kommunane skaffar rasjonelle oppdrag.

Aktivitet ungskogpleie siste 5 år:

- 2006→ 1700 daa
- 2007→ 1600 daa
- 2008→ 2200 daa
- 2009→ 2200 daa
- 2010→ 1800 daa

Skogsvegbygging

I forhold til behovet er nybygging av skogsvegar svært liten. Totalt blei det ferdigstilt 16 km i 2010. I forhold til tilgjengelege tilskotsrammer, skogfond mv. er det likevel bra samsvar. I perioden 2004 – 2010 er det ferdigstilt berre 3 km med nyanlegg skogsbilveg. Dette er urovekkande.

Manglande rettleatingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmende på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg, utan at dette så langt har gitt resultat.

Oversikt siste 5 års periode

- 2006 → 7 km
- 2007 → 4 km
- 2008 → 10 km
- 2009 → 13 km
- 2010 → 16 km

I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Vegbygging er ei grunnlagsinvestering på linje med sjølve skogreisinga, og difor er tilskotsrammer og andre offentlege vilkår avgjeraande for tempoet i å gjøre skogareala tilgjengelege for drift. Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt.

Tiltaksapparatet og kompetansen for å mobilisere/få fram gode vegprosjekt er kraftig nedbygd. Vi registererer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt og enkelte kommunar dels kvir seg for å tak i arbeidskrevjande større fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegløysningane. Vi har fått på plass eit samarbeid om vegplanleggjar med Hordaland gjennom Vestskog BA, som kan ta på seg prosjektering på ein del større veganlegg. Det er likevel slik at det ligg mykje arbeid og kontakt ut mot skogeigarane før ein kan gå i gong med prosjektering.

Hovudplan for skogsvegar har hatt høg prioritet i 2010, der vi m.a. har vore ute i de fleste kommunar for å starte hovudplanarbeidet og bidra med hjelp. Vi er relativt godt i rute og reknar med å ha på plass hovudplanar i dei aller fleste av dei største skogkommunane i 2011. Med bakgrunn i ressurssituasjonen hos Fylkesmannen har vi vore avhengig av å kjøpe inn ressursar for å kunne bistå kommunane i arbeidet, og ikkje minst for å kunne innfri tidsplanen i eit av fellesprosjekta i oppfølginga av Kystskogmeldinga, der alle kystfylka må vere i mål med dette arbeidet i løpet av 2011.

Taubane og hest

Utbetalingane har gått litt ned frå 530 000 kr i 2009 til 390 000 kroner i 2010. Der tatt ut i alt 2500 m³ med taubane. Dette er i all hovudsak furu- og lauvdrifter.

Oversikt siste 5 års periode

- 2006 → 70 000 kr → 1200 m³
- 2007 → 130 000 kr → 1000 m³
- 2008 → 150 000 kr → 1100 m³
- 2009 → 530 000 kr → 4000 m³
- 2010 → 390 000 kr → 2500 m³

Rogaland har ein klar tilskotsprofil, der vi ønskjer aktivitet i furu- og lauvskogen, medan hogst av gran med taubane i prinsippet skal vere sjølvberande.

Miljøtiltak i Skog

Dette ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2010.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har heller ikkje blitt prioritert i 2010.

Andre tiltak i skogbruket

Her er det løyvd midlar til eit prosjekt på ekstra skogkultursatsing med oppsøkjande verksemd/rettleiing – totalt 86 000 kroner i Lund kommune. Vi ser at dei kommunane som prioriterer innsats og får inn dyktige folk til dette arbeidet, også viser godt igjen på statistikken.

Spesielle midlar til kystskogbruket

Løyvinga for 2009 var 9 mill. kroner til fordeling på ti fylke, der Rogaland fekk tildelt 0,9 mill. kroner. Av dette er 355 000 kroner løyvd til dei ”gamle” ordningane bl.a. virkesomsetning, korte skogkurs og informasjon/kompetansehevande tiltak.

Resten er nytta til felles prosjekt i regi i Kystskogbruket, m.a. ”Taubaneprosjektet”, ”Vegprosjektet” og til konkrete investeringar i infrastruktur - kaier m.m.. Det er rapportert særskilt og meir utfyllande til SLF om bruken av desse midlane.

Kurs og informasjon

Avsett ramme for 2009 var på kr 70 000, og heile ramma er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne og nødvendige midlar for område mest utan rentemidlar og næringsstøtte. Vi ser auka kompetanse verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane.

I tillegg er det løyvd litt midlar til generell informasjon og støtte til Aktivt skogbrukskurs.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har heller ikkje i år hatt kapasitet til verken å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot

Resultatkontrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men manglende kompetanse set grenser for kvaliteten på arbeidet.

Resultatkontroll av forynging og miljø

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 20 felt. Det er kontrollert 16 hogstfelt fra 2007 og 4 plantefelt fra 2009. I tillegg er det på bakgrunn av ”skogplantebrevet” fra statsråd Brekk kontrollert 51 hogstar av gran i perioden 2006-2007. Fordi vi ved utveljing av kontrollflater prioriterte dei største hogstflatene, utgjer desse hogstflatene nær halvparten av hogstkvantum av gran desse to åra.

Resultata frå kontrollen har avdekkja alarmerande lite forynging av hogstflatene og stadfestar i stor grad at vi driv med avskoging på dei beste skogareala med den beste skogen. Berre 15 av totalt 71 hogstfelt er tilfredstillande forynga. 50 % av hogstflatene går ut av skogproduksjon – blir avskoga. Det vil seie anten er godkjent omdisponert, eller er under omdisponering (ikkje godkjent). Berre 25 % av dette arealet er førebels godkjent til innmarksbeite. Resten er, sjølv etter 3 -4 år, såkalla felt under omdisponering til innmarksbeite. Det er uheldig at areala blir liggjande brakk utan ein tilfredstillande produksjon, anten som jordbruk eller skogbruk.

Av den andre halvparten av hogstflatene, dvs. den delen som skal bli skogsmark, er 18 av 37 flater ikkje forsøkt forynga. Etter 3 til 4 år på høg og til dels super bonitet er det krattskog og anna ukrut som gjerne dominerer på slike flater.

Kontrollen fangar også opp alder på skogen ved hogsttidspunkt. Det går fram at storparten av grana blir hoggen lenge før den er hogstmoden. Av 71 kontrollfelt er 51 hogd i hogst klasse 4 (48 stk), eller i hogstklasse 3 (3stk). Av det som er hogd i hogstklasse 4 er over 50 % av flatene ein ung hogstklasse 4. Dette er langt frå optimalt med tanke på både verdiskaping og mest mogleg CO₂-fangst.

Kontrollresultata er godt utgangspunkt for Fylkesmannen for oppfølging av både kommunar og enkeltskogeigarar. Det satsast dessutan på å ta nye kontrollar i felt i 2011.

Juletre

Responsen på BU-støtte til investeringar til nyetablering og vidareutvikling av rasjonelle driftseiningar/plantasjar for juletproduksjon har vore svært god i 2010 med om lag 20 søknader. Dette har resultert til at ein har valgt å justere ned tilskotssatsen for 2011 til maks 30 % av godkjent kostnadsgrunnlag.

Fylkesmannen har over fleire år arbeida målretta for å få salet rapportert gjennom virkesdatabasen, og for å nytte skogfond til investeringar. Begge delar har lukaast rimeleg godt, og juletredyrkarane er no langt flinkare til å nytte skogfond enn den tradisjonelle skognæringer i fylket.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeidet med regionale aktørar innan næringsutvikling

Generelt kan vi sei at det er stort fokus på regionalt samarbeid i Rogaland. Fokuset har ikkje blitt mindre etter regionreforma kor fylkeskommunen skal styrkast som regionalpolitisk utviklingsaktør. Dei mest sentrale stikkorda for regionalt samarbeid innan landbrukspolitisk næringsutvikling er VRI, Regionalt Utviklingsprogram (Rup), Strategi for landbruksbasert næringsutvikling, Kompetanse/rekruttering og likestilling, NCE Culinary/Måltidets Hus, biogass, Skape.no og dei regionale næringsutviklarane. Første 3-års periode av VRI (VRI 1) er no historie og VRI 2 har starta opp f.o.m. 2011. På landbruksområdet er det satsingsområda mat og energi som er dei mest interessante og viktigaste – desse strategiske næringsområda bygger opp under Matfylket

Rogaland og Energifylket Rogaland. For 2010 har vi nytta heile kr 600.000,- til VRI 1 – og våre erfaringar så langt er at VRI er krevjande å få til. Målet er meir FoU i bedriftene/bransjane – og VRI skal sørge for at FoU og bedrift møtast og at det skjer samhandling. Fylkesmannen si landbruksavdeling skal gjennom fokus på heile verdikjeda etter vår meinung først og fremst arbeide for at det blir skapt større meirverdiar for bøndene. Generelt er dette ei stor utfordring – men våre erfaringar så langt er at VRI Rogaland slit med å finne FoU utfordringar/muligheter på primærleddet direkte eller som omfattar bonden indirekte. La oss likevel understreke at det er ein viss positiv dynamikk i retning bonden. Trass denne omtalen av VRI, er vi fortsatt med i VRI 2 og kjem til å gå inn med økonomisk bidrag og arbeidsinnsats.

Regionalt Utviklingsprogram (Rup) har lang tradisjon i Rogaland og fylkesmannen er ein del av partnarskapen. Rup er eit fylkespolitisk handlingsprogram, som materialiserast gjennom delfinansiering av mange utviklingsprosjekt (totalt blei det i 2010 gjennom Rup fordelt om lag 33 millionar kroner til prosjekt innan næringsutviklingstiltak, kultur, planformål og kompetanse). ”Kjernepartnarskapen” er fylkeskommunen, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen si landbruksavdeling. Fylkesmannen nytta i 2010 om lag 65% av sine utviklings- og tilretteleggingsmidlar gjennom Rup. Rup-arbeidet har utviklingspotensial.

I 2010 starta fylkeskommunen arbeidet med Regionalplan for næringsutvikling, kor fylkesmannen er med både i sekretariatet, i arbeidsgrupper og referansegruppe. Denne planen skal etter arbeidsplanen endeleg behandlast før sommaren 2011, og eit av tiltaka vidare vil vere å gjere utviklingstiltak innan Rup-arbeidet. Regionalplan for landbruk er også i prosess og skal også bli sluttbehandla til sommaren 2011. Samanhengen mellom næringsplanen og landbruksplanen vil konkretiserast i m.a. årlege fylkespolitiske handlingsprogram.

Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland omfattar bruken av dei økonomiske og menneskelege ressursane hjå Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og i Regionalt utviklingsprogram.

Strategien for 2011 er i hovudsak ei vidareføring av strategien for 2010, då vi ventar med ein større revisjon til ny Stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken og Regionalplan for landbruket i Rogaland ligg føre. Og i 2010 har den regionale strategien prioritert dei grovförbaserte produksjonane og distrikta. I større grad enn tidligare tek strategien for 2011 tak i viktige miljømessige utfordringar. Strategien er utarbeidd i partnarskap med flagala, Innovasjon Norge Rogaland og Rogaland fylkeskommune.

Bruken av bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) er mest sentral i strategien. BU-midlane skal nyttast til å legge til rette for næringsutvikling med utgangspunkt i landbruket sine ressursar. Næringsutvikling omfattar både tradisjonelle og nye landbruksnæringar. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2011 nytte inntil 30% av tilskotsmidlane, mot 40% i 2010 og om lag 15% av rentestøttemidlane til nye næringar. Minimum 70% av tilskotsmidlane skal med andre ord gå til det tradisjonelle landbruket i Rogaland, og då med ei heilt klar prioritering av dei grovförbaserte produksjonane.

Det er mange meininger om korleis BU-midlane til Rogaland bør innrettast og prioriterast. Partnarskapen som står bak strategien er klar på at prioritering er viktig. Utgangspunktet er at den totale BU-potten er for liten. Til dømes har Innovasjon Norge Rogaland i 2010 ei total BU-ramme for tilskot på 28,3 millionar kroner. Ut frå behov og etterspurnad kunne ramma vore mangedobla. Når tilskota både skal nyttast til nye og tradisjonelle næringar, samt delt på fleire verkemidlar/tiltaksgrupper, må det streng prioritering til. I tillegg til klar prioritering mellom nye og tradisjonelle næringar og av dei grovförbaserte produksjonane, skal om lag 70 % av tilskotsmidlane og rentestøtta gå til distrikta i Rogaland. Dette distriktsmålet galdt også i 2010, og vi nådde dette målet.

Fylkeskommunen har frå 2010 eit særskilt oppdrag på kompetanse, rekruttering og likestilling i landbruket. Fylkesmannen og fylkeskommunen har vore i dialog om korleis fylkeskommunen skal ”administrere” sine øyremerra midlar på desse områda. Dialogen held fram og vi vonar at ressursane i stor grad blir nytta i høve til dei strategiane som kjem i regionalplan landbruk.

NCE Culinology og Måltidets Hus AS (MH) representerer dei to store bautaene i matsatsinga, både regionalt og nasjonalt. Klyngebaseret næringsutvikling tar tid. MH er relativt nytt. Auka samhandling har høg priorititet framover. Fylkesmannen er partnar i NCE Culinology. Vi registrerer at også denne klynga treng modningstid før resultata kjem. Etter første 3-års periode ser vi no teikn på resultat som gir industrielle resultat – og med det vonleg også meirverdiar for bonden.

Arbeid for å få igang produksjon av biogass av husdyrgjødsel har vore høgt prioritert siste året i Rogaland. Fornybar energi, reduksjon av klimagassar og andre miljøutfordringar ligg bak engasjementet. Vidare skal satsinga gi svar på dei nasjonalpolitiske forventningane. I sum handlar dette om framtidig konkurransekraft for

landbruket i Rogaland. Fylkesmannen har i 2010 lagt ned mykje arbeid i å få biogass på dagsorden og ikkje minst, få realisert anlegg. Fylkesmannen si landbruksavdeling tok ansvar for gjennomføringa av ei forstudie for å greie ut interesse og grunnlag for vidare arbeid mot eit ARENA prosjekt. Resultatet av innsatsen i 2010 er at vi i byrjinga av 2011 har fått i gang eit Arena Biogass forprosjekt. Dette arbeidet skal vere ferdig i april 2011 og målet er å få opp eit 3-årig hovedprosjekt Arena Biogass. I 2010 blei det køyrd mange prosessar for involvering og avklaring av interesse for biogass i Rogaland, m.a. som dialogmøte i VRI.

Skape.no er etablerarsenteret for Rogaland. Året 2010 representerer ein milepæl for senteret, fordi no er alle 26 kommunane med! Skape.no starta i 2007 som eit Rup-prosjekt og har utvikla seg som ei førebileteleg regionalt satsing. Fylkesmannen er formell partner i Skape.no og landbruket i Rogaland får gjennom senteret og distriktskonsulentane god etablerarhjelp.

Distriktskonsulentane våre er ei regional satsing, finansiert gjennom eit spleislag mellom kommunane, Innovasjon Norge Rogaland og fylkesmannen. Det arbeidast med at også fylkeskommunen blir med i dette laget. Arbeidsgivaransvaret ligg til fylkesmannen. Dei fire konsulentane nytta nær halve arbeidstida til etablerarhjelp og i 2010 har nær 300 enkeltetablerar fått hjelp av desse 4 næringsutviklarane, først og fremst landbruksbaserte næringer. Konsulentane arrangerer møte innan gards- og bygdeturisme, matproduksjon og –foredling, grønt reiseliv og utmarksnæringer. Dei er også aktive innan ulike satsingar som Inn på tunet, juletreproduksjon, mjølkeprosjekt og reiselivsatsingar. Generelt står mobiliseringsarbeid høgt på arbeidsplanen. Konsulentane er også viktige innan lokal næringsutvikling gjennom kontakt og samarbeid med kommunane, kommunale og interkommunale vekstselskap, reiselivsselskap, samt ovanfor regionale aktørar som Skape.no og fylkeskommunen.

Bruken av BU-midlane

Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2010 var førande for BU-midlane i 2010. Som tidlegare omtalt gir strategien prioritering mellom nye næringer og tradisjonelt landbruk og distrikt kontra Jæren - samstundes som dette er ein strategi for dei grovförbaserte produksjonane og at miljøutfordringane i større grad enn før skal prioriterast.

Innovasjon Norge sine BU-midlar

I 2010 løvvde Innovasjon Norge Rogaland vel 31,2 millionar kroner i BU-tilskott og 55,2 millionar kroner i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar. Tilskotta er delt på 126 prosjekt og rentestøtta på 33 prosjekt.

29% av tilkotta gjekk til Jæren og med det er målet om 70% til distrikta nådd. Vel 64% av tilskotta har gått til strategiområdet mat.

Prioriteringa som den regionale strategien legg foringar for er viktig i Rogaland, då behovet er så mykje større enn den ramma Innovasjon Norge Rogaland årleg disponerer til investeringar og utvikling av primærlandbruket.

Fylkesmannen sine BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Løvingsfullmakta var i 2010 på kr 5.200.000,- og det blei dratt inn kr 480.539 og overført frå 2009 kr 38.291,- noko som ga ei total løvingsramme på kr 5.718.830,-. Heile ramma blei nytta på 45 enkeltsaker. 4 saker blei avslått.

Fordelinga av midlane på strategiområde i prosent. Tala for 2009 i parentes.

- Mat 44% (29%)
- Økologisk 7% (11%)
- Trevirke 2% (0)
- Bioenergi 7% (4%)
- Reiseliv og opplevingsproduksjon 10% (19%)
- Inn på tunet 3% (4%)
- Andre produksjonar 27% (33%)

Nokre sentrale satsingar

I 2010 var heile 4 mjølkeprosjekt i Rogaland i aktivitet, alle med mål om å halde mjølka ute i distrikta. Vi er i Ryfylke, Finnøy/Rennesøy, Haugalandet og Dalane. Den enkelte regionen finn si form og dei lærer av kvarandre. Det er mykje motkonjunkturarbeid i desse satsingane – det handlar mykje om å hindre fråfall og/eller stoppe mjølkestraumen til dei sentrale jordbruksområda i fylket.

Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland er ei 3-årig satsing. Resultatmålet for satsinga er 5% auke i tal vinterfôra sau og 15% avdrâtsauke (kg tonn kjøt levert slakteri). Stoda i sauehaldet i Rogaland er god og satsinga har blitt godt motteke. Tal sauebønder i fylket er stabilt og tal vinterfôra sau har auka med 3,7% frå 2009 til 2010.

Folkefjøset på Jæren er eit 3-årig prosjekt som går i perioden 01.07.2008 til 30.06.2011. Det har til formål å bidra til fornying og modernisering av driftsbygningar for mjølkeproduksjon til akseptable kostnader. Vi skal fokusere på rimelege bygningstekniske løysingar som bønder flest har råd til å bygge. I praksis går dette i stor grad ut på å ta med eksisterande driftsbygning i byggeplanen. Til nå har 101 gardsbruk meldt interesse for å vere med i prosjektet. Ikkje alle desse er interesserte i å vere pilotbruk som skal nyttast i informasjonsarbeid i prosjektet og der andre kan kome og sjå og få idear og inspirasjon. Dei ønsker forslag til gode og rimelege byggeplanar som før eller seinare kanskje kan bli realiserte.

Fylkesmannen har etter at det treårige prosjektet Hest i næring blei avslutta i fjor nytta noko tid på å byggja opp nettverk på hest. Som eit resultat av dette arbeidet, blei det i november arrangert ei fagsamling med 20 deltagarar. Flesteparten av deltagarane driv med hest som næring på gardsbruk i ulike delar av fylket.

Flåttborne sjukdomar er eit aukande problem for dyr og menneske. Sjodogg som er den mest utbreidde flåttborne sjukdomen på dyr, kan påføra husdyrnæringa store tap i enkelte område på Vestlandet. Norges veterinærhøgskole, seksjon for småeforskning i Sandnes har fått tildelt kr 200.000 av Regionalt forskingsfond Vestlandet til flåttforsking på sau. Samarbeidspartnarar regionalt er sauensærlig og fylkesmennene samt Nofima Norconserv i Stavanger.

Rogaland fekk i 2010 tilsegn om kr 100.000 i støtte til prosjektet "Landbruksbygninger og kulturlandskap- ny næring under gamle tak". Det er oppretta ei gruppe med representantar for Time kommune og Fylkesmannen. På slutten av året blei det arrangert møte for 12 interesserte bønder i Time. Prosessen går vidare i 2011.

Om nye næringar

Arbeidet med Regionalplan landbruk har stått svært sentral i både 2009 og 2010. Gode prosessar og brei involvering er viktige stikkord. For tema som lokale matspesialitetar, grønt reiseliv, utmarksnæringar og anna landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon har arbeidet med regionalplanen kanskje vore spesielt. Landbruket i Rogaland vil også i framtida vere dominert av dei tradisjonelle produksjonane som husdyrhald og veksthus. Arbeidsmarknaden i fylket er god og prognosane gode. Landbruket vil også i framtid gi frå seg arbeidskraft til anna næringssliv. Nær 7 av 10 bønder i Rogaland har i dag arbeid utanom gardsdrifta. Dette er også truleg dei viktigaste grunnane til at vårt fylke ikkje er så store på nye næringar innan landbruket. Regionalplan for landbruk seier mykje om dette – og vil vonaleg gi målretta innsats for å få resultat og volum også innan dei nye næringane.

Inn på Tunet

Med støtte frå den regionale partnarskapen blei arbeidet for auka kvalitetssikring og formidling innan Inn på Tunet i Rogaland vidareført i 2010. Kurs, konferansar, fagseminar og anna informasjonsarbeid var ein del av prosjektet Inn på Tunet – kvalitetssikring og formidling. Det blei også arrangert ein studietur til England som styrka det nasjonale IPT-nettverket, og som ga innblikk i korleis den Engelske modellen fungerte. Når det gjeld utviklinga av Inn på Tunet er det viktig å nemne Fylkesmannen i Rogaland sin innsats på dette området, i både fylkes og nasjonalt samanheng.

Det er også vi som har organisert vurderinga av søknadane knytta til Inn på Tunet løftet i kommunane. Her blei det fremma tre aktuelle prosjekt ovanfor Innovasjon Norge sentralt. To av dei fekk løyvd midlar til gjennomføring, Karmøy og Hjelmeland kommune. Prosjektet i Karmøy fokuserer på garden som pedagogisk ressurs og alternativ læringsarena; her er avdelinga for oppvekst og kultur, den pedagogiske veiledningstenesta og Inn på Tunet tilbyder i kommunen involvert. Hjelmeland sitt prosjekt satsar på utviding av Inn på Tunet tilbodet i kommunen, ikkje minst i høve til integrering av flyktningar, den såkalla grøne integreringa. Deltakare i prosjektet er avdelinga for omsorg og levekår, en psykiatrisk sykepleiar, oppvekstavdelinga og bygdeutviklingsavdelinga.

Resultatområde 22 Klima og miljøtiltak i landbruket

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Beskrive kort sentrale miljøutfordringar og –prioriteringar i fylket

Dei viktigaste miljøutfordringane i Rogaland er i stor grad samanfallande med dei målsettingane som kjem fram i Nasjonalt miljøprogram:

- ”ivareta prioriterte kulturlandskap
- ivareta biologisk mangfold
- ivareta kulturhistoriske miljøer og kulturminner
- sikre tilgjengelighet og friluftslivsverdier
- hindre avrenning til vassdrag
- hindre utilsiktet spredning av plantevernmidler og sikre en god avfallsinnsamling”

I Rogaland meiner vi det er særleg grunn til å framheve utfordringa vi har i forhold til avrenning til vassdrag. Dette sett i samanheng med det store dyretalet som er i Rogaland, særleg på Jæren. I enkelte område fører dette også til manko på godkjent spreieareal.

I 2010 har Fylkesmannen sett ekstra fokus på kravet om tilstrekkeleg spreieareal på enkeltbruknivå. Det er utført spreiearealkontrollar i regi av Fylkesmannen, samt at kommunane på Jæren har hatt ekstra fokus på tilstrekkeleg spreieareal i sine 5 % kontrollar. Fylkesmannen har også oppdatert GDE-kalkulatoren som er sendt ut til kommunane, og det er arrangert kurs for kommunane med omsyn til godkjenning av innmarksbeite som spreieareal.

Sommaren 2010 fekk vi løyvd midlar frå SLF til å starte arbeidet med å digitalisere alle innmarksbeite som er godkjente som spreieareal. Eit omfattande prosjekt som ikkje er ferdigstilt før om eit par år, då kommunane må gjere ein del oppdateringsarbeid. Prosjektet har vore viktig av fleire grunnar. Det blir ein felles mal for korleis informasjon om innmarksbeite godkjent som spreieareal skal framstilla, det blir lett å sjå endringar i arealet, og det gjer oppdateringsarbeidet lettare. Det gir kommunane eit godt verktøy med omsyn til kontrollverksemd. Grunneigar og landbruksrådgjevinga kan lettare få oversyn over kor mykje areal husdyrgjødsela kan spreiaast på. Verktyet vil også gi forvaltinga ein betre og oppdatert oversikt totalt spreieareal i fylket.

Vidare meiner Fylkesmannen det er viktig å arbeide målretta med å ivareta prioriterte kulturlandskap og biologisk mangfold. Dei største utfordringane i dette arbeidet er gjengroing grunna mindre beitedyr/endring i beitemønster i enkelte område, og intensiv drift med oppgjødsling og evt nydyrkning i andre område.

Ei anna stor miljøutfordring er i Rogaland er å sikre at areal blir tilgjengeleg, og det å sikre friluftsverdiar. Dette gjeld særleg i pressområde rundt dei store byane. Mange bustadområde har lite friområde. Gjennom å legge til rette for ferdsel i landbruksområda, vil ein kunne synleggjere landbruket si multifunksjonelle rolle. Turstiar i landbruksområde vil også kunne bidra til at areala får verdi for fleire grupper og dermed blir mindre attraktive som utbyggingsområde.

Vurdering av måloppnåing for verkemidla i Regionalt miljøprogram

Rogaland hadde i perioden 2005 – 2009 mange ordningar i Regionalt miljøprogram. Vi meiner derfor miljøprogrammet i Rogaland har vore relativt målretta mot viktige miljøutfordringar. Ved revidering av miljøprogrammet i 2009, blei det derfor gjort forholdsvis få endringar. Den største endringa var at ordninga ”Tilskot til ugraskontroll og avfallshandtering” blei teken ut. I 2009 blei det også innført 3 nye ordningar, noko vi meiner bidrog til å spisse miljøprogrammet.

Frå 2010 blei det teke inn ei ny forholdsvis stor ordning i Regionalt miljøprogram, tilskot til miljøavtaler i Skas – Heigre. Føremålet med avtalen er i redusere næringsavrenninga frå landbruket, først og fremst fosforavrenninga. Avtalen er tenkt som ei prøveordning og gjeld i første omgang berre om lag 100 grunneigarar i nedslagsfeltet til Skas –Heigre i Sola, Sandnes og Klepp kommune, og er ein del av pilotområdet i vassdirektivet. Gjennom avtalen vil grunneigar/drivar forplikte seg til å gjennomføre ei rekke miljøtiltak over ein 3–års periode.

Prosjektet fekk ei god oppslutning, og 67 grunneigarar er med i ordninga. Nedslagsfeltet omfattar 24.000 dekar landbruksjord, kor heile 19.000 dekar er med i ordninga. Spesielt i ordninga er forbud mot bruk av fosfor frå mineralgjødsel, der kor det er høge jordtal for gras og korn, samt at gjødslingsnormane er i tråd med balansegjødsling (utan korreksjon for jordtal). Prosjektet er fyst og fremst ikkje for å redusere på husdyrgjødselbruken, men for å få meir rett bruk av husdyrgjødsela som ressurs.

Ei oppsummering av gjødslingspraksisen for 2010 syner at konsekvensen av desse avtalane er 41 % redusert

fosforgjødsling på korn, 13 % på gras, 9 % på potet og 35 % på beite. I alt er det redusert med 5-6 tonn fosfor berre fra mineralgjødsel. Tala for reduksjon er rekna ut frå gjødslingspraksis før dei slutta opp om avtalane. I alt kan det sjå ut til at gjennomsnittleg fosforgjødsling for heile nedslagsfeltet er redusert med 15 %.

I avtalane er det og krav om at det må etablerast ugjødsla randsonar. Før avtalen var det om lag 1,7 mil med ugjødsla randsoner i feltet, og etter avtalane kom i kraft er det heile 5,3 mil ugjødsla randsonar

Andre tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram vi spesielt vil nemne, og som vi meiner har ført til ”ny” miljøaktivitet i Rogaland er:

- Tilskot til naturbeitemark og kystlynghei. Søknad til denne tilskotsordninga aukar jamt og trutt. Totalt blir det no søkt om tilskot til 63.327, det aller meste av dette arealet er registrert i Naturbasen. I tillegg til at stadig fleire grunneigarar ønskjer å ta i bruk utmarka, har denne ordninga også gitt eit ekstra ”dytt” til at verdifulle areal blir registrert i Naturbasen.
- Tilskot til turstiar. Denne ordninga har også auka jamt og trutt. Totalt blir det gitt tilskot til om lag 58 mil turstiar i Rogaland. Ein del av desse turstiane blei nok etablert før Regionalt miljøprogram, men i enkelte kommunar t.d. Vindafjord, Rennesøy og Sandnes veit vi et det er etablert mange nye turstigar som ein konsekvens av tilskotsordninga i Regionalt miljøprogram.
- Tilskot til ugjødsla randsoner. Det er i søknadsesongen 2010 registrert om lag 20 mil ugjødsla randsoner, 19 mil knytt til grasareal og 1,2 mil knytt til potet- og grønsaksareal. Dette er ei auke frå 2009 på 20 % for grasareal og 125 % for areal med grønsaker og potet. Ugjødsla randsoner er rekna som det mest kostnadseffektive tiltaket for å hindre avrenning frå landbruket.

Beskriv hovedretningen for bruken av SMIL – midler og hvordan Fylkesmannen har arbeidet med kobling mellom SMIL og RMP

Gjennom SMIL–ordninga er det i løpet av 2010 løyvd 193 saker, totalt 9,4 millionar kroner. Av desse er om lag 8,75 mill. kroner løyvd på kulturlandskapstiltak (tidlegare STILK) og 1,2 mill. kroner til miljøtiltak (tidlegare IMT, spesielt fangdammar og miljøplantingar). Til planleggingstiltak (tilsvarende den gamle områdetiltaksordninga) er det løyvd om lag kr 460.000,-.

Fordeling mellom dei ulike hovudtema (kulturlandskap, forureiningstiltak og planleggingstiltak) er forholdsvis lik frå år til år. Ein trend ser likevel ut til å vere at tema fellestiltak/områdetiltak har auka noko dei seinare åra. Type tiltak som fell inn under dette tiltaket er utarbeiding av skjøtselsområde for større område, kurs om skjøtsel av utmark, utarbeiding av ein felles plan for turstiar i eit større område m.m. Fylkesmannen har lenge prøvd å stimulere til samarbeidsprosjekt som strekkjer seg over eit større område og fleire grunneigarar. Vi ser det derfor som positivt at omfanget av fellesprosjekt ser ut til å auke, og at SMIL–midla gjerne blir nytta saman med andre prosjektmidlar som BU- og RUP- midlar. Eksempel på større prosjektsatsingar i Rogaland er:

- Arvesølvprosjekt. Dette prosjektet er bygd opp etter mal frå arvesølvarbeidet på Agder. Gjennom dette prosjektet vil ein få auka på å ta vare på dei mest verdifulle areala for biologisk mangfald/gamal kulturmark. Det vert lagt vekt på å ta kontakt med grunneigarar som ynskjer å ta vare på landskapsverdiane og legge opp drifta på ein slik måte at verdiane vert ivaretatt.
- Tilrettelegging av kulturlandskapsopplevelingar langs Nasjonal Turistveg Ryfylke. I Ryfylke har FM, Fylkeskommunen og kommunane gått saman om å etablere eit prosjekt mellom anna for å legge til rette for kulturlandskapsopplevelingar langs Nasjonal Turistveg. Dette omfattar skoging langs vegen, merking og tilrettelegging av turstiar og vedlikehald/skilting av kulturminne.
- Pågåande kulturlandskapsprosjekt i Lysefjorden, der målet er å restaurere det gamle kulturlandskapet langs fjorden (bygningar, steingardar, gamal kulturmark m.m.). Lysefjorden er eit fyrtaarn i turistsatsinga nasjonalt.
- Fylkesmannen har starta eit prosjekt kalla ”Hest i næring”. Eit av måla i dette prosjektet er å få etablert fleire ridestiar slik at turridning blir mindre konfliktfyldt. SMIL–mildar blir brukt til opparbeiding av ridesti i kombinasjon med andre mildar.

I 2010 ser det også ut til at tiltak knytt til forureining er på reduksjon, det blei t.d. berre gitt tilskot til 11 nye reinsparkar i Rogaland. Dette er færre enn tidlegare år. Samstundes ser vi at det gjennomsnittlege tilskot pr reinsepark har auka, dette fordi det generelle kostnadsnivået aukar over tid og spesielt på Jæren. Nedgang i tal søkeradar kan nok delvis skuldast at nokre kommunar føler dei manglar folk som kan planlegge reinseparkane. Vi håpar dette kan løyse seg i 2011. Den viktigaste grunnen er nok likevel at kommunane opplever at dei har for lite midlar.

Når det gjeld fordeling mellom tema innanfor kulturlandskapstema, ser det ut til å stabilisere seg i retning av at om lag 35 % av kulturlandskapsmidla går til bygningar, 15 % til ferdselstiltak, 20 % til kulturminnetiltak og om lag 30% til tiltak knytt til biologisk mangfald/gamal kulturmark.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det gledeleg at den del av midla som går til biologisk mangfald er så pass stor. Fylkesmannen har i mange år arbeidd for å få opp interessa for å ta vare på biologisk mangfald og gamal kulturmark. Vi trur målretta satsing gjennom Regionalt miljøprogram har bidrige til dette. Ofte kan det vere slik at ein områdeplan i eit område som kan få tilskot gjennom Regionalt miljøprogram utløyser fleire konkrete SMIL-tiltak. Dette gjeld både område som er verdifulle for biologisk mangfald og arbeid med å få til samanhengande turstiar. Dei satsingane som er knytt til ureining, bør på sikt resultere i at ein større del av SMIL-midla vil vere knytt til tiltak for å hindre forureining.

Fylkesmannen opplever generelt at det er relativt god kopling mellom tilskotsordningane SMIL og RMP. Dette opplever vi i stor grad skuldast at lovnad om årleg tilskot til vedlikehald gjennom Regionalt miljøprogram gjer at ein i større grad ser nytten av å setje igong restaureringstiltak. Fylkesmannen minner også om dei ulike satsingsområda i Regionalt miljøprogram i tildelingsbrevet til kommunane kvart år.

I enkelte tilfelle opplever Fylkesmannen også at kommunane tildeler tilskotsmidlar som kan vere i grenseland av kva SMIL-forskrifta tillett, og som er å rekne som "vanleg landbruksdrift". Dette gjeld t.d. saker som gjeld handtering av avfall, tilbakeføring av ugrasbefengte areal og skjøtsel av gamal kulturmark.

Når det gjeld tilskot til gamal kulturmark, kan det i enkelte tilfelle vere vanskelig å definere nøyaktig kva område som er å sjå på som gamal kulturmark med ekstra miljø-, kulturminne- eller opplevingsverdiar som kan få tilskot til skjøtsel og restaurering gjennom SMIL–midla, og kva område som er attgrodd beite utan særskilde verdiar utover den reint produksjonsmessige verdien. Fylkesmannen kjenner til at fleire søknader om rydding av attgrodd beite, utan "ekstra" verdiar, blir avslått i Rogaland. Dersom ein skal ha ambisjon om å ta opp kampen mot generell attgroing, må det betydeleg meir midlar til.

Beskriv status og behov for oppfølgingstiltak fra forvaltingens side i miljøplanarbeidet

Det er i 2010 ikkje gjort nokon ekstra innsats i miljøplanarbeidet. Bonden sin miljøplan vert kontrollert i samband med produksjonstilskot og regionalt miljøprogram. Inntrykket er at dei aller fleste har eigen miljøplan, men er ikkje alltid bevisst på innhaldet i planen. Ved innføring av miljøplan, var så å seie alle som er medlem av Norsk Landbruksrådgjeving på kurs. Dei fleste har derfor kart som viser oversikt over eigedomen med vatn og vassdrag. Relativt sjeldan er t.d. område med stor verdi for biologisk mangfald merka av på kartet. Dette skuldast delvis liten bevissthet rundt temaet når karta vart laga, men også at det dei seinare åra er registrert fleire nye område i Naturbasen. Desse nye områda er det mange grunneigarar som ikkje kjenner til å detalj. I enkelte tilfeller ser vi dessverre også at grunneigar ikkje nøyaktig veit kva område dei får tilskot til gjennom Regionalt miljøprogram. Dette gjeld særleg myrområde der det ikkje er behov for særleg skjøtsel.

For at miljøplanen skal kunne vere det miljø- og bevisstgjeringsdokumentet det er tenkt å vere, må miljø- og landbruksforvaltinga i større grad bidra til at informasjon om område som er verdifulle for biologisk mangfald også kjem ut til grunneigarane. Vi har ikkje løysninga på korleis dette kan gjerast, men ein ide vil kunne vere å arrangere nye kurs i miljøplanarbeid gjerne i regi av Norsk Landbruksrådgjeving. Ein annen ide vil kunne vere å sende oppdaterte gardkart frå Skog- og Landskap med data også frå Naturbasen til aktuelle grunneigarar som det vart gjort nye registreringar.

Gjødslingsplanen er også er en del av miljøplanen. Kontroll av denne foregår stort sett bare ved å konstatere at ein gjødselplan er på plass. Ideelt sett burde ein ved kontroll ha gått litt grundigare inn i innhaldet i gjødslingsplanen. Rett bruk av gjødsel er totalt ein viktig del av miljøarbeidet til den enkelte bonde. Generelt er det også for lite fokus på kontroll av tilgjengeleg spreieareal. Ein tanke kan vere at miljøplanen også skal innehalde kart over godkjent spreieareal. Fylkesmannen har gjennom vår digitale temakartportal lagt til rette for at godkjent spreieareal lett kan digitalisert. Fylkesmannen er også i gang med eit prosjekt for å der tidlegare godkjend spreieareal vert digitalisert. Dette er skritt på vegen som på sikt kan gjøre det naturleg å innlemme kart over godkjent spreieareal i miljøplanen.

Tilstand og utvikling for forureining fra landbruket i vassområde som er valt ut i første planperiode

Det har dei siste åra skjedd ei positiv endring i gjødslingspraksisen i Rogaland. Fleire nyttar gjødsla tidleg i vekstsesongen, og mange har gått inn på pilotprosjektet miljøvenleg gjødselspreiing.

Figgjovassdraget er plukka ut som pilotområde i implementeringa av EU sitt vassdirektiv. Vassdraget er delt inn i 5 sonar. Dei tre øvre sonene har lite landbrukspåverknad (om lag 35 % av arealet i nedslagsfeltet er landbruk), og betre vasskvalitet enn dei to nedre sonene kor 75 % av arealet er landbruksareal. Vassdraget under eitt får tilført omlag 2.6 tonn fosfor frå landbruket over tålegrensa. 80 % av denne avrenninga skriv seg til dei to nedre sonene.

I nedslagsfeltet for Figgjo er det eit intensivt jordbruk. Historisk har det blitt tilført store mengder fosfor, og langt over det som plantene har tatt med seg ut i form av avlingar. Over tid har dette ført til auke i jordas fosforreservar, og enkelte stader er det høge P-AL tal. Samstundes har det mange stader ei god utnytting av ressursane på garden. Nedslagsfeltet er dominert av grasproduksjon, dette er ein produksjon som tek med seg store mengd fosfor ut i form av avling, og spesielt i Rogaland kor det høge avlingstal og fleire slåttar enn resten av landet. Rett bruk av husdyrgjødsel på slike areal, vil difor ikkje føre til oppbygging av fosfor i jorda. Det er lite open åker, slik at påverknad frå jorderosjon er liten for dette område.

Nesten heile Figgjovassdraget er lagt inn under pilotordninga. I tillegg til rett bruk av gjødsel, er det mindre bruk av mineralgjødsel med fosfor. Bøndene nyttar no i større grad rein nitrogengjødsel. I Figgjo er det inkludert 2010 etablert 8 mil med uggjødsla randsonar, og det er i alt 34 reinseparkar, og 3-4 til er under etablering. Som konkret oppfølging av dei mål og krav som er sett i samband med gjennomføringa av 1. planperiode for Figgjovassdraget, er Skas Heigre plukka ut som det området kor det må iverksetjast ekstratiltak for å nå målsetjingane (sjå eige avsnitt om bruk av RMP-midlar for utfyllande informasjon og resultat av prosjektet).

Det er viktig å peike på den store utbyggingsaktiviteten i nedbørsfeltet for Figgjo, både i form av veg- og tettstadsutbygging. I tillegg er det generelt stor grave og byggeaktivitet i heile nedslagsfeltet. Det er ein rekke store massedeponi som ligg nært vassdraget. Dette er god matjord som ligg udekt og eksponert for avrenning i nedbørsintensive periodar. Partikkelavrenninga vil her vere stor, samstundes som grøfter og bekkekantar gir etter for tyngda av massane. Dette gir avrenning frå andre sektorar enn landbruk, men blir ofte urettmessig tilskrive landbruk. Her er det behov for utgreiningar som kan vere kompliserte og kostbare.

Gjennom Aksjon Jærvassdrag er det lenge jobba for frivillige tiltak i landbruket, for å betre vasskvaliteten på Jærvassdraga. Eit ledd i dette arbeidet er prosjektet ”frivillige tiltak i landbruket”, eit spleislag mellom Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Jærkommunane. Vasskvaliteten i Jærvassdraga har hatt ei positiv utvikling, men dei siste åra har det stagnert litt. Spesielt med tanke på å vere proaktiv med omsyn til arbeidet med vassforskirfta, har nokre kommunar på Jæren siste året plukka ut nokre vassdrag som skal få meir oppfølging når det gjeld landbruksavrenning. Då er det spesielt tiltak som går på enkeltbønder med fokus på å etablere uggjødsla randsoner, og opprensing av etablerte reinseparkar.

Det er og starta opp eit arbeid tilsvarende digitalisering av ”innmarksbeite som spreieareal” for uggjødsla randsonar. I Temakart- Rogaland arbeidast det med å opprette eit kartlag kor kommunane kan digitalisere kor dei ulike gjødslingsfrie sonene ligg, slik at vi kan få ein oversikt over kor samanhengjande beltet med uggjødsla randsonar er. Første nedslagsfeltet er allereie digitalisert ,og er gjort i samband med prosjektet i Skas Heigre.

Beskriv arbeidet med klimatiltak innafor landbrukssektoren

Fylkesmannen har arbeida aktivt med klimadelen for landbrukssektoren. Det ei i løpet av året vore 2 samlingar kor det er sett fokus på at landbruket skal vere ein del av løysinga. Ein av samlingane blei arrangert saman med KS. Arrangementet var retta mot kommunane og arbeidet med klimaplanane. Landbruk var ansvarleg for ein stor del av seminaret.

Greater Stavanger hadde også eit klimaseminar retta mot kommunane, men kor og konsulentfirma var til stades. Her blei landbruksavdelinga engasjert inn til å halde eit føredrag om landbruket si viktige rolle med omsyn til klimakutt.

Landbruksavdelinga har i 2010 brukt mye reesursar på å få på plass eit næringsutviklingsprosjekt innan Biogass. Dette har vore eit krevjande arbeid, og det har vore fleire store møte med sentrale aktørar på leiarnivå frå om lag 70 verksemder. Arbeidet er utforma som eit prosjekt kor næringslivsaktørane skal gå saman og danne klyngar for å få fart på biogass-satsinga. Forstudiet blei avslutta november 2010, medan forprosjektet blei starta opp i januar 2011. Intensjonen med prosjektet er å skape næringsutvikling innafor biogass. Det skal etablerast utdanningstilbod innan fornybar energi, maskinentreprenørar skal vere med å utvikle teknologi og utstyr, offentleg sektor skal bli utfodra til auka etterspurnad etter bioenergi, utstyrleverandørar skal bli involverte m.v..

Det har og vore litt aktivitet for å få på plass eit forskningsprosjekt på biokull. Det er regionalt loyvd midlar til eit forprosjekt, medan søknaden no ligg inne til vurdering for sjølve hovudprosjektet. Hovudfokus er å sjå på bruk av biokull og avrenning.

I 2010 kom det inn 5 kommunale klima og energiplanar. FM leverte uttale til alle 5. I samtlige uttalar blei det fokusert på at landbruket skal vere ein del av løysinga.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2010 etter søknadsomgang 2009 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmidde	Avfallsinnsa
FMRO	11000000	1700000	1600000	4900000	4100000		
Sum	11000000	1700000	1600000	4900000	4100000	0	

22.4 Økologisk landbruk

Økologisk landbruk i Rogaland

Utfordringane er framleis mange for utvikling av økologisk landbruk i Rogaland. Tal frå Debio (2009) viser at 8596 daa er godkjent økologisk. 64 verksemder har økologisk primærproduksjon og 60 verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad. Det er ingen større endringar i statistikken, og vi viser til Debio sin oversikt for meir detaljar.

Stagnasjon i marknaden for økologiske produkt har gjort at Tine ikkje vil inngå nye avtalar om levering. Nortura tek i mot berre 40 % av bondens kjøtproduksjon som økologisk. Nortura vil ikkje satse på økologisk eggproduksjon i Rogaland. Fatland AS tek i mot økologisk kjøt, men er ikkje aktiv i marknadsføringa av produkta i Rogaland. Prima Jæren har ikkje godkjent slakteri. Ein lokal grossist på egg, Meling, har hatt avtale med ein økoprodusent. Avtalen er sagt opp grunna marknadssituasjonen. På grøntsida har det vore problem med omsetnad av økologiske veksthusprodukt. Om lag 40 % av produsert tomatvolum er omsett som økologisk i COOP Rogaland. Produsentar som leverar til Gartnerhallen/Bama har dei selt meir av produksjonen som økologisk. Men, her har meirprisen variert og vore for dårlig til at det har vore økonomisk interessant. Bama sa i 2010 nei til å vere med på ei marknadsretta satsing på økologiske veksthusgrønsaker i regi av Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen hadde i 2010 eit samarbeid med COOP om tiltak retta mot butikkar i Stavangerområdet. På grunn av interne prioriteringar hos COOP blei det ikkje satt i gong aktivitetar i butikk før etter sommarferien. Det er no tilsatt prosjektleiar i Rogaland landbrukselskap som skal halde fram satsinga innan økologisk veksthusproduksjon. COOP er med på prosjektet, og Bama har på nytt fått tilbod. Prosjektleiar har kontorstad hos Fylkesmannen, landbruksavdelinga.

Den stadige svininga i marknad er svært uheldig for satsinga på økologisk. Rogaland som er i startgropa blir ekstra sårbar. Det er 12 produsentar med økologiske mjølkekyr i Rogaland. Dei er spreidde rundt i heile fylket, og mjølka blir ikkje henta som økologisk hos alle. Med samtidig omlegging tek det minst 2 år frå ein startar til ein er godkjent. Med generelt stor avskaling i landbruket er det ekstra uheldig at Tine ikkje vil inngå nye avtalar om økologisk produksjon. Dette gir stor risiko. Norsk landbruksrådgjeving Rogaland har i samarbeid med Tine, Nortura og Felleskjøpet Rogaland Agder hatt eit prosjekt som skulle rekruttere nye produsentar. Prosjektet gjekk ut i 2010.

Rogaland har eit intensivt husdyrhald, og stort press på areal. Dårlig tilgang på ekstra areal, og kortsiktige leiekontraktar gjer det vanskeleg for mange å kunne legge om. Ved omlegging til økologisk må bøndene akseptere mindre produksjon- meir ekstensiv drift. Dette er ein pedagogisk utfordring. Haldninga til økologisk landbruk og få bønder med erfaring frå økologiske driftsmetodar, er ennå dei største flaskehalsane for auka omlegging til økologisk i Rogaland. Haldningane blant bønder er gjenspeila i landbruksorganisasjonane. Vårt inntrykk er at heller ikkje måltidetsklyngen ved NCE culinology, Måltidets hus så langt prioriterer økologisk mat tilstrekkeleg i sine satsingar. Arbeidet mot økologisk mat i storkjøkken har til nå blitt gjort av Ullandhaug økologiske gard.

Økoløft i Stavanger og Sandnes har vore yllukka. Det er oppnådd gode resultat i mange av dei offentlege verksemndene, og prosjektet har skapt mykje aktivitet. Mellom anna blei det arrangert ein stor konferanse med utstillingar om økologisk mat på Måltidets Hus. Resultata er ut til å kome lettast i barnehagar, medan det for sjukeheimar er meir komplisert. Økoløft i Stavanger og Sandnes har fått ny løyving frå Statens landbruksforvaltning, og held fram under namnet Øko-økning på Nord-Jæren.

Fylkesmannen ber Landbruks- og Matdepartementet sjå på praktiseringa av regelverket kring forbod mot parallelproduksjon når det gjeld hald av villsau/vanlig sau. Mange har villsau som går ute på øyane/eigne beiter, og vanleg sau heime på garden. Fleire av desse ønskjer å få godkjent villsauen som økologisk. Det er forbod mot parallelproduksjon i økologisk drift. Men Mattilsynet har fram til hausten 2010 gitt dispensasjon der søker har dokumentert klar skilnad mellom hald av villsauen og den vanlege sau. No er praksisen stramma inn, og produsentar som sommaren 2010 fekk klarsignal til å gå i gong med økologisk produksjon har fått kontrabeskjed om at produksjonen ikkje vil bli godkjend. Mattilsynet meiner produsenten kan løyse dette ved å registrere villsauen og den vanlege sau i to ulike føretak. Regelverket for produksjonstilkott tillet ikkje at same person kan søkje om tilskot til sau i to ulike føretak. For bonden er difor dette ikkje ein mogleg løysning. Det er lett å sjå

skilnad på villsau og vanleg sau. Det dei fysisk er åtskilt vil fare for brott på regelverket (med tanke på föring, etc.) ikkje vere større en ved annan økologisk produksjon. Det er ei pedagogisk utfordring å forklare at ein ikkje kan drive med parallelproduksjon på økologisk villsau/vanleg sau når det let seg gjere å produsere to-radsbygg økologisk, og 6-radsbygg konvensjonelt på same gard.

Fylkesmannen, landbruksavdelinga forvaltar Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Midlar til handlingsplanen (kr 425 000 i 2010) er løyvd ut etter søknad. Aktiviteten i Stavangerområdet er størst. Ein er ikkje nøgd med at så mykje av pengane og aktivitetane konsentrerar seg her. Fylkesmannen vil i 2011 sterkare oppmøde aktørar i distrikta til å søkje. Handlingsplanen vil bli revidert som følgje av prosessen kring Regionalplan landbruk.

22.5 Tre og miljø

Aktivitetar og utfordringar på dette feltet er nær knytt til rapportering under andre kapittel (21.2, 21.3).

Tresatsing

Hovudutfordringa i Rogaland er framleis at berre ein svært liten del av skogsvirket blir foredla innan fylket. Ein stadig større del av rundtømmeret blir eksportert. Det gjer at vi mister størstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi.

I mangel av eigne ressursar har Fylkesmannen initiert prosjektretta arbeid for å greie ut høve for større lokal foredling. Bl.a. har Norsk bygdesagforening avd. Rogaland fått midlar til å greie ut mogleg produksjon og bruk av massivtre-element. Fleire arkitektkontor har etterspurt lokalproduserte massivtre-element. Rapporten bygdesagforeninga fekk utarbeida av Norsk Treteknisk institutt viste at kapitalbehovet ved bygging av fabrikk for massivtre-element er relativt høgt, men at lønnsembla kan bli tilfredstillande. Bygdesagforeninga har gått vidare med eit billegare konsept for produksjon av massivtre-element til driftsbygningar i landbruket.

Rogaland Treforum blei stifta januar 2010. Dette er ein interesseorganisasjon for produsentar og brukarar av trevirke i Rogaland. Forumet har som formål å styrke og utvikle trenäringa i Rogaland, og skal arbeide for auka bruk av og kunnskap om lokale treressursar og auka samarbeid i verdikjeda. Fylkesmannen har i ein oppstartsperiode sekretariatsfunksjonen.

Bioenergi

Det er framleis liten etterspørsel etter flis i Rogaland. Dette skuldast manglande lønnsembla, men også stor konkurranse frå andre energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. Lite kompetanse og små ressursar til motivering og anna informasjonsarbeid er også ei medverkande årsak. Fylkesmannen har medverka til at prosjektet Fornybar energi frå skogen i Rogaland er etablert med Vestskog BA som prosjekteigar. Prosjektet driv informasjonsarbeid og deltar i første fase i utviklinga av konkrete anlegg.

Det er også stor import av ved til fylket. Dei få litt større biovarmeanlegg i fylket er no i ein stabil driftsfase. Med bakgrunn i Regionplan for energi og klima og Handlingsplan for skogbruket i Rogaland vurderer no fylkeskommunen flisfyring i fleire fylkeskommunale bygg. Det er også i gang prosjektarbeid knyta til bruk av flis til oppvarming av veksthus.

Fylkesmannen medverkar framleis til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men også her skulle vi hatt meir kompetanse og ressursar.

Miljø

Fylkesmannen er som før deltakar i oppfølginga av Levande skog og Forskrift om berekraftig skogbruk. Vi har i 2010 i tilfelle bede tredjeperson, dvs. Det Norske Veritas, om å sjekke ut skogsdrifter som vi meiner ikkje er utført etter vedtekne standardar.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkesmannen er i år, som i fjor, noko usikker på i kva grad kommunane har fylgd gjeldande regelverk for området og retningsliner for praktiseringa. Fylkesmannen har førebels ikkje gjort nytte av den nye regelen i § 3 i jordlova om at visse kommunar etter vedtak frå departementet skal sende inn alle/visse avgjerdssler etter jord- og konsesjonslova til Fylkesmannen til orientering. Men dette blir fortløpende vurdert. Fylkesmannen held seg i stor grad orientert om slike vedtak ved avislesing, tipsing frå nabobar, kommunalt tilsette, politikarar og andre. I 2010 har vi i landbruksavdeling gjort 4 vedtak om omgjering av kommunale vedtak på dette fagfeltet. I tillegg er det sendt varsel om overprøving i 5 andre saker, som er til behandling no. Det er særleg prisvurderinga i konsesjonssaker og frådeling av hus/bustadtomter etter jordlova som blir overprøvd og gjort om. Med omsyn til prisvurderinga har det no på nyåret kome opp eit konkret døme på forsøk på omgåing av prisreguleringa – ved at kjøparen tek konsesjonsrisikoen, og deretter ”sel” eigedomen vidare til sambuar til ein lågare og akseptabel pris. Fylkesmannen venter no på klage i ei slik sak. Utfallet vil ha stor interesse og presedensverknad. Med omsyn til tal ”særlovssaker” og fordeling og resultat av desse, syner vi til den oppgåva som blir utarbeidd til SLF med frist 21.02.2011.

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Erstatning etter offentlege pålegg på husdyr

Etter utbrotet av klassisk skrapesjuke på Karmøy i 2006 blei det utbetalt kr 334.203 i erstatning for tapte produksjonstilskot. Og etter utbrotet av den same sjukdomen på Karmøy i 2009, blei det utbetalt kr 400.933 for gjennomførte saneringstiltak.

Erstatning for svikt i honningproduksjon

Det kom inn to søknader i 2009 som blei behandla i 2010 med ei samla utbetaling på kr 66.582. I 2010 mottok vi fem søknader derav fire til nå er behandla i 2011 med ei samla utbetaling på kr 151.882.

Dekningsgrad for landbruksvikarordninga

Landbruksvikarordninga blei overført frå kommunane til avløysarlaga i 2008. Ordninga omfattar nå alle kommunane i Rogaland. Det blei i 2010 utbetalt kr 4.676.955.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2010 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
1	7	0	0	1	3

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
59	0	0	8	0	0	25	0	6

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2010

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,0

Antall personer: 0

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Bjerkreim kommune
	1. Vedtak : rutinar for mottak, datostemppling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang

Orninger/omfang:	3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalingar 4. Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5. Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1 6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart
------------------	--

Registrerte avvik: 3

Oppfølging av avvik: Tilbakemelding fra kommune om endra praksis

Kommune:	Forsand kommune
Orninger/omfang:	1. Vedtak : rutinar for mottak, datostempling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang 3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalingar 4. Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5. Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1 6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart
Registrerte avvik:	2
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding fra kommunen om endra praksis

Kommune:	Gjesdal kommune
Orninger/omfang:	1. Vedtak : rutinar for mottak, datostempling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang 3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalingar 4. Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5. Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1 6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart

Registrerte avvik:	2
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding fra kommune om endra praksis
Kommune:	Karmøy kommune
Orninger/omfang:	<p>1. Vedtak : rutinar for mottak, datostemppling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang</p> <p>3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalinger 4.</p> <p>Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5.</p> <p>Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1 6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart</p>
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	
Kommune:	Time kommune
Orninger/omfang:	<p>1. Vedtak : rutinar for mottak, datostemppling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang</p> <p>3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalinger 4.</p> <p>Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5.</p> <p>Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1 6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart</p>
Registrerte avvik:	2
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding fra kommunen om endra praksis
Kommune:	Tysvær kommune
	<p>1. Vedtak : rutinar for mottak, datostemppling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang</p> <p>3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalinger 4.</p> <p>Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med</p>

Orninger/omfang:	refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5. Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1-6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart (Bokn og Haugesund kommune hører inn under Tysvær innan landbruksområde)
Registrerte avvik:	1
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding fra kommunen om endra praksis

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

4. Andre kommentarer/ innspill:

Fylkesmannen var saman med 6 kommunar på stikkprøvekontroll for RMP-ordninga. Vi var med på tilsaman 10 føretak. Ved denne søknadsomgangen blei det lagt vekt på kontroll av kystlynghei, ugjødsla randsone og ny tilskotsordning for miljøavtalar. Fokus på kontroll av kystlynghei var å sjå om lystheia blei skjøtta etter planen. Skjøtsel av lystheia var tilfredsstillande. Etter kontroll kom ein fram til at ein bør endre malen som blir brukt når ein lagar skjøtelsplan.

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Beskriv kva for tiltak som er gjennomført for å styrke kommunane kompetanse og kvalitet på landbruks- og matområdet og ev. utfordringar på området

Landbruksavdelinga har arrangert eller vore medarrangør til desse kompetansehevingstiltaka innan landbruks- og matområdet:

- 12. januar, Kurs i tilskotsforvaltning med tema: Avløysartilskot, tilskot til avløysing ved sjukdom og tidlegpensjonsordninga, driftsfellesskap, kontroll av spreieareal, rutinar og oversikt over spreieareal og oppsummering av forvaltningskontroll
- 13. januar, Kurs i odelslov og konsesjonslov
- 13. januar, Storkonferanse ”*Grønt arbeid. Garden som arena for arbeid, aktivitet og meistring*”
- 2.-3. mars, Landbrukspolitisk konferanse og fylkessamling for landbruksforvaltninga
- 12.-13. april, Forvaltarkurs skogsveg
- 4.-7. mai studietur til England for å besøke fem ulike ”care farms” (inn på tunet gardar) i Essex-området
- 10. juni, Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning med tema: Jordbruksoppgjøret, kommunane som landbrukspolitisk aktør, næringsutvikling innan landbruksområdet og informasjon om Regionalplan for landbruk
- 12. august, Kurs i tilskotsforvaltning med tema: Jordbruksoppgjøret 2010, nytt i samband med søknadsomgangen 20.august 2010, tilskotsforvaltning gjennom eit jordbruksavtaleår, tilbakebetaling av tilskot og spreieareal i fokus
- 3.-4. september, IPT studietur til Dalane med besøk til fleire ipt-garder, som driv med skuletilbod, demens, sansehage, kunst/kultur, med mer
- 7. september, Fagtur til Jæren/Dalane med tema Landbruksbasert næringsutvikling
- 27. september, Kurs i godkjenning av innmarksbeite som spreieareal - teoretisk innhald før lunsj, og praktisk gjennomføring ute i felt resten av dagen
- 2. november, Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning med tema: Statsbudsjettet, Regionalplan landbruk, RUP, Regionalplan næring, Skogsbrevet, Vassdirektivet og GIS/kartportalen
- 6. november, felles-ipt-møte for Hordaland og Rogaland på temaet ”Garden som læringsarena”
- 7. desember, Informasjonsmøte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning
- 15. desember, Kurs/seminar i Verdsetjing av landbrukseigedom
- Kurs/møte om VBASE og hovudplan skogsveger arrangert på fire ulike stader i fylket

Vi ser no at når talet på tilsette innan landbruk går ned i kommunane, og det kan vere vanskeleg for mange å ta seg tid til å delta på ulike kurs- og samlingar som vi arrangerar. Dårleg økonomi i ein skilde kommunar gjer også at dei tilsette ikkje alltid får delta på dei kursa og samlingane dei gjerne vil delta på. På sikt kan det føre til at landbrukskompetansen i kommunane blir svekka.

Omfanget av den landbrukspolitiske dialogen med kommunane og det landbrukspolitiske engasjementet i kommunane

Den landbrukspolitiske dialogen med kommunane har ulike former. Mykje av dialogen skjer via ulike kurs som møte som Fylkesmannen inviterer til. Kvart år inviterer Fylkesmannens landbruksavdeling til Landbrukspolitiske konferanse der både administrasjonen i kommunane og lokale politikarar blir inviterte. I 2010 var det omlag 150 deltakarar på denne konferansen.

Utvikling i tal årsverk i landbruksforvaltninga hos Fylkesmannens landbruksavdeling og i kommunane.

Tal årsverk hos Fylkesmannens landbruksavdeling

Årstalet	Årsverk totalt	Finansiert eksternt	Årsverk finansiert
2009	27	4,8	22,2
2010	27,3	5,6	21,7

Det har vore ein liten auke i tal årsverk totalt, men ein reduksjon i tal årsverk finansiert over 151001. Dette skuldast at vi har hatt ein auke i aktivitet og prosjekt basert på ekstern finansiering.

Tal årsverk i kommunal landbruksforvaltning

2009 54,3 årsverk

2010 53,8 årsverk

Frå 2009 til 2010 har det vore ein reduksjon på 0,5 årsverk i kommunal landbruksforvaltning i Rogaland. Sidan 1994 då ansvaret blei overført til kommunane, har det vore ein reduksjon på 15,7 årsverk i kommunal landbruksforvaltning. Dette tilvarer ein nedgang på 22 %.

Samarbeidet med KS regionalt

Kvart år har vi eit møte med KS regionalt der vi diskuterer moglege felles satsingar og kursing av kommunane. Elles er KS medarrangør av Landbrukspolitiske konferanse, ein 2-dagars konferanse som Fylkesmannens landbruksavdeling arrangerer kvart år. Målgruppa er mellom anna tilsette i kommunal landbruksforvaltning og politikarar både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

Beskriv konkret bruk av ev. midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid

- Kompetanseheving vassdirektiv, deltaking på seminar kr 2.419
- Kurs for kommunane i tilskotsforvalting, januar 2010, kr 6.736
- Møte med representantar for kommunane om Kompetanseplan 2011, kr 851
- Kurs for kommunane i kartdigitalisering av gjødsla beite, kr 20.425
- Kurs i spreieareal, kr 555
- Dialogmøte med kommunane 10. juni, kr 14.350
- Dialogmøte med kommunane 2. november, kr 13.350
- Kurs for kommunane i odels- og konsesjonslova, kr 2.569
- Landbrukspolitiske konferanse/fylkessamling for landbruksforvaltninga, kr 36.203
- Kurs for kommunane i tilskotsforvaltning, august 2010, kr 2.542

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Sentrale utviklingstrekk for jordvernet og utfordringar i verkemiddel og tiltak

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er eit stadig press på omdisponering av areal, både gjennom overordna planar og ved enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Avgangen/omdisponeringa av dyrka mark vert oppgitt i eit eige punkt under.

I Rogaland har vi lang erfaring med bruk av fylkesdelplanar for areal- og transport. Erfaringane til no har vist at gjennomføring av fylkesdelplanar som gir klåre forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. Fylkeskommunen fremmar berre heilt unntaksvis motsegn, sjølv om kommune- eller reguleringsplan er i strid med fylkeskommunen sin eigen fylkesdelplan.

Fleire av verkemidla som vart lagd fram av ”Jordverngruppa” i 2008 har no blitt i verksett og utreda, mellom anna er jordvernet styrka i ny plan- og bygningslov frå 01.07.09. Det har likevel gått for knapp tid til å seie om dette har ført til reelle endringar. Fagleg kompetanse og kapasitet, og vilje i kommunane til faktisk å prioritera jordvern og landbruksomsyn føre by- og tettstadsutvikling og samferdselprosjekt i dei beste jordbruksområda, vil bli avgjeraende for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken.

Regjeringa sitt forslag om varig vern av matjord som har vore på høyring i 09/10, er støtta av både Fylkesmannen og Fylkeslandbruksstyret i Rogaland. Samstundes registrerer vi at nær alle kommunane i Rogaland, samt fylkeskommunen, som har gitt høyringsuttale har vore negative til eit slikt verneforslag. Næringa sjølv ved til dømes Rogaland Bondelag har støtta forslaget. Forslaget har skapt stor interesse og debatt i lokale media, både for og i mot forslaget. Fylkesmannen sitt inntrykk er like fullt at jordvernet, omsynet til kulturlandskap og areal- og ressursgrunnlaget generelt ofte ender lågt på prioriteringslista, både hjå kommunane, men også hjå andre regionale statlege etatar (til dømes ved samferdselsutbygging).

Innførte krav om planprogram og konsekvensutgreiing skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane til no er at dette i varierande grad blir følgt opp av kommunane. Fylkesmannen har ved fleire høve hatt motsegn på grunn av manglande KU og omtale av landbruks- og jordvern.

Dersom ein ønskjer seg ein nasjonal politikk for å sikre jordvern og kulturlandskapsomsyn, er dette avhengig av ein politisk vilje til nasjonal styring og støtte til regional oppfølging av dette. Erfaringar knytt til enkeltsaker etter jordlova og plan- og bygningslova, og plansaker elles, har vist at jordvern ofte ikkje betyr nok for lokalsamfunnet, til at jordverninteressene blir sikra tilstrekkeleg. Mål om vekst og omdisponering av areal til bustad, næring og vegprosjekt får i staden gjennomslag.

Utanom byveksten i mange gode jordbruksområde er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruket sitt ressursgrunnlag i Rogaland. Det er ei rekke store prosjekt under planlegging. Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg, utviding av E39 gjennom Randaberg frå 2 til 4 felt, omkjøringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune, ny tverrforbindelse mellom Jæren og Ålgård/E 39, utviding frå 2 til 4 felt for E 39 sørover frå Sandnes til Ålgård, omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim og sykkelstamveg frå Forus til Stavanger er berre nokre av dei større prosjekta som er planlagt i ”Kjerneområde landbruk” og som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser.

Fylkesmannen deltek i ulike prosjektgrupper og underveis i planlegginga så langt det lar seg gjere med dei tilgjengelege ressursane som finst for planarbeid i embetet. Det er også stor grad av deltaking i dialogmøte o.l underveis i reguleringsplansaker av større eller mindre art knytt til samferdselstiltak. Fylkesmannen formidlar den nasjonale areal- og landbrukspolitikken heilt i frå starten av planprosessar. Likevel opplever vi ofte å vere åleine om tilstrekkeleg vektlegging av statleg politikk underveis. Både kommunane og Statens vegvesen synet i liten grad å ta innover seg den nasjonale arealpolitikken, til tross for auka fokusering på temaet til dømes i NTP 2010-2019 kapittel 12.1.5 ”Mål om kulturminner, kulturmiljø og landbrukets arealressurser”. Også ved MD si godkjenning av Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2008-2019 uttalte departementet at dei ”*savner en bredere omtale av mulige arealkonflikter knyttet til samferdselstiltak og mener derfor at hensynet til dyrka mark, kulturlandskapet og biologisk mangfold burde være mer synliggjort.*”

Det er tidkrevjande og til dels frustrerande å forsøke å formidle dei klare føringane som gjeld for areal- og ressursforvaltinga dei beste jordbruksområda i landet. Vi opplever at prosjekta og planprosessane ofte har ein eigen ”tyngdekraft” som er vanskeleg å endre, sjølv med tydeleg involvering frå Fylkesmannen.

Vi opplever likevel samstundes ei positiv utvikling når det gjeld dialog og samordning mellom Fylkesmannen og

Statens Vegvesen seinare år. Dialogen skjer nå tidlegare og oftare enn før. Og det er grunn til å tru at vi gjensidig har meir kunnskap og forståing for politikk- og fagområda, enn tidlegare. Om dette gir betre resultat for jordveret i endelige planer er usikkert, og for tidleg å seie noko om.

Fylkesmannen i Rogaland har dei siste åra hatt ei rekke reguleringsplansaker for gang- og sykkelvegprosjekt i Kjerneområde for landbruk, særleg på Jæren. I desse sakene har vi arbeidd hardt for å få aksept for løysingar som kan redusere arealbruken. Som resultat av fleire slike saker, dialog med kommunar og Statens vegvesen og eit par motsegsaker, har fleire kommunar nå ”lagt til grunn” ein mal med redusert bredd på rabatten mellom gang- og sykkelvegen og køyrevegen, redusert frå 3 meter til 2 meter, for å unngå motsegn. Dette syner at vår handsaming av sakene har gitt resultat. Likevel kjem det stadig nye krav/normar, og vi opplever at det blir lagt fram planar for gang- og sykkelvegprosjekta med separat gangfelt og sykkelbane (gjerne bredde 5 meter), store støyskjermingsvoller osv, som utfordrar med omsyn på jordvernet.

Ved planlegging og konsekvensvurdering av samferdselstiltak opplever vi ofte at verna naturområde, våtmarksområde, kulturminne (og i visse saker private hagar) har eit betre vern enn dyrka jord av nasjonal verdi. Eit varig vern av matjord i dei viktigaste pressområda kan bidra positivt til å styrke landbruket sine interesser i slike saker.

Av di eit av hovudproblema er at Fylkesmannen opplever at Vognormalen blir nytta på ein lite fleksibel måte, har vi tidlegare fremma forslag til SLF om å ta initiativ til ein gjennomgang av praksis for bruk av Statens Vegvesen sine Vognormalar med tanke på at desse kan og bør kunne justerast og praktiserast på ein særskilt måte i ”kjerneområde landbruk”, som for eksempel på Jæren.

I tillegg til omdisponering og press på landbruksareala gjennom overordna planar, opplever Fylkesmannen framleis eit stort press for å gi dispensasjonar til etablering av spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk.

2010 syner omrent same tal dispensasjonar etter plan- og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2009 (NB! Dispensasjonar i strandsona og verna område kjem i tillegg). Tal dispensasjonsvedtak i kommunane som er påklage av Fylkesmannen i LNF -områda, er meir enn halvert samanlikna med 2008 (påklaga dispensasjonar i strandsona og verneområde kjem også her i tillegg til dette). Hovudårsaka til dette er etter vår vurdering færre dispensasjonsvedtak med høgt konfliktnivå/klårt i strid med nasjonal politikk i kommunane . Dispensasjonar i LNF-område etter § 19-2 i plan- og bygningslova (utanom strandsona og verneområde):

- **2010:** 169 saker – 15 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 1-9 i plan- og bygningslova
- **2009:** 173 saker – 21 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova eller etter ny planlov § 1-9
- **2008:** 178 saker – 42 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova
- **2007:** 237 saker – 39 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova

Over tid og i sum representerer desse enkeltsoknadane om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane om å nå nasjonale mål om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursar

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvern er vedvarande høgt. Det er lite som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover. Byveksten og samferdselsutbygging fører til nedbygging av store jordbruksareal i beste klimasone, særleg på Jæren, men og andre delar av Rogaland.

Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen og gir eit ”høgt støynivå” .

Gjennom arbeidet med kommuneplanane er det ofte sakene knytt til interessekonflikt mellom jordvern og omdisponering til andre føremål som fører til mest støy og størst merksemd i til dømes lokalavisar og tv/radio.

Erfaringar og resultat med tiltak i områda - Utvalte kulturlandskap i jordbruket

I Rogaland er områda Hodne – Vikevåg, Helland – Bø og Førsvoll – Austbøheim på Rennesøy plukka ut til å vere ved i utval av verdifulle kulturlandskap i jordbruksområdet. Dei utplukka områda omfattar om lag 9500 dekar fordelt på om lag 5000 dekar lyngareal, 1150 dekar gjødsla beite og 460 dekar fulldyrka areal. Resten ca 3000 dekar er vann, myr, fjell i dagen og anna utmarksareal.

Både for intensiv drift med bruk av både kunstgjødsel og husdyrgjødsel og ekstensiv eller ingen bruk med fare for gjengroing er truslar mot fleire av dei sjeldne artane som er registrert i området. Viktige tiltak for å ivareta verdiane i området er derfor både i avgrense bruk av gjødsel i enkelte område, og å stimulere til auka bruk av lyngheimråde i andre område.

Gjennomførde tiltak i 2010 har vore vidare skjøtsel av lyngheimråde på Rennesøy. Størst aktivitet har det dette året vore på Austbøheim, i tillegg til del av lyngheimråde som Røsslyngen beitelig disponerer i delområde Hodne - Vikevåg. Vidare har Rennesøy kommune gjort ein stor innsats med å utarbeide skjøtselsplanar og forhandle fram avtaler for kvar enkel eigedom der areal som ikkje skal gjødslast er kartfesta. Desse beiteområda omfattar ein stor del av de kartlagde områda i Naturbasen og er areal som blir vurdert som særleg viktige for handlingsplanartane dvergmarikåpe og ekornsvingel. Disse avtalene vert vurdert til å vere det viktigaste enkelttiltaket for oppfølging av handlingsplanen (HP) for 7 trua karplanter i Rogaland.

Det kanskje viktigaste tiltaket som er gjort i 2010 for å sikre at dei utvalde områda på Rennesøy blir tatt vare på, er likevel at områda er markert med eigne omsynssoner i utkast til ny kommuneplan for Rennesøy kommune. Dette vil bidra til å sikre områda mot inngrep og er også med på å synleggjere verdien av området for allmenta.

Arbeid som er sett i gang for å ivareta dei biologisk verdiane gjennom å ta i bruk utmarka, har også gitt ringverknader knytt til næringsutvikling. Tre grunneigarar i dei utvalde områda har etablert eit samarbeid – Røsslyngen beitelig. Disse har etablert eit eige salslag med sal av villsau, storfe og vanlig kvit sau. Dei har også fått eit bedriftsutviklingstilskot frå Innovasjon Norge til utvikling av eit nettverk. Desse grunneigarane har også gått inn i prosjektet ”Smaken av Ryfylke”.

Ein annan grunneigar har satsa stort på villsau er eit aktivt styremedlem i Haugaland Villsaulag. Dette villsaulaget arbeider mellom anna for å fremme og stimulere til auka villsauproduksjon i Rogaland og å fremme villsauproduct som ein merkevare.

Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

8130 dekar dyrka jord vart omdisponert i Noreg i 2009. Rogaland si omdisponering på 2091 dekar dyrka jord utgjer 26% av den totale omdisponering i landet det året. Eit vesentleg bidrag til det høge talet var godkjenning av reguleringsplanane for Jåsund og Myklebust i Sola kommune. Dette er utbygging som er i tråd med Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren. Utanom dette har Klepp (195 dekar) og Tysvær kommune (105 dekar) det største omfanget.

Når det gjeld føremålet med omdisponeringa, utgjorde regulering til bustadbygging 522 dekar og areal til samferdsel 378 dekar i 2009.

Rogaland sin del av det totale jordbruksarealet i Noreg utgjer om lag 10 % eller 1 million dekar. Skal Rogaland følgje opp det nasjonale jordvernmålet, bør ikkje den årlege omdisponeringa vere meir enn maksimalt 500-600 dekar dyrka jord.

Utanom 2091 dekar dyrka jord vart 268 dekar dyrkbar jord også omdisponert etter jordlova og plan- og bygningslova i vårt fylke i 2009. Tala for 2008 var 860 dekar og 578 dekar.

Snittet dei siste 5 åra i Rogaland har vore omdisponering av 1527 dekar dyrka jord.

Utanom nemnde tal kjem i tillegg den bruk av dyrka og dyrkbar jord landbruksområdet si eiga byggjeverksemd utgjer. I eit aktiv landbruksfylke som Rogaland utgjer dette betydelege areal, som det i dag ikkje eksisterer noko oversikt eller rapportering på.

26.2 Samfunnsplanlegging

Delar av det som er rapportert under kap. 26.1 vil vere av interesse her/delvis overlappande.

Vidare arbeider dei ulike fagavdelingane i embetet tett saman i behandling av saker etter plan - og bygningslova, særskilt i arbeidet med kommuneplanar og regionale planar. Sjå resultatområde 06.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Fylkesmannen, Landbruksavdelinga, har som mål å delta ved alle relevante fasar i pågående planprosessar etter plan- og bygningslova. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid har til nå vore høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har hatt stort fokus i vårt arbeid. Pga av ressurssituasjonen for planarbeid ved Landbruksavdelinga og embetet, kan vi likevel ikkje delta i regionalt planarbeid i den utstrekning kommunane og fylkeskommunen ønsker.

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J) er under revisjon. Dette planarbeidet tok pause i 2009 av kapasitetsårsaker på regionalt nivå, og fordi KVU for ”Transportsystem på Jæren – med hovudvekt på byområdet” måtte prioriterast og utarbeidast først. Arbeidet med revisjonen starta opp i 2010 og Fylkesmannen har brukte betydelige ressurser på å følgje opp dette arbeidet. Planen skal på plass i høyring hausten 2011. Det er også sett i gong arbeid med revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet, kor Fylkesmannen er representert i både prosjekt- og arbeidsgrupper. Her følgjer ein oversikt over pågåande overordna og regionalt planarbeid kor representantar frå Landbruksavdelinga deltok i 2010:

- Regionalplan for landbruk
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Revisjon av fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren
- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Interkommunal kommunedelplan ”Bybåndet sør” – Sandnes – Time – Klepp kommune
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes – Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Transportkorridor Vest – Randaberg – Stavanger – Sola kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove
- Kommunedelplan Sykkelsamveg Stavanger- Forus- Sandnes

Arbeidet med store samferdselsprosjekt er særleg arbeidskrevjande, både av di det er eit stort tal prosjekter, og av di dei i vår region er ei viktig årsak til omdisponering og nedbygging av matjord.

I 2010 har arbeidet med kommuneplanar vore ei stor del av arbeidsoppgåvene, av di dei fleste kommunane er i gang med revisjon av kommuneplanen sin før kommunevalet hausten 2011. Dette er ressurskrevjande prosessar som tek mykje tid og krev stor samordning internt på embetet og med SVV og fylkeskommunen .

Status og erfaringar med verneplanar og konsekvensutgreiingar

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2010.

Tal motsegn knytt til jord- og skogbruk etter plan- og bygningslova og vernelovgivinga

Det er ein viss usikkerheit knytt til rapporteringa av tal motsegner knytt til plan- og bygningslova, av di me ikkje har eit godt system for rapportering av dette. I arkivet vårt har me funne følgjande tal:

Kommuneplanar:

Vi har hatt 5 kommuneplanar og 2 kommunedelplanar på høyring der de t er fremja motsegn med bakgrunn i jordvern- og/eller landbruksinteresser. Kor mange motsegner det er fremja pr. plan er vanskeleg å gi eksakte tal på, då det erfaringsmessig kan veksle frå 5 til 30 motsegner pr. kommuneplan vi har til handsaming.

Reguleringsplanar:

Vi har fremja motsegn til 3 reguleringsplanar på bakgrunn av jordvern- og/eller landbruksinteresser i 2010. Også her kan det dreie seg om fleire motsegner pr. plan. I tillegg til dette har vi hatt eit titals oppstartsvarslar på høyring kor det er varsle motsegn om ikkje ulike omsyn blir ivaretatt.

Det ville heilt klart ha vore ein styrke om det hadde vorte oppretta eit nasjonalt system for rapportering av motsegner etter plan- og bygningslova, med spesifikasjon på tema. På denne måten kunne ein ha henta tal frå kvert fylke, frå kvar kommune, ut i frå ulike temaområde etc. som kunne vore nytta for samanlikningar, statistikkbruk etc. Me vil oppmoda dei ulike involverte ”plandepartementa” å vurdere å gå saman om ei slik rapporteringsløysing.

Bruk og nytte av data frå ”Geovekst” og ”Norge digitalt” hos alle avdelingane i embetet

I starten av 2010 fikk embetet endelig tak i ein GIS koordinator, etter meir enn 1 år med vakant stilling. GIS

kompetansen i embedet blei vesentleg styrka, og dette har ein dratt nytte av på fleire avdelingar, spesielt miljøvern og landbruk. Den nye regionale kartportalen www.temakart-rogaland.no er og oppe og går i si nye form. GIS koordinatoren hos Fylkesmannen er hovudansvarleg for denne regionale kartportalen, som i tillegg til Fylkesmannen driftast av fylkeskommunen og kartverket. Kartportalen er eit nyttig og mykje brukta innsyn til kartdata frå Norge Digitalt.

Resultata av Geovekstsamarbeidet blir brukta flittig, spesielt ortofoto og AR5 (markslag), innan fagområde som landbruk, skogbruk, plan og forvaltning. GIS blir også brukta aktivt for å illustrera forskjellane i dei forskjellige delane av fylket, både internt og i kartportalen. Til dømes med folketalsutvikling og utviklingstrendar i landbruket, og bruk med ulike typar drift. GIS presentasjonar gjer i mange tilfelle eit betre biletet enn til dømes tabellar. Dermed blir sakene betre opplyst og presentasjonen kan få betre gjennomslagskraft. GIS koordinator har hatt ei målsetning om å innföra meir bruk av moglegheitene kart og geodata gir i helse- og sosial avdelinga og utdanningsavdelinga, som tidlegare ikkje har brukta dette i særleg grad. Dette har leda til at utdanning har brukta flyfoto og lokalisering av skular for avgjerder i forbindelse med skoleskyss. Helse og Sosial brukar kart kopla til SSB data for visualisering av statistikk, til dømes folketalsframskrivning og bruk av helseteneste pr. innbyggjar.

Beskrive korleis den regionale samordninga av beredskap på landbruks- og matområdet er ivaretatt

Landbruksdirektøren møter i Fylkesberedskapsrådet. Elles er tre medarbeidrarar frå landbruksavdelinga med som ressurspersonar i Fylkesmannens krisestab. Dersom det oppstår utbrot av plante- eller dyresjukdomar i området, blir fagpersonar hos Fylkesmannen raskt invitert til møte i regi av Mattilsynet for oppdatering.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 724 528,59	kr 0,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 2 544 265,64	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 909 109,79	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 938 172,65	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 1 952 407,45	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnspolitikk	kr 1 616 802,07	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 933,00	kr 0,00
Sum:	kr 12 686 219,00	kr 0,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

Vi viser til eigen rapport om det nasjonale tilsynet. I tillegg er det ført tilsyn som følgjer:

I 2010 vart det ført tilsyn med fem kommunar etter kap 5 om spesialundervisning. I eitt av tilsyna vart også regelen om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder inkludert. Det vart gitt avvik/pålegg ved tilsynet i fire av kommunane, i den femte er ikkje fristen for reaksjon på førebels rapport ute enno. To av kommunane fekk fire avvik (sakkunnig vurderinger ikkje i samsvar med lovkrava, vedtak er ikkje i samsvar med lovkrava, IOP og halvårtsrapportar er ikkje i samsvar med lovkrava, kvalitetssystemet har ikkje avdekt dette), to fekk to avvik (vedtak ikkje i samsvar med lovkrava + systemavvik).

Det eine tilsynet etter kap 5 vart kombinert med tilsyn etter § 2-8. Her vart det også gitt eitt avvik (manglande vedtak), og systemavviket galdt begge forhold.

Det er også ført tilsyn med to kommunar om vaksne sin rett til grunnskoleopplæring (ekskl spesialundervisning),

og begge kommunane fekk avvik (manglende enkeltvedtak + systemavvik).

Det var planlagt tilsyn med fire kommunar etter § 2-8 om særskild norskopplæring. Det eine vart kombinert med tilsyn etter kap 5 (jf. ovanfor), og eitt tilsyn måtte utsetjast til 2011 på grunn av særlege forhold i kommunen. Ved dei to andre tilsyna er det gitt to avvik/pålegg til kvar kommune, det eine om mangelfulle enkeltvedtak, det andre knytt til forsvarleg system (endeleg rapport er ikkje klar i det eine tilsynet enno).

Det er også gjennomført tilsyn med Rogaland fylkeskommune etter kap 4A (4A-1, 4A-3, og §3-1) når det gjeld fengselsopplæring. Endeleg rapport er klar for utsending i desse dagar, og det er konkludert med tre pålegg.

Fylkesmannen avslutta også i juni eit oppfølgingstilsyn med ein kommune etter kap 5. I denne kommunen har vi gjennomført tilsyn på dette feltet både i 2005 og 2008, og mange klagesaker i 2009 viste at det framleis var mykje å gjere for å få på plass eit forsvarleg system. Vi iverksette då eit konsentrert oppfølgingstilsyn, som altså er avslutta i 2010.

Oppfølging med Rogaland fylkeskommune etter tilsyn med opplæring i institusjonar etter barnevernslova i 2008 der det vart gitt 4 avvik, vart av kapasitetsmessige omsyn utsett til 2010. Denne oppfølginga er ikkje avslutta.

Vi nemner også at Fylkesmannen i Rogaland vart oppnemnt som settefylkesmann i ei sak som galdt gratisprinsippet ved ein skole i Bergen, og vi valde å følgje denne saka opp ved å bruke tilsynsheimelen. Saka var komplisert og krevjande, både fordi ho innebar prinsipielle vurderingar som kunne ha politiske overtonar, og fordi lovverket knytt til gratisprinsippet ikkje gav noko svar. Tilsynet vart likevel avslutta på greitt vis, men vi valde å oppmode Utdanningsdirektoratet om å klargjere regelverket på dette punktet.

Ved alle tilsyn der det er gitt avvik, har skoleeigarar fått ein rimeleg frist til å melde frå om korleis avviket vert følt opp. Alle har svart innan fristen. Tre kommunar og fylkeskommunen har frist for å sende melding om at avvika/pålegga er retta til ulike datoar i 2011.

Det er uråd å peike på felles kjenneteikn for dei kommunane som har fått avvik/pålegg. I løpet av dei åra vi har ført tilsyn med skoleeigarane (vi starta forsiktig i 2002), er det berre to kommunar som ikkje har fått avvik, og det er to av dei minste kommunane i fylket. Det er likevel råd å gjere seg nokre refleksjonar om ev årsaker til at skoleeigarane stadig får avvik, og dersom vi skal peike på nokre sentrale moment her, vil vi nemne følgjande:

- aukande rettsleggjering er ikkje følt opp med forsvarleg kompetansebygging, verken i profesjonsutdanninga eller overfor dei som alt arbeider i og med grunnopplæringa
- kulturen i skolen har meir fokus på å "gjere det rette" enn på å "gjere det rett", og forvaltningslova sine krav blir opplevde som "overbyråkratiske"
- kommunane har fridom til å organisere verksemda som dei vil, og stadige endringar i kommunal organisering har ført til at den skolefaglege kompetansen i kommuneleddet er svekka (både dimensjonering og faktisk kompetanse)
- endringar i styring og leiing med m.a. større grad av delegering har påverka rektorrolla, utan at leiingsressursane ved den enkelte skolen er vesentleg endra. I ein hektisk kvardag kan fokus på å halde budsjettet skugge for både pedagogiske og forvaltningsmessige sider ved leiarrolla
- regelverket er blitt stadig meir detaljert og samstundes vanskeleg å forstå (jf. debatten om svært lange rundsskriv med fortolking). Det bør vurderast om regelverket er tenleg

Det er bede om rapportering når det gjeld skoleeigarar som har hatt avvik på same tema to eller fleire gonger i perioden 2006-2009. Vi har sjekka alle tilsynsrapportar i perioden, og har følgjande å melde:

- ein kommune (Eigersund) har fått avvik ved tilsyn etter kap 5 både i 2005 og 2008, denne kommune er følgd opp både gjennom eit særleg oppfølgingstilsyn, jf. ovanfor, og gjennom eigne rettleiingstiltak
- ein kommune (Sandnes) har fått avvik ved tilsyn etter kap 5 både i 2005 og 2010, kommunen er følgd opp gjennom rettleiingstiltak i samband med det siste tilsynet
- Rogaland fylkeskommune har fått avvik ved tilsyn etter kap 5, § 13-2 og § 13-3a (ved begge desse tilsyna var naturleg nok kap 5 inkludert) i 2005, 2006, 2007, 2008. Vi har på ulike vis, m.a med oppfølgingstilsyn, prøvd å påverke til at fylkeskommunen ser til at det blir etablert ein praksis som er i samsvar med lovverket.
- Ved dei fleste tilsyna i perioden er det gitt avvik med heimel i § 13-10 som ein konsekvens av at det er gitt andre avvik som skoleeigarar sjølv ikkje har avdekt

Val av tilsynsobjekt er gjort i tråd med føringar frå Utdanningsdirektoratet og på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering. Vurderingane er gjorde med utgangspunkt i m.a. KOSTRA og GSI, erfaringar frå klagebehandlinga, resultat på nasjonale prøvar (jf. 31.5), eksamens- og standpunkt-karakterar, elevundersøkinga, ev rapportar frå kommunerevisjonen, inntrykk gjennom førespurnader og kontakt pr. telefon og e-post, oppslag i aviser og andre media. Vi har utvikla rutinar for denne områdeovervakainga, og vi meiner vurderingane våre er saklege, relevante og grundige. Så må det understrekast at det endelege utvalet blir gjort i samarbeid med dei

andre avdelingane i embetet, og at vi av omsyn til andre avdelingar sine prioriteringar saman med omsyn til samla tilsynsbelastning for kommunane, ikkje alltid får våre prioriteringar imøtekommne.

Tilsyna i 2010 er planlagde og gjennomførde med utgangspunkt i omfangskravet frå direktoratet og tilgjengelege ressursar i avdelinga. Eitt tilsyn etter § 2-8 vart, som nemnt ovanfor, utsett til 2011 på grunn av særlege forhold i kommunen, og tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøvar vart utsett på grunn av svakare framdrift i piloteringa enn føresett. Elles har store endringar i bemanninga i avdelinga gitt særlege utfordringar dette året. Medarbeidarar har gått over i andre stillingar, og vi er dessutan tilført nye stillingar. I alt har vi fått seks nye medarbeidarar i løpet av 2010, og alle desse skal hjelpast til forsvarleg rolleforståing og oppdragsfokus, noko som krev innsats og tidsbruk både frå avdelingsleinga og frå kollegaene. Utfordringane vart særleg tydelege i samband med det nasjonale tilsynet. Her måtte vi gjere nokre endringar for å sikre kompetansen i gjennomføringa, og både direktør og assisterande direktør måtte såleis delta. Elles vart dette tilsynet meir tidkrevjande enn vi hadde rekna med.

Samla sett er vi godt nøgde med måloppnåinga vår: Alle tilsyna er gjennomførte på forsvarleg vis sjølv om vi har hatt store kompetansemessige utfordringar i avdelinga, vi planla tilsynsaktiviteten slik at vi oppfylte omfangskravet på 40%, og vi har trass i endringane greidd å oppfylle dette kravet mest fullt ut. Vi har også implementert metodehandboka og instruksjonen for det nasjonale tilsynet, og vi har deltatt aktivt i arbeidet med å vidareutvikle denne styringsdokumenta. I tillegg tok vi på oss å gjennomføre den regionale koordineringa i det nasjonale tilsynet.

Så må det vedgåast at det er vanskeleg å vurdere om tilsynsarbeidet samla sett er tilstrekkeleg. Vi meiner likevel at graden av avvik ved gjennomførte tilsyn indikerer at skoleeigarane framleis har for låg kunnskap om lovverket og for dårleg forvaltningspraksis (jf. elles det som er sagt ovanfor). Dette treng ikkje innebere at elevar ikkje får oppfylt rettane sine, men vi er framleis urolege for mellom anna rettar knytte til reglane § 2-8, kap 5 og §9a - 3. Vi prioriterer framleis desse områda i 2011.

For å spisse merksemda mot temaet for det landsomfattande tilsynet i 2010/2011, valde vi i 2009 å setje fokus på elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø og mobbing på utdanningskonferansen vår. Vi vidareførte temaet i 2010, sjå meir om dette i 31.4. Det er også gjennomfört regelverksamlingar om emna nemnde ovanfor, sjå 31.4 om dette. Så nemner vi at det ved nokre tilsyn, etter førespurnad frå kommunen, er gjennomfört samling for alle rektorar, PPT, m.fl. i tilknytning til sluttmøtet med gjennomgang av regelverk og lovforståing på tilsynsfeltet. Etter vårt skjøn er slike samlingar svært nyttige - deltakarane er motiverte og "læringsutbytet" godt fordi gjennomgangen blir relatert til deira eigen praksis. Vi har elles deltatt med innlegg og foredrag på samlingar og konferansar etter ønskje frå skoleeigarar, m.a. om internkontroll og tilsyn, og om utvalde delar av regelverket. Sjå også 32.5 om dette.

Tilsynsobjekt:	Bjerkreim kommune - Bjerkreim skule, Vikeså skule
Paragraf(er):	Oppl. kap. 5 og § 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	Finnøy kommune - Finnøy sentralskole og Sjernarøy oppvekstsenter
Paragraf(er):	Oppl § 1-3, kap 5 og § 13-10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	Randaberg kommune - Goa skole, Harestad skole
Paragraf(er):	Kap 5 og § 13-10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja

Publisert:	Ja
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Rogaland fylkeskommune - Time VGS og Randaberg VGS
Paragraf(er):	Oppl §§ 3-1, 4a-1 og 4a-3
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Ja
Kommentar:	Fylkeskommunen har frist til 1/6-2011 for å lukke avvika.
Tilsynsobjekt:	Sandnes kommune - Trones, Bogafjell, Riska, Øygard
Paragraf(er):	Kap 5, § 13-10 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Ja
Kommentar:	Kommunen har lukka deler av avvika og er i prosess med resten. Fylkesmannen er i dialog med kommunen og det er planlagt et oppfølgingstilsyn i 2012
Tilsynsobjekt:	Sokndal kommune
Paragraf(er):	§§ 2-8 og 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Endelig tilsynsrapport blir sendt kommunen medio februar
Tilsynsobjekt:	Stavanger kommune
Paragraf(er):	§§ 2-8 og 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Ja
Kommentar:	Stavanger kommune har sendt dokumentasjon, men Fylkesmannen har ikke hatt høve til å se om dette er tilstrekkeleg til å lukke avvika.
Tilsynsobjekt:	Time kommune
Paragraf(er):	Oppl. §§ 4A-1, 4A-4, 4A-8 og 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Tysvær kommune

Paragraf(er):	Opp §§ 4A-1, 4A-4, 4A-8 og 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	Vindafjord kommune - Vats, Ølen, Skjold og Vikedal
Paragraf(er):	Oppl. kap. 5, §§ 2-8 og 13-10, 2. ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Ja
Kommentar:	Kommunen har sendt omfattande dokumentasjon for å lukke avvika. Fylkesmannen har enno ikkje hatt høve til å avgjere om dette gir grunnlag for å lukke avvika.

31.2 Klagesaksbehandling

Det er ikkje store endringar i klagebehandlinga i avdelinga i 2010. Samla sett har talet på klagar gått litt ned.

Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning auka i 2009, men for 2010 ser vi ein reduksjon. Enkelte av desse sakene kan krevje fleire vekeverk. Fleire saker enn før er kompliserte, mangefull forvaltningspraksis frå kommunane gjer at det kan gå lang tid før vi får klagene og kompleksiteten aukar ofte jo lengre tid det går. Resultatet i mange saker blir at kommunen sitt vedtak blir oppheva og saka send tilbake fordi ho ikkje er godt nok opplyst til at Fylkesmannen kan fatte endeleg vedtak. Til dømes må det ofte utarbeidast ny sakkunnig vurdering, eller kommunen manglar grunngjeving for kvifor det er gjort avvik i høve til den sakkunnige vurderinga. I 2009 mottok vi mange klagar frå ein kommune. I 2010 har vi motteke langt færre klagar frå denne kommunen.

Antal klagar på standpunktakarakterar i fag har halde seg jamt i 2008, 2009 og 2010. Tala for alle typar klagar på standpunktakarakterar er innafor det som må reknast som normalt for fylket. I 2010 har vi hatt ein nedgang i talet på saker som vart omgjorde. 73% av klagarane fekk medhald og saka blei sendt tilbake til skolen for ny vurdering i 2009, medan 50% av klagane i 2010 vart oppheva og sendte tilbake til skolen. Hovudgrunnen til opphevinga var at grunngjevinga for karakteren ikkje godt nok kunne knytast til eleven si måloppnåing i forhold til kompetanse måla.

Fylkesmannen har utarbeidd rettleiar for behandling av klage på standpunktakarakterar i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Rettleiaren blir årleg oppdatert ut frå erfaringar frå siste års klagebehandling, endringar i lovverket, og klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen, og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn. Vi arrangerer også årlege samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktakarakterar og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, blir det arrangert ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

Fylkesmannen har berre motteke ei klagesak etter opplæringslova kap. 9a i år, men denne har vore særslig ressurskrevjande. I tillegg har Fylkesmannen nytta mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som, i alle fall førebels, ikkje har enda som klagesaker.

Utanom desse områda gjeld fleirtalet av klagesaker skoleplassering og skoleskyss. Her har det vore liten endring samanlikna med 2009. I tillegg har Fylkesmannen i 2010 motteke nokre klagar som gjeld mellom anna minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, søknad om skoletilbud i annan kommune, bytte av framandspråk, inntak til eit 4. år i vidaregåande skole mm.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for meir forvaltningskompetanse. Dette viser seg til dømes ved at saker som er mangefullt utgreidde, blir sende til klageinstansen og gir meir arbeid for

Fylkesmannen.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne.

Det blir oftest sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lenger. I 2010 vart slik melding sendt i 9 klagesaker (dei fleste knytte til spesialundervisning) etter opplæringslova. Dette skuldast både vakansar, stor saks mengde og behov for å innhente meir opplysningar i saka. Elles er sakene behandla innan fristen.

I 2010 har medarbeidrarar med kompetanse i klagebehandling slutta, og det tek tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidrarar. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av dei innkomne klagesakene i 2010. Saksbehandlingstida har også vore innafor det forsvarlege heile året.

Klagebehandling ved sentral sensur i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen gjennomførte klagesensur for vidaregående opplæring sommaren 2010 etter ei rulleringsordning med Fylkesmannen i Hordaland. Klagebehandlinga blei gjennomført for 64 ulike fagkodar med til saman 45 klagenemndsmedlemmar fordelt på 17 klagenemnader. Hurtigklagebehandlinga foregjekk over tre dagar i juli. I tillegg blei det gjennomført klagebehandling pr. brev og telefon fram til oktober 2010. Fylkesmannen har gjennomført klagebehandlinga innan tidsfristen og i samsvar med embetsoppdraget. Mange sensorar melder tilbake at dei er særstegnede med organiseringa og gjennomføringa av klagebehandlinga.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Vurdering (standpunkt), kap 5 i forskriften	127	64	63	0	Medhold vil her seie at kommunene sin karakter er oppheva og at rektor og lærer gjennomfører ny vurdering.
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	0	1	Avvist
Skoleplassering, § 8- 1	20	7	13	0	
Skyss, § 7-1	13	5	8	0	
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	2	0	2	0	
Spesialundervisning, § 5-1	24	13	10	1	Anna: Avvist grunna saksbehandlingsfeil.
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	3	1	2	0	
Vurdering (muntlig eksamen), kap 5 i forskriften	1	0	1	0	
					*lovlegkontroll - skolenedlegging. *Klage på annulling av eksamen. *bytte av framandspråk *skoletilbod i annan kommune. *krav om innsyn *Foreldrebetaling - SFO
Annet	9	1	7	1	
Sum	201	91	107	3	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	3	3	0	0	

Særskilt inntak, § 3-1 sjette ledd	1	0	0	1	
Annet	3	0	1	2	*opplysning, feil klageinstans.
Sum	7	3	1	3	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Sum Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	9	8	0	1	Anna: Oppheva og returnert til kommunen for ny utredning
Annet	3	2	1	0	Søknader om dekning av sakskostnader etter fvl. § 36
Sum	12	10	1	1	

31.3 Grunnskolens informasjonssystem, GSI

Vi har følgd opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. Derefter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er blitt gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering i spesialundervisninga, opplæringa for språklege minoritetar og dei nyare emna fysisk aktivitet og leksehjelp. Revisjonsrunden har avdekt ei rekke feil. Reviderte tal er lagde inn i GSI.

Vi har medverka til vidareutvikling av GSI ved å delta på Udir sine samlingar og ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbetringar. I byrjinga av året kom vi med mange innspel til rapportfunksjonen i GSI. Sjølv om denne er blitt betre, vil vi kome med fleire forslag til forbetringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpende meldt inn feil og forslag til nye kontrollar.

I 2010 hadde vi ei samling med skoleeigarane og rektorar, der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet. Trass dette har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden.

Utal av tala for Rogaland er presenterte på nettsidene våre, og media har publisert delar av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nyttia aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten og i andre informasjonskilder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, samt i den kontinuerlege områdeovervakainga. Vi arbeider aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar, vi og har tatt initiativ til eit samarbeid med dei andre fylka i Sørvest-regionen om områdeovervakaing.

På oppmading frå Forvaltningsavdelinga kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen berekner skjønnstilskott for.

I 2010 hadde vi nokre skolar på lista frå Utdanningsdirektoratet over skolar som såg ut til å bryte Stortinget sine føresetnadar om gruppestørleik. Avvika er for det meste svært små. Dette vil bli rapportert innan 1. april i eigen rapporteringsmal.

Det er nyttia om lag 60 dagsverk til arbeidet med GSI, noko som vi vurderer som ein tilstrekkeleg ressursinnsats. Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvalitetene på GSI-tala og for å fremje bruken av tala intern i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleiingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nyttien av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing pr tlf og e-post, men vi har vilt å halde på ei årleg samling. Vi meiner at ressursinnsasten vår er forsvareleg, og at samla måloppnåing for resultatområde 31.3. er god.

31.4 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er krevjande, både når det gjeld tidsbruk og kompetanse. Utdanningsavdelinga har hatt store endringar i bemanninga dette året, både fordi medarbeidarar har gått over i andre stillingar og fordi vi er tilført nye stilingar. I alt har vi fått seks nye medarbeidarar i løpet av 2010. Alle desse skal hjelpast til forsvarleg rolleforståing og oppsdragsfokus, og det krev innsats og tidsbruk både fra avdelingsleiinga og frå kollegaene.

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er todelt, med både planlagde tiltak og arbeid knytt til førespurnader utanfrå. Mengda av førespurnader pr telefon og e-post er i periodar svært stor, både frå dei som arbeider med og i skole og frå føresette. Her er det stort spenn i behovet til dei som vender seg til oss, frå ønskje om enkeltopplysningar om regelverket til behov for rettleiing i kompliserte saker som krev arbeid over tid.

Auka fokus på regelverket, m.a. gjennom meir tilsyn, fører også til at fleire vender seg hit for å få hjelp. Både skoleeigarar og skolar har bede om innlegg og foredrag på samlingar, og vi prøver å imøtekome slike ønskje så godt vi kan. I 2010 har vi t.d. hatt fleire foredrag om elevvurdering, om opplæring for minoritetsspråklege, om internkontroll og tilsyn (m.a. for rektorane i vgo), og om spesialundervisning(sjå også resultatområde 32.5 om dette).

Utdanningsavdelinga nyttar jamt dei faste møteplassane vi har med skoleeigarane, universitet og høgskolar, brukar- og fagorganisasjonar og andre til å gi informasjon om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Vi brukar nettsida vår aktivt og legg vinn på å informere om endringar i lovverket og regeltolkingar frå departement eller direktorat. Vi har også utarbeidd informasjonsskriv om reglar knytte til eksamen og klagebehandling (med eiga utgåve for minoritetsspråklege).

Utdanningsavdelinga har gjennomført fleire regelverksamlingar i 2010, med tema på bakgrunn av områdeovervaking og tilsyn. Vi hadde to samlinger om spesialundervisning, ei nord i fylket og ei i sør, med til saman om lag 300 deltagarar. Vi hadde også ei samling om minoritetsspråklege sine rettar med om lag 150 deltagarar. Ei samling om kapittel 4A vart førebudd, men måtte utsetjast til vår 2011 av bemanningsmessige årsaker.

Vi har valt å halde fram med den årlege utdanningskonferansen vår over to dagar. I 2010 vidareførte vi temaet frå året før knytt opp mot det nasjonale tilsynet retta mot elevane sitt psykososiale miljø. Konferansen fekk tittelen "*Det er min skole også! Har fellesskolen plass for alle?*" og hadde om lag 140 deltagarar. Vi arrangerer også ein foreldrekonferanse kvar haust i samarbeid med KS Rogaland og Kommunalt foreldreutval i Stavanger, men dette året måtte vi avlyse på grunn av dårlig påmelding.

Konferanse om bruk av verktøy for skoleutvikling og tilstandrapport vart arrangert i mars 2010, jf. resultatområde 32.3. Avdelinga gjekk breitt ut med informasjon på vegne av Utdanningsdirektoratet, og vi hjelpte til med praktisk gjennomføring. I ettertid har nokre fått kontakt med spørsmål på feltet, og desse har fått hjelp pr e-post og telefon. Kommunane som er valde ut til å få rettleiing, har fått tett oppfølging. Informasjon og instruksjonsvideo er publisert på heimesida vår.

Vi tar også med at vi tok på oss oppdraget med å vere teknisk arrangør for Udir si samling for privatskolane i vår region. I tillegg til Udir sine faste postar hadde vi innlegg om spesialundervisning knytt til erfaringane våre frå regelverksamlingane med kommunane. Samlinga vart gjennomført hausten 2010 og hadde omlag 90 deltagarar.

Elles informerer vi systematisk om lovverk, rettleiarar og nettressursar knytt til læringsmiljø i samband med gjennomføringa av nasjonalt tilsyn på dette området. Aktuelle skolar og skoleeigarar blir informerte om nettressursen "Betre læringsmiljø" i sluttmøta. Det har elles vore informert særskilt om dette i samband med nokre krevjande klagesaker på området.

Med utgangspunkt i bemanningssituasjonen i avdelinga i år, er det vår vurdering at måloppnåinga vår dette året har vore særleg god. Vi har greidd å gjennomføre alle planlagde tiltak, og vi har handtert førespurnader fortløpende. Kommunikasjonen med målgruppene er god, vi merkar at både skoleeigararar, skoleleiarar, lærarar og publikum har lav terskel for å ta kontakt med avdelinga, og dei gir tilbakemelding om at dei får god hjelp og rettleiing. Det blir satsa på å utvikle god kompetanse på fag- og rettsområda, slik at vi kan nytte eigne ressursar både i regelverkssamlingar og i anna rettleiingsarbeid, og vi meiner at vi har greidd dette godt også i 2010.

31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Eksamens

Fire medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamensmøte og i opplæringa i prøveadministrativt system, PAS, og prøvegjennomføringssystem, PGS.

Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen både i sør og nord i fylket med til saman 138 deltagarar, inklusiv deltagarar frå private grunnskolar, frå 24 av totalt 26 kommunar. Det er gjennomført sensoropplæring for 52 sensorar i engelsk og fellessensur for grunnskoleeksamen i engelsk for fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Fylkesmannen har også deltatt i eit eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen for å orientere om sentralt gitt eksamen og gitt rettleiing i samband med lokalt gitt eksamen.

Det er gitt brukarstøtte til skoleeigararar i PAS og PGS, tildelt tilgang og brukarroller til skoleeigararar, prøveansvarleg ved skolane og sensorar.

Vi har også gitt rettleiing og hjelp med å registrere fagpersonar, med å melde på kandidatar og med å registrere resultat. Fylkesmannen sitt eksamenslag har tatt imot spørsmål, meldingar frå skolane om behov når det gjeld utviklinga av PAS og PGS og feilmeldingar som er blitt vidareformidla til Utdanningsdirektoratet.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort m.a. på bakgrunn av resultat på nasjonale prøvar og eksamens- og standpunkt-karakterar. Informasjons- og vurderingsarbeid knytt til resultat frå nasjonale prøvar og eksamens- og standpunkt-karakterar blir også etterspurt i intervjua.

Ressursbruk

Det blei brukt 260 dagsverk til arbeidet med eksamen og 28 dagsverk til nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar i 2010.

Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar

Fylkesmannen har gitt brukarstøtte og følgt opp skolane i bruken av PAS og PGS. Vi har mottatt feilmeldingar og formidla desse vidare for å finne løysingar. Informasjonsarbeidet om nasjonale prøvar har i stor grad gått direkte til skolane. Det er likevel framleis behov for noko rettleiing, spesielt i samband med registrering av elevane i PAS. Tidsbruken til arbeid med nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar har auka litt frå 2009 til 2010. Årsaka er rettleiing til skolane når det gjeld å registrere elevar i PAS og spørsmål om å få opna systemet for å registrere prøveresultat etter at fristen for dette gjekk ut. Vi har deltatt i samlingar med Utdanningsdirektoratet om nasjonale prøvar. Vi har informert om prøvane, om gjennomføringa og om resultata på nettsida vår. Fylkesmannen følger opp arbeidet med nasjonale prøvar gjennom informasjon, opplysning om tidsfristar etc. Tidsbruken i 2009 er 5 dagsverk + 22 dagsverk til brukarstøtte i PAS/PGS.

Som nemnt ovanfor er resultat frå nasjonale prøvar brukt ved førebuing av tilsyn, og også ved informasjon og ressursfordeling ved tiltak som t.d. kompetanseutvikling i lesing.

Risikovurdering i samband med resultata av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld og tidsbruken.

31.8 Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har gjennomført fellessensur for vidaregående opplæring våren 2010 i 29 ulike fagkodar med til saman 348 sensorar. Fellessensuren for hausteksamen blei gjennomført i 6 fagkodar med til saman 66 sensorar. Talet på dei sensurerte prøvesvara og eksamensstatistikken ligg i PAS. Til tross for at 2 gode medarbeidarar slutta i stilling med eksamen som arbeidsområde, ein ved nyåret 2010 og ein til sommaren 2010, har vi greidd å gjennomføre eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget. Fylkesmannen får god tilbakemelding på eksamensgjennomføringa både frå skoleeigarar, skolar og sensorar.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		Info på nettsidene våre kvart år om reglane for fritak.

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	Når vi samanliknar prosentdelen fritak frå nasjonale prøver i Rogaland med landssnittet, ser vi at den totale prosentdelen fritak i Rogaland ligg under landssnittet.	5. steg: Eng: Eigersund 6,4, fem kommunar har 0 fritak. Lesing: Time 9,9, to kommunar har 0 fritak Rekning: Time 7,0, tre kommunar har 0 fritak. 8. steg: Engelsk: Haugesund 3,2 - fire kommunar har 0 fritak Lesing: Eigersund 4,0 , tre kommunar har 0 fritak. Rekning: Haugesund 3,8 , seks kommunar har 0 fritak.	Egersund, Time og Haugesund skil seg ut med størst prosentdel fritak i Rogaland. Desse kommunane har stor andel elevar med spesialundervisning og/særskild språkopplæring.	Resultat frå nasjonale prøver og fritak frå prøvene er blitt nytta i samband med utval av kommunar og skolar for tilsyn.

31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolllopppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskot til landsliner, kap 225 post 63 Tilskot til samisk i vidaregåande opplæring, kap 225 post 67 Tilskot til opplæring i finsk i vidaregåande opplæring og kap 253 post 70 Tilskot til folkehøgskular.

Fylkesmannen har i 2010 utbetalt tilskot til grunnskoleopplæring for 303 barn og unge i asylmottak, mot 239 i 2009. Desse elevane hadde 1260 månadar i opplæring mot 972 månadar i 2009; ein auke på 288 månader eller

om lag 30%. Det er i alt utbetalt 8,7 mill kr i tilskott dette året mot 6,5 mill kr i 2009. Gjennomsnittleg tal på månadar i opplæring har vore stabilt på litt over 4.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI, og desse er forsøkt samanlikna med søknadene. Samanlikninga er vanskeleg fordi listene frå UDI ikkje er lagde til rette for slik kontroll. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontroll utført i samband med søknadene førte til korreksjonar for tildeling av tilskott.

Det var i alt 4958 elevar på leirskole i 2010 mot 4943 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole, har vore stabilt dei siste fire åra. 8,4 % av elevane i grunnskolen har deltatt på leirskole i desse åra. Elevane var i 2010 organiserte i 298 grupper mot 286 året før.

Kommunane sine søknader med elevlister er gjennomgått, og feil er retta før tileiling av tilskott. Det er henta inn faktura eller uttale frå nokre av leirskolane som viser at kommunen har hatt leirskoleopphold der. Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll.

Rogaland har sju landsliner ved tre vidaregåande skular. Fylkesmannen har samanfatta og utført kontroll med elevlistene og sendt dei vidare til Utdanningsdirektoratet.

Når det gjeld samisk og finsk i vidaregående opplæring, har vi hatt noko rettleiing når det gjeld samisk, men vi har ikkje hatt noko arbeid med finsk.

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjeret for 2009 for dei fire folkehøgskolane i Rogaland. Tre av fire hadde levert rekneskaperen innan fristen, alle følgjer rekneskapslova, tre av fire har eigen konto for statstilskott og eigen note for inntekter frå offentlege kjelder, og alle har fått revidert årsrekneskapen av registrert eller statsautorisert revisor. Fortenestemarginen er betydeleg høgare enn i 2008, og tre av fire skolar hadde overskot. Ein av skolane har investert mykje, og låneopptak til dette er noko av årsaka til at eigenkapitalen er redusert litt i forhold til totalkapitalen.

Det var sett av i alt 16 dagsverk til arbeidet på dette resultatområdet i 2010, og vår vurdering er at oppdraget er gjennomført med godt resultat innafor desse ressursane. Arbeidet er utført av to medarbeidarar med god kompetanse innafor forvaltning og økonomi, og medarbeidaren med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa. Vi har ikkje brukt særlig metodikk eller strategiar ut over det å sjå til at reglar og retningslinjer for dei ulike ordningane er følgde.

Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

Samarbeid om kompetanseheving og kompetansedeling i Rogaland

Kommunane i Rogaland er delt inn i fem nettverk; NordR, Midt 1, Midt 2, Jærennettverket og Nettverk Dalane. Kommunane har jamleg møte i nettverka, og nyttar nettverka til samarbeid om kompetanseheving i sine kommunar. Det enkelte nettverket har god kontakt med enten Universitetet i Stavanger eller Høgskolen Stord/Haugesund gjennom 'dialogmøte'. Det er fortrinnsvis universitet eller høgskolen som inviterer til dialogmøte. Nettverka vert også nytta til andre former for kompetanseheving, til dømes samarbeid om satsinga 'Vurdering for læring'. Fylkesmannen har inntrykk av at samarbeidet i nettverka er godt.

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa i Rogaland er ein møtestad for KS, Fylkesmannen, ein representant frå kvart kommunenettverk, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet og universitet/høgskole. Her vert tema frå nettverka og andre aktuelle saker tatt opp. Fylkesmannen eller KS gir også informasjon om aktuelle tema. Forma på møta, deltagarar og innhald vert jamleg diskutert. Dette skal vere ein arena som er nyttig for alle deltagarar. Ein ønskjer her å løfte fram og diskutere større tema og å samarbeide på tvers av nettverk og sektorar. Eit godt resultat er samarbeidet i Rogaland om Gnist-satsinga.

KS arrangerer møta i Samarbeidsrådet. Det er 2-4 møte i året. Fylkesmannen har likevel hjelpt til med organiseringa av dette i 2010, då det har vore skifte i bemanninga i KS Rogaland.

Gnist-partnarskapet har møte same dag som møte i Samarbeidsrådet, og har dermed 2-4 møte i året. Møte i partnarskapet vert frå hausten 2010 arrangert av Gnist-prosjektleiar, noko som fungerer godt. Dette er ein viktig arena blant anna for at kommunenetverka skal ha aktiv del i utviklinga og oppfølginga av den regionale handlingsplanen for Gnistarbeidet: 'RogalandsGNISTen', og ha eigarskap for denne.

Det er stort engasjement i møta i Partnarskapet. Det gjeld særleg når det er diskusjon om tiltak for omdømebygging og rekruttering til lærarutdanning og læraryrket. Det er også interesse for kompetansedelingstiltak, til eksempel 'jobbskygging' for skoleleiarar.

Skolefagleg forum er eit større forum for samarbeid i Rogaland. Her blir Samarbeidsrådet utvida med den skolefaglege ansvarlege frå alle kommunar. Fylkesmannen arrangerer Skolefagleg forum to gonger i året, til vanleg om lag 6 t. KS har eit eige møte for dei skolefaglege ansvarlege om arbeidsgivarspørsmål i etterkant.

I 2010 var mellom anna Vurdering for læring, Gnist, og Midtlungutvalet tema. Også her vert forma på møta, deltakarar og innhald jamleg diskutert. Nokre meiner det vert for mykje informasjon og for lite tid til diskusjon. Dei fleste er samstundes nøgde med at det vert sett av tid til KS-saker same dagen. Hausten 2011 vil det bli gjort eit forsøk med todagars samling.

Etterutdanning

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa i Rogaland samarbeidde om regionale føringar for tildeling av etterutdanningsmidlar for 2009. Dei nasjonale føringane låg til grunn for arbeidet, og det vart sett opp sju regionale kriterium for behandling av søknadar. Desse kriteria vart tatt opp i Samarbeidsrådet før søknadsperioden våren 2010, og blei vidareførte.

Fylkesmannen ser samarbeidet om dei regionale kriterium som godt og nyttig for saksbehandlinga.

Alle 26 kommunar og fylkeskommunen søkte om og fekk tilskott til etterutdanning i 2010. 10 private skoleeigarar mottok også midlar til etterutdanning. Av desse skal ein privat skoleigar betale tilbake kr. 20 000 til Fylkesmannen (sjå avsnitt under om spanskurs).

Søknadene frå dei offentlege skoleeigarane er ofte svært gode. Det vert lagt vekt på prioriterte fagområde for etterutdanningsmidlar, andre nasjonale satsingsområde, kontakt med kompetansesenter av ulike slag og eigendelen til kommunane står ofte i godt samsvar med søkt sum. Det er framleis fleire offentlege skoleeigarar som søker om etterutdanningsmidlar til *vidareutdanningstiltak*. I 2010 søkte likevel dei fleste offentlege skoleeigarar om tilskott til fleire relevante og gode *etterutdanningstiltak* enn det var midlar til.

Søknadene frå private skoleeigarane er også ofte gode. Det er samstundes fleire private skoleeigarar som ikkje søker om etterutdanningsmidlar, og nokre av søknadene som kjem inn, er mindre gode. Tiltaka dei søker om kan vera vidareutdanning, og fleire tiltak gjeld fagområde utanfor dei prioriterte områda. Ut frå søknadspapira og telefonsamtalar ser det ut til at dei private skoleeigarane ikkje er like godt informerte om dei nasjonale kompetansehevingsstrategiane som dei offentlege skoleeigarane. Dei private skoleeigarane har fått same informasjon som dei offentlege. Det kan sjølv sagt vere slik at dei private skoleeigarane ikkje føler at den statlege kompetansehevingsstrategien er relevant for dei, og at dei derfor vel dette vakk. Fylkesmannen vil likevel vurdere om andre informasjonstiltak trengs i komande søkerunde.

Den ekstra tildelinga av etterutdanningsmidlar hausten 2010 vart positivt mottatt. Dei fleste skoleeigarar hadde fleire tiltak i søknaden enn dei hadde fått tilskott til. På Skolefagleg forum (Fylkesmannen, skolefaglege ansvarlege frå kvar kommune, fylkeskommunen, KS, Utdanningsforbundet, universitet og høgskolar) informerte Fylkesmannen om den ekstra tildelinga, og la fram forslag om at eksisterande søknader skulle nyttast i ekstrarunden, men at dei som ønskte det, kunne sende inn ny søknad. Det vart akseptert og informert om til alle skoleeigarar. Nokre få skoleeigarar nytta høvet til å endre søknaden og sende ein ny versjon til Fylkesmannen. Der vi ikkje mottok ny søknad, nytta vi eksisterande søknad om etterutdanningsmidlar.

Denne framgangsmåten tok noko lenger tid enn ei direkte tildeling etter eksisterande søknader. Fylkesmannen meiner likevel det var riktig å involvere skoleeigarane i denne tildelinga, blant anna fordi nokre etterutdanningstiltak i søknadane frå våren 2010 ikkje lenger var aktuelle hausten 2010. Skoleeigarane har ikkje klaga på tidsbruken. Fylkesmannen vil likevel sjå om det er råd å effektivisere prosessen dersom det vert ekstra tildeling hausten 2011.

Den misnøya som skoleeigarar har ytra om etterutdanningsmidlar, gjeld størrelsen på tildelinga til fylket. Fleire kommunar, særleg dei mindre kommunane, søker ikkje om statleg tilskott til vidareutdanning då dei reknar vidareutdanningsstrategien som utanfor deira økonomiske rekkevidde. Deira eine moglege kjelde til statleg

tilskott til kompetanseheving av lærarar og rådgivarar vert derfor etterutdanningsmidlane. Nokre av desse kommunane er på lista med 40 skoleeigarar som har skåra dårleg på nasjonale prøvar. Dersom etterutdanningsmidlane skal reduserast kommande sokjerunde, bør dette takast med i vurderinga.

Fleire skoleeigarar i Rogaland ville saman bestille eit etterutdanningskurs i spansk, og fekk tilskott til kursavgifta (10 000 kr pr. pers) gjennom etterutdanningsmidlane. Av ulike årsaker kunne ikkje Universitetet i Stavanger likevel tilby kurset på det planlagde tidspunktet. I samarbeid mellom Fylkesmannen og dei aktuelle skoleeigarane, vart midlane omdefinerte til andre etterutdanningsføremål som var i tråd med dei nasjonale og regionale kriteria. Endringane blei gjorde samstundes med ekstratildelinga av etterutdanningsmidlar hausten 2010.

Ein privat skole som fekk 20 000 til det felles spanskkurset, ønskte ikkje å omdefinere midlane til andre føremål. Skoleeigar fekk tilbod om å sende inn ein ny søknad. 5 000 kr av den ekstra tildelinga til Rogaland hausten 2010 vart også halden tilbake slik at denne skoleeigaren skulle få høve til å søkje. Skoleeigar takka likevel nei til dette. Den private skoleeigaren skal betale dei ubrukte midlane tilbake til Fylkesmannen i Rogaland. På grunn av dette sit Fylkesmannen igjen med ein rest på kr 25 000.

Ut frå søkeradspapira vurderer Fylkesmannen skoleeigarane sine etterutdanningstiltak som relevante i høve til nasjonale satsingsområde og behov i skolane. Ut frå informasjonen om kompetansesenter/ institusjonar som vert nytta, antar Fylkesmannen også at etterutdanningstiltaka er av god fagleg kvalitet. Fylkesmannen har tildelt kr. 10 843 000 til etterutdanning i 2010, og har ein rest på kr 25 000 pr. januar 2011.

Vidareutdanning

I 2009/2010 deltok 67 lærarar i Rogaland på studium gjennom ordninga *Kompetanse for kvalitet*. I 2010/2011 vart det utbetalt tilskott til 150 studieplassar. Det har vore ei stor auke i tal på deltakarar.

Dette må likevel nyanserast. Talet på statlege organiserte studieplassar har også auka frå 2009/2010 til 2010/2011. Ser ein på prosent, ligg Rogaland nokså likt begge studieåra, med ein liten auke frå 2009 til 2010. I 2010 brukte vi 63,4% av midlane som vart tildelt Rogaland. Resten blei trekte tilbake. I 2009 brukte Rogaland 52,8% av midlane.

I Rogaland i 2010/2011 kjem dei 150 deltakande lærarane frå 11 forskjellige kommunar og 4 private skolar. Dei fem mest vanlege faga er matematikk (50 deltakarar), leseopplæring (31 deltakarar), engelsk (19 deltakarar), norsk (15 deltakarar) og rådgiving (11 deltakarar). 103 av lærarane går på statleg organiserte studieplassar, såkalla 'gratis studieplassar'. 47 deltar i lokalt organiserte studium, 'andre studium'.

Det at 11 av 27 offentlege skoleeigarar søker om vidareutdanningsmidlar i tråd med strategien, er den indikatoren som best viser dei ulike oppfatningane av vidareutdanningsstrategien i Rogaland. Nokre få skoleeigarar deltok med relativt mange lærarar i 2009/2010, og deltar med enda fleire i 2010/2011. Detter gjeld Stavanger og Sandnes som saman hadde 41 av totalt 67 deltakarar i 2009 og 82 av 150 deltakarar i 2010. I tillegg står Sauda og Suldal for imponerande 34 studieplassar i 2010/2011, hovudsakleg lokalt organiserte. Desse fire kommunane står for brorparten av auken i tal på deltakarar i 2010, og har altså 116 av dei 150 plassane.

Ein refleksjon i denne samanheng er at den synlege auken i deltaking frå Rogaland er sårbar. Dersom ein av desse deltakande kommunane endrar si deltaking i strategien, vil tala gå ned. Sauda og Suldal har til eksempel fått utsett eit av sine studium til 2011/2012 (sjå avsnitt om dette under). Dette vil føre til mindre søkerad frå desse i 2011.

Det kan sjølv sagt tenkjast at dei deltakande kommunane kan trekke med seg fleire, men situasjonen i Rogaland ser framleis ut til å vera låst på dette punktet. Fleire kommunar går offensivt ut med at dei er imot vidareutdanningsstrategien slik den er i dag. Desse er alle engasjerte i og villige til å bruka eigne midlar til vidareutdanning, men dei meinar ordninga kjem for få lærarar til gode – at det vert produsert for få studiepoeng samanlikna med pengane som vert brukte. Nokre skoleeigarar har allereie gitt uttrykk for at dei også i år vil la vere å søkje i strategien, og vil arbeide for å få ei endring i strategien slik at fleire skoleeigarar vil/kan bruke den.

Sauda og Suldal kommunar har søkt om å utsetje eit sjølvorganisert studium til 2011/2012. Grunnen var at utdanningsinstitusjonen dei hadde kontakt med, likevel ikkje kunne opprette studiet på det planlagde tidspunktet. Etter kontakt med Utdanningsdirektoratet godkjente Fylkesmannen i Rogaland denne søkeraden. Midlane for hausten 2010 vart ikkje trekte tilbake, og midlane for våren 2011 vert også utbetalt som normalt. Kommunane må setje midlane til sides til dette føremålet. Sauda og Suldal skal få på plass ein avtale med utdanningsinstitusjonen om studiet i løpet av våren 2011, og vil rapportere om dette til Fylkesmannen.

Tre lærarar har avbrote studium dei hadde byrja på hausten 2010. To har avbrote studium på gratis studieplassar,

ein på grunn av graviditet og ein av andre årsaker. Ein lærar har avbrote studium organisert av kommunen.

Svangerskapspermisjon i tilknyting til gratis studieplassar har vore oppe til diskusjon i Stavanger og Sandnes kommunar. Læraren frå Stavanger ønskjer å fullføre studiet våren 2011, og har fått 40% redusert svangerskapspermisjon for den tida studiet varer. Svangerskapspermisjonen vert så utvida slik at læraren får oppfylt sine rettar til permisjon. Læraren i Sandnes får utsetje studiet til våren 2012. Kommunen har hatt kontakt med Høgskolen i Bergen om dette. Det er avtalt at begge kommunane får utbetalt vikartilskottet for våren 2011 som vanleg.

Fylkesmannen gav i denne samanhengen kommunane høve til å finne den smidigaste løysinga for å ivareta læraren sin rett til svangerskapspermisjon og avtalen som er inngått når læraren fekk tilbod om og byrja på eit studium som skal vera i arbeidstida. Dette ser ut til å ha fungert godt. Dersom det utviklar seg til å gjelde mange, og andre fylkesmenn møter same problemstillingar, bør nasjonale føringar bli lagde. Kan læraren automatisk få høve til å ta studiet påfølgande studieår?

Total tildeling av vikartilskott og studieavgifter for Rogaland i 2010/2011 er kr. 14 018 632.

Rapportering

Fylkesmannen sendte ut informasjon pr. e-post til alle skoleeigarar om rapporteringa. Informasjon blei også lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Alle skoleeigarar som fekk tildelt tilskott til kompetanseutvikling i 2009, har rapport om bruk av midlar til kompetanseutvikling. Rapporteringa føregjekk i det digitale rapporteringssystemet REV, og blei gjennomført innan tidsramma som var sett.

Fylkesmannen såg at kvalitetssikringa var nødvendig. Det digitale rapporteringssystemet var nytt for alle, og det vart nokre feil på grunn av dette. Mange skoleeigarar hadde også gløymt ekstratildelinga av etterutdanningsmidlar som vart utbetalt hausten 2009. Alle avvik vil ikkje kunne fangast opp i Fylkesmannen sin gjennomgang av rapportane, men det vil vera ei sikring mot ein del feilinformasjon.

Gnist

GNIST-arbeidet i Rogaland fungerer svært godt. Det er jamleg møte i det regionale GNIST-partnarskapet. Desse møta blir lagt same dag som møte i Samarbeidsrådet i Rogaland (sjå avsnittet om samarbeid). Det er også danna eit GNIST-arbeidsutval som har møte ein gang pr. månad.

Partnarskapet har utarbeidd ein handlingsplan for det regionale arbeidet. Både handlingsplanen og det regionale GNIST-arbeidet generelt har etterkvart fått namnet 'RogalandsGNISTen'.

Hausten 2010 starta ein GNIST-prosjektleiar i 100% stilling. Ho skal leia RogalandsGNISTen i to år. Det å ha prosjektleiar i full stilling har gitt ekstra giv for RogalandsGNISTen, og har opna for stor aktivitet på dette satsingsområdet.

Finansieringa av prosjektleiarstillinga er eit spleiselag i GNIST-partnarskapet. Alle kommunane har betalt inn 50 øre pr innbyggjar. Fylkesmannen og dei øvrige partane har bidratt med konkrete summar. RogalandsGNISTen søkte også om og fekk tildelt RUP-midlar. Midlane går hovudsakleg til lønn, men det er også sett av litt til drift.

RogalandsGNISTen har særleg hatt fokus på omdømmebygging og rekruttering. Innlegg på diverse rektorsamlingar i distriktet, artiklar i avisar og utsending av små helsingar er eksemplar på arbeidet som vert gjort på dette feltet.

Fokuset på vidareutdanningsstrategien er del av RogalandsGNISTen, men er nedtona sidan dette er eit svært kontroversielt tema i fylket. Vi prøver å halde fokus på det vi har til felles, våre felles mål. Akkurat dette punktet er tildels vanskeleg, særleg for Utdanningsforbundet. Vi har det med i handlingsplanen for RogalandsGNISTen, men i alle fall førebels i små doser.

Fylkesmannen og partane er svært nøgde med GNIST-arbeidet i fylket. Vi set også stor pris på samarbeidet med GNIST-sentralt. Representantar frå GNIST sentralt deltok på møte i arbeidsutvalet for RogalandsGNISTen. Samarbeidet om standen på Utdanningsmessa januar 2011 vær særleg vellykka.

Vurdering

Samla ressursbruk i avdelinga i 2010 var omlag 20 dagsverk til samarbeidsorgana for kompetanseheving og

kompetansedeling, 30 dagsverk i gnistarbeidet og 60 dagsverk for øvrig arbeid med kompetanseutvikling 32.2, totalt ca 110 dagsverk.

Samarbeidet med partane i strategien gjennom Samarbeidsrådet og Skolefagleg forum har vore godt, men det er ei stor utfordring at haldninga til skoleeigarane i høve til strategien er så ulik. Samla sett er det trass i lågt tal studieplassar, grunn til å konkludere med at måloppnåinga vår er forsvarleg.

Målloppnåinga i gnistarbeidet er svært god.

I 2010 fekk Fylkesmannen ny rådgivar for arbeidet med 32.2. Dette vil naturleg føre med seg ein viss innkjøringsperiode. Dette har fungert godt.

32.3 Skoleporten

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale foreligg i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovervaking. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelige for avdelinga. I analysearbeidet møter vi utfordringar med rapportfunksjonen sin kapasitet, stabilitet og utforming.

Samla ressursbruk for Skoleporten er 20 dagsverk. Kompetansen i arbeidet med Skoleporten vurderast som god. Vi har nådd måla for resultatområdet, men ser at vi ikkje har full oversikt over kommunane sin bruk av Skoleporten sine ulike komponentar. I 2011 ønskjer vi å få eit betre inntrykk av analysekompetanse i kommunane, og tilby å auke denne der det er ønskjeleg.

1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?

Ja

Øvrige kommentarer

2. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?

Ja

Beskriv hvordan

Skoleportens resultat- og læringsmiljødel nyttast aktivt i tilsynsarbeidet, saman med andre kjelder som GSI, SSB og innrapporterte hendingar. Når det kjem nye tal i Skoleporten, blir desse analyserte og satt inn i et system for områdeovervaking. Dette systemet blir igjen lagt til grunn for val av tilsynsobjekt. Når ein kommune er valt for tilsyn, nyttast dei same kjeldene til val av skoler som skal delta i tilsynet. Skoleporten er særsviktig i utveljinga av tilsynsobjekt for tilsyn med det psyko-sosiale miljøet. For å få betre grep om elevundersøkinga, nyttar vi og grunnlagstala i "rapportportalen". I god tid før tilsynet, får tilsynslaget eit dokument med fakta om kommunen. Dette inneheld bakgrunnsfakta frå SSB og informasjon frå GSI, ved sida av tal frå Skoleporten. Her settes kommunen og skolen sitt resultat i samanheng med snitt i fylke og kommunegruppe, i tillegg til utviklingstrekk og trendar.

3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?

Resultata frå elevundersøkinga og nasjonale prøvar, nyttast i stor grad av kommunane. Dette er synleg i lokal presse. Når det gjeld organisasjons- og ståstadanalysa, har vi ingen oversikt over korleis denne nyttast. Vi har heller ikkje oversikt i kor stor grad malen for tilstandsrapport i Skoleporten blir nytta.

4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

- tilstandsrapporten er eit for stort og omfattande dokument for framlegging politisk. - rapportfunksjonen har eit kapasitetsproblem. Har ein store eigendefinerte grupper med skolar, klarer ikkje portalen å få fram tala. -skal ein eksportere resultata, er det knytt store problem til funksjonen "Utvidet nedlasting". Denne fungerer berre når talet på einingar er lågt. -samanhalding av resultata frå fleire kommunar blir arbeidskrevjande når nokre kommunar berre har ein skole. Er ein pålogga som fylkesmann bør kommunar med berre ein skole vere synlege på aggregert nivå (kommunenivå).

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

"Forsøk med fremmedspråk på 6.-7. trinn 2010-2012"

Fylkesmannen informerte skoleeigarane i fylket om forsøket og sendte ut brev med utlysing. Det kom fleire spørsmål frå skoleeiarn om hjelp til budsjettforslag. På bakgrunn av innsendte søknader blei i fyste omgang seks skoler innstilt. Etter førespurnad frå Fylkesmannen i Rogaland til Utdanningsdirektoratet fikk Rogaland ha med to ekstra skolar på grunn av manglende interesse andre stader i landet. Kommunane blei så informert om det endelege valet av deltakarskolar. Fylkesmannen tildelte midla frå Utdanningsdirektoratet til skoleeigarane.

Fylkesmannen deltok på oppstartkonferansen i Oslo i september. Ved oppstart av forsøket i haust blei det nok ein heil del ekstra spørsmål frå skoler/skoleigare i samband med at UiS falt bort som tilbyder. Kontakten frå skoleeigarane handla om uro over manglende informasjon, svekka moglegheit for deltaking på samlingane som følgje av endra datoar, lengre reis og større utgifter enn tildelte middel.

"Erfaringskonferanse om faga Utdanningsval og elevrådsarbeid"

Fylkesmannen inviterte kommunar og skolar til å leggje fram sine erfaringar med faga Utdanningsval og Elevrådsarbeid på ein erfaringskonferanse i Stavanger i oktober 2010. Det møtte 16 representantar frå fylkeskommunen, tre ulike kommunar og frå Haugaland Vekst, samarbeid skole-næringsliv. Det blei ei god erfaringsdeling. Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet fekk med seg nyttige innspel til vidare arbeid med å vurdere faga.

"Vurdering for læring"

Fylkesmannen har vald ut skoleeigare/skolar, funne fram til regionale ressurspersonar og fungert som bindeledd mellom Utdanningsdirektoratet og ressurspersonar/skoleeigare med hensyn til økonomiske midler og innhenting av rapportar. Fylkesmannen har arrangert møte med ressurspersonar, vurdert planar for gjennomføring og delteke på nasjonale samlingar.

"Forsøk med nytt praktisk fag på ungdomstrinnet - arbeidslivsfag"

Fylkesmannen har vald ut 6 skolar i 4 kommunar til å delta i forsøket og er koordinator for ei fylkesvis nettverksgruppe. Til saman 85 elevar ved skolane har vald arbeidslivsfag skoleåret 2010-2011. Fylkesmannen har deltatt på ei dagssamling for forsøksskolane i Oslo og har vore på eit heildagsmøte i Utdanningsdirektoratet om organisering og gjennomføring av forsøket. Hausten 2010 gjennomførte Fylkesmannen ei nettverkssamling i Stavanger med til saman 40 deltagarar frå alle forsøksskolane, Utdanningsdirektoratet, Rogaland fylkeskommune, vidaregåande skolar, NHO-Rogaland, Haugaland skole-arbeidsliv, KS-Rogaland, Utdanningsforbundet, Universitetet i Stavanger, Høyskolen Stord-Haugesund og "Gnist" Rogaland. Kongseik skole i Tønsberg var invitert med for å formidle erfaringar med ma. vurdering i det nye faget. 2 arbeidstakarar har samarbeida om å utføre oppdraget med å koordinere nettverksgruppa og har fått god tilbakemelding både frå Utdanningsdirektoratet og skolane i forsøket.

Skolenedlegging

Kartlegginga av årsaker for nedlegging er gjort og oversendt UDIR

Dronning Sonjas skolepris

Informert og bede om tilbakemelding frå skolane. Det var i år ingen nominasjoner til prisen frå Rogaland

Rettleiarkorps

Intervjua, følgt opp og motivert våre 4 "40 kommunar" til å søke seg med i SKUP prosjektet. Vi lukkast ikkje i å få med den eine av desse kommunane, men har i staden fått med ein kommune som ikkje var på "40 lista"

Delteke i motiveringsarbeid og UDIR sine samlingar for å motivere til søknad til rettleiarkorpset.

Fylkesmannen tykkjer vi har brukt tenelige metodar og strategiar for å nå måla. Vi vurderer resultatoppnåinga som god sett i lys av ressursar, kompetanse og forhold i fylket.

32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01

Svært mange av dei førespurnadene vi får pr. telefon og e-post, gjeld informasjon og rettleiing på dette resultatområdet.

Oppdraget er elles blitt utført gjennom følgjande tiltak:

- Eit omfattande tilsyn med tema spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i ein av bykommunane. Fire barnehagar og fire skolar var involvert i tilsynet
- Tilsyn i fire kommunar med tema spesialundervisning. Eit av desse tilsyna var eit oppfølgingstilsyn etter tilsyn i 2008 med same tema. I tillegg var minoritetsspråklige elevar ein del av dette tilsynet.
- Innlegg på to nettverksamlinger for barnehagetilsette (§ 5-7)
- Deltaking i ei vidareføring av prosjektet "Dei utfordrande barna"- ny prosjektperiode for 4 kommunar
- Spesiell oppfølging og møte med PPT og kommuneleiringa angåande tre elevsaker i tre kommunar knytt til det spesialpedagogiske området
- Rettleiing og møte med kommune- og skoleansvarlege i to elevsaker i ein kommune

Fylkesmannen har i 2010 hatt ei omfattande kursrekke innanfor dette resultatområdet. Nedanfor er ei oversikt over dei ulike samlingane:

- 28.01.2010 - Skoleleiarar, spes.ped.ansvarlege og PPT i Dalane regionen
- 02.02.2010 - PPT- tilsette
- 17.02.2010 - Tilsette i Bufetat
- 04.05.2010 - Skoleleiarar, spes.ped.ansvarlege og PPT i Hå kommune
- 05.05.2010 - Regelverksamling i Nord-fylket
- 20.05.2010 - Skoleleiarar, spes.ped.ansvarlege og PPT i Midt-Ryfylke
- 02.06.2010 - Regelverksamling i Sør-fylket
- 18.10.2010 - Leiarar og tilsette ved Møllehagen skolesenter
- 18.11.2010 - Leiarar, rådgivarar og spes.ped.ansvarlege i Rogaland fylkeskommune

Etter Fylkesmannen si vurdering har det vore ei omfattande oppfølging på dette resultatområdet i 2010, og dermed svært høg måloppnåing. Regelverkssamlingane har vore fullteikna, og utdanningsavdelinga har blitt oppfordra til å følgje opp med slike samlingar også i 2011. Det har vore svært positive tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort på dei ulike samlingane. Behovet for informasjon om forvaltninga på dette området er stort. Vi har svært positiv erfaring også med å møte kommunane åleine; at alle dei ansvarlege på kommunenivå, på skolane og i PP-tenesta får høyre det same samtidig. Innhaldet på samlingane har i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og opplæringslova knytt til kap. 5, også vore ein gjennomgang av erfaringar og funn gjort i tilsyn på området. Der vi har møtt den enkelte kommune/region har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt. Vi har vore bevisste på også å formidle positive funn. Det er vidare gode tilbakemelding på at vi har møtt ansvarlege på kommune- og skolenivå i vanskelege elevsaker.

Resultatområde 33 Tilsyns- og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen har forvalta dei statlege tilskota etter retningslinene frå Kunnskapsdepartementet for kvar einskild tilskotsordning. Dette omfattar i hovudsak formalia- og rimelegkontroll av alle søknadar og stikkprøvekontroll på nokre av søknadane. Særskilt rapportering for kvar tilskotsordning blir gitt på Kunnskapsdepartementet sine skjema for gjennomført tilskotskontroll.

Fylkesmannen konstaterer at måloppnåinga på tilskotsområdet er god. Saksmengda er om lag lik som i 2009, og saksbehandlingstida i 2010 har i hovudsak vore innanfor ein månad. Det er gjennomført kontroll etter retningslinene for kvar einskild ordning.

Det er utbetalt følgjande beløp i dei ulike tilskotsordningane:

0231-61 Investeringstilskot	12 137 798
0231-62 Barn med nedsett funksjonsevne	84 096 532
0231-63 Språkforståing min. språklege	8 835 581
0231-64 Faste plasser midlertidige lokalar	4 560 000
0231-65 Skjønnsmiddel	702 687 988

Det er utbetalt totalt omlag 2,62 milliardar kroner til drift og investering innan barnehagefeltet i Rogaland i 2010. Den største delen av dette er driftstilskot til alle godkjende barnehagar.

Søknader om statlege tilskot, der tilskot er tildelt, er registrerte i ”Fylkesmennenes tilskuddsprogram-barnehager”. Samla tal på registrerte saker er 770 i 2010. 45 søknader fra 09 blei behandla i 10. (Tal fra 09 står i parentes);

Årsmeldingar: 479 (475)

Endringsmeldingar: 275 (256)

Opningsmeldingar: 5 (16)

Mellombelse lokale: 6 (16)

Investeringstilskot: 5 (11)

Samla tal: 770 (774)

Per januar 2010 har Fylkesmannen små restansar på ubehandla saker som gjeld tilskot på barnehagefeltet (24 saker). 14 av desse sakene er etterslep av søknader om driftstilskot 2010, 3 er klager på vedtak om driftstilskot, 4 er søknader om investeringstilskot og 3 er søknader om tilskot til faste plassar i midlertidige lokale.

Avslag

Fylkesmannen har gjeve avslag på 10 søknader om driftstilskot. 3 av avslaga er gjevne då endringane var tilfeldige svingingar (nettoendring på 1 barn), 3 fordi det ikkje var auke i talet på barn, 4 fordi det ikkje var plass til barna innanfor godkjenninga til barnehagen.

Vidare er det gjeve avslag på 5 søknader om investeringstilskot. 3 av avslaga er gjeve med grunngjeving at meirverdiavgiftskostnadene overstig maksimalt investeringstilskot, 1 med grunngjeving at det ikkje var auke i talet på barn med barnehageplass, 1 med grunngjeving i betre kapasitetsutnytting.

Det er også gjeve avslag på 4 søknader om tilskot til faste plassar i mellombels lokale. 2 avslag er gjeve då dei midlertidige lokala blei omgjorte til permanente lokalar, 1 då barn og personale ikkje skulle flyttast samla til permanente lokalar og 1 då barnehageplassane ikkje kunne reknast som nye.

Klager

7 av FM sine vedtak er påklaga; 2 vedtak om investeringstilskot, 4 vedtak om driftstilskot og 1 vedtak om tilskot til faste plassar i mellombelse lokale.

KD har i 2010 hatt 7 klagesaker til behandling og teke avgjerd i 6 av klagesakene. Alle 6 vedtaka blei stadfesta.

Fylkesmannen har restanse frå 2010 på 3 klager som kan bli sende til Kunnskapsdepartementet.

33.2 Klagesaksbehandling

Talet på klagesaker er relativt lågt, men enkelte er kompliserte og tidkrevjande. Dette gjeld særleg saker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlige tilskott.

Klager økonomisk likeverdig behandling

Saksbehandlingstida i saker om likeverdig behandling har vore frå 1-6 mnd. Lang saksbehandlingstid skuldast

både kompleksiteten i sakene, behov for innhenting av fleire opplysningar og stor saks mengde elles i avdelinga. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lang.

Fylkesmannen har gjort vedtak i 9 saker om økonomisk likeverdig behandling i 2010, fem av desse kom inn i 2009. I fem av klagene er kommunen sitt vedtak stadfesta, og i fire av sakene er vedtaket oppheva og saka send tilbake til kommunen for ny behandling. I to saker har Fylkesmannen funne grunnlag for å omgjere sitt eige vedtak etter ny avklaring om lovforståinga i departementet (ei sak om om budsjettering av foreldrebetaling og ei sak om lærlingetilskott med i kommunen sitt grunnlag).

Klagegrunnlaget for sakene som var avgjorde i 2010, var mellom anna fordel av leige i kommunale lokale, feil utrekning av tilskott, utgifter til lærlingar i kommunen sitt grunnlag, om foreldrebetaling skal speglia aktiviteten, avvik mellom tal i KOSTRA og i kommunen si utrekning av tilskott.

Fire klagesaker motteke i 2010 var ikkje ferdigbehandla ved årsskiftet. Ei av desse gjaldt avkorting av tilskott til ein av dei store private barnehageeigarane. Denne saka er svært krevjande og krev avklaring i departementet.

Fylkesmannen har brukt mykje tid på dei nye reglane som gjeld frå 1.1.2011, både i samband med høyringa og gjennom informasjon og rettleiing. Vi har hatt ei todagars samling for kommunale og private barnehageeigarar og kommunar. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar etter samlinga.

Andre klager på barnehagefeltet

Fylkesmannen har behandla ein klage som galdt avslag på etablering av familiebarnehage. Kommunens vedtak vart stadfesta. I ei sak om arealbereking fekk klagar delvis medhald. Fylkesmannen fatta nytt vedtak. Utover desse har det ikkje kome inn klager i forhold til barnehagelova.

(Saker om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av resultatområde 31.2.)

Måloppnåing

Sjølv om talet på mottekne klagesaker er noko redusert frå året før, har kompleksiteten auka. Det var avsett i alt 53 dagsverk til desse sakene, og oppdraget er løyst innafor desse ressursane. Sakene er krevjande både i forhold til tidsbruk og innhald og inneber mykje intern drøfting og i nokre høve avklaring med departementet. Oppdraget er løyst hovudsakleg av to tilsette, ein jurist og ein økonom. Vi meiner kvaliteten på saksbehandlinga er god, men sakene har for lang saksbehandlingstid og vi arbeider med å redusere den.

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevret/returnert Sum	innkommet 2009
Barnehageloven § 10				
Forskrift om familiebarnehager § 7				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	0	4	0	4
Forskrift om foreldrebetaling § 5				
Barnehageloven § 16				
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3				
Merknad				

Talet på klager er redusert frå totalt 10 innkomne saker i 2009 til 8 innkomne saker i 2010. Av sakene innkomne i 2010 er 4 ferdigbehandla. Vi saknar ein rubrikk for "Ikkje behandla". Det hadde i det heile vore meir meiningsfullt å rapportere og beskrive dei ferdigbehandla sakene i staden for dei innkomne klagesakene. I tekstrapporteringa har vi beskreve den saksbehandlinga vi har hatt i 2010 uavhengig av når dei kom inn.

33.3 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Vi nyttar dei faste nettverka med kommunane til å gi informasjon om nasjonale prioriteringar og om regelverket, i tillegg til

informasjon på nettsidene våre. Førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt.

Fylkesmannen har sett særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde og likeverdig økonomisk behandling. Det er arrangert ei samling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane med tema tilsyn og godkjenning, med utgangspunkt i erfaringar fra tilsyn. Vi har også arrangert ei fagleg samling for både kommunale- og private barnehageeigarar der temaet var "*Barnehageeigarsrolla - Kva nå?*" Til slutt hadde vi ei todagars regelverksamling for både private og kommunale barnehageeigarar om nytt regelverk for likeverdig behandling.

Fylkesmannen har også deltatt på nettverk for styrka barnehagetilbud der formelle sider ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp og gjennomgang av rettleiaren på det spesialpedagogiske området har vore sentrale emne.

Informasjon til kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar blir gitt både på førsepurnad og gjennom aktiv bruk av nettsidene våre. Elles nemner vi den årlege barnehagekonferansen som eit av tiltaka også på dette resultatområdet, sjå meir om den på 39.2.

33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2010 ført tilsyn med fire kommunar etter systemrevisjonsmetoden på barnehagelova sitt område. Tema for tilsyna har, som i 2009, vore kommunen som godkjenningsmyndighet og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Det er mellom anna gitt avvik på at fleire av kommunane ikkje grunngir vurderingane som ligg til grunn for vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova, og at kommunen ikkje sikrar at alle lovbestemte vurderingar er gjorde før vedtak vert fatta. Vidare er det gitt avvik på at at tilsynsrituinane er mangelfulle når det gjeld overordna planlegging, og at tilsynet ikkje dekkjer alle krava i lova. Det er også gitt avvik på at tilsynsrituinane ikkje har avdekt faktiske brot på lova. I ein av kommunane vert det ikkje konkludert med avvik.

Utover dette har fylkesmannen hatt tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i ein kommune. Dette er omtalt under resultatområde 31.1. På barnehagefeltet har tilsynet gitt oss eit innblikk i kommunen si systemtenking og forvaltningspraksis på området.

Kommunane er valde m.a. på bakgrunn av den kjennskapen vi har til kommunane gjennom kontakt i nettverk og samlingar, særleg i høve til kompetansen i kommunaleddet. Men vi valde også å leggje ei viss vekt på å ha med både store og små kommunar. Det dessutan tatt omsyn til samordning med anna tilsyn frå Fylkesmannen.

Vi har fått melding frå tilsynskommunane om at avvik på kommunen si godkjenning av barnehagar vil bli lukka ved at kommunane etablerer nye rutinar for å sikre saksutgreiing i tråd med regelverket. Vi har fått tilsendt eksempel på nye godkjenningsvedtak. Avvik i samband med tilsyn med barnehagane er lukka ved at kommunen utarbeider plan og rutinar som sikrar at kommunen gjennomfører tilsyn i tråd med regelverket. Dette gjeld dels tilsyn gjennomførte i 2009, med oppfølging i 2010.

Vi har som i 2008 og 2009, bede om å få tilsendt nye vedtak om godkjenning/saksutgreiingar frå kommunane for å sikre at det ligg føre gyldige vedtak. Innhentinga skjer i samband med opningsmelding og søknad om driftstilskot for nye barnehagar. Kommunane fekk ei samla tilbakemelding om funn og manglar i saksutgreiingane og informasjon om krava i barnehagelova våren 2009. Vi ser ei betring av rutinane på dette området i mange kommunar, men enkelte har framleis utfordringar.

Samla sett har det etter vårt skjøn vore god måloppnåing på tilsynsfeltet også i 2010.

Tilsynsobjekt:	Eigersund kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 10 og 16
Viktigaste aktiviteten har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. For 2010 har desse prosjekta fått tildeling:

Kommune	Prosjekt	Tilskot 1000 kr	Saman med
Eigersund	Organisasjonsgjennomgang	350	
"	Evaluering av integreringsarbeidet	150	
Sandnes	Omstillingsprosjekt- driftstilpassing	400	
Stavanger	Stordriftsfordeler og dimensjonering av grunnenheter i kommunale tjenester	400	Sandnes
Haugesund	Trygghetssykepleier	400	
"	Hukommelsteam	400	
"	Prosjektet "Klare" - kompetanseutvikling for arbeid med barn med autisme	218	
Tysvær, Karmøy, Suldal, Vindafj., Etne, Sveio			
Time	Ressurskommuneprosjekt universell utforming	200	Klepp
Gjesdal	"God oppvekst"	340	
Suldal	Felles økonomi- og virksomhetsstyring	400	Strand, Hjml, Sauda
Sauda	Driftstilpassingsprosjekt	200	
I alt kr	3 458 000		

Ramma er auka frå kr 1 658 000 i 2009.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ansvaret for overordna koordinering og utvikling innafor tilsynsområdet hos fylkesmannen i Rogaland blei i 2007 lagt til ein avdeling, Forvaltningsavdelinga. Avdelinga utnemnde ein tilsynskoordinator med naudsynte fullmakter og ressursar. Tilsynskoordinator koordinarar arbeidet i eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte.

I 2010 gjennomførte tilsynslaget/tilsynskoordinator mellom anna følgjande:

Kompetansebygging:

- Faste møter i tilsynslaget, månedleg eller oftare. Møtene fungerer mellom anna som arena for utveksling av erfaringar som utgangspunkt for samordning av praksis.
- Arrangert tilsynsforum for embetet med mellom anna presentasjon av Arbeidstilsynet og Mattilsynet sine organisasjonar og tilsynsverksemd

Praktisk samordning/Koordinering:

- Samordna utvalet av kommunar for planlagde tilsyn frå Helsetilsynet og Fylkesmannen sine fagavdelingar
- Utarbeida informasjon om planlagde kommuneretta tilsyn frå Fylkesmannen, Helsetilsynet i fylket, Mattilsynet og Arbeidstilsynet i 2010 og sendt denne til kommunane/fylkeskommunen med kopi til andre tilsynsetatar og kommunervisjonsorgan
- Publisert tilsynskalender med dato og kontaktperson for Fylkesmannen og Helsetilsynet sine tilsyn
- Publisert alle tilsynsrapportar samla
- Gjennomført to kontaktmøter med Mattilsynet og Arbeidstilsynet
- Kontakt med Rogaland Revisjon IKS om tilsynsplanaar

Samordning av reaksjonar:

- Gjentekne gonger minna aktuelle statlege tilsynsorgan om plikta til å varsle Fylkesmannen om pålegg som kan få vesentleg verknad for kommunar
- Fylkesmannen har til nå ikkje hatt nokon slik dialog med kommune/tilsynsorgan

Tilsynslaget har brukt mykje ressursar på arbeidet med tilsynskalender. Embetet arbeider saman med Trippelnett om å lage ein ny mal for presentasjon av dokumentar (mellan anna tilsynsrapportar) på nett, men dette vil ikkje løysa behovet for ein kalender med datoar for koordineringsbehov. Etter det vi forstår er det fleire embete som ønsker at det skal bli utvikla ein betre tilsynskalender. Vi meiner at det ville vere ressursbesparande totalt sett om det vert laga ei god løsing som kunne vere felles for alle embeta.

Vi ser store utfordringar når det gjeld koordineringa i høve til tilsynsverksemda til Arbeidstilsynet. Denne verksemda er organisert i prosjekt med eigen prosjektansvarlig, og tilsynsobjekt blir valde ut gjennom heile året. Det er såleis svært mange som må vere kjende med plikta til å varsle Fylkesmannen og koordinering i tid blir svært vanskeleg å gjennomføre.

Vi ser og at den strenge styringa av tilsynsverksemda frå sentrale organ, gjer det vanskeleg å få til ei god samordning på lokalt nivå. Det er til dels umuleg å opptre einskapleg og også vanskeleg å koordinere slik situasjonen er nå. Vi ønsker oss at sentrale styrande organ som til dømes Utdanningsdirektoratet, Helsetilsynet sentralt og Arbeidstilsynet sentralt kunne ha ein dialog kring dette.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelser i Kommuneloven

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) treng lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan og godkjenning av låneopptak. Det har ikkje vore kommunar i registeret etter 2007 før Haugesund blei registrert inn i juli 2010.

Vi har også gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Sandnes på bakgrunn av mindretalsanke.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjar 8 vedtak om å stilla kommunal garanti. Alle vedtaka blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhenta ytterlegare opplysningar før godkjenning. Vi godkjende også 10 lånevedtak frå interkommunale selskap. Også her har det i ein del tilfelle vore nødvendig avklaringar, først og fremst knytt til selskapsavtalar/fullmakter frå deltakarkommunane. Etter at Haugesund blei innmeld i ROBEK har vi godkjent eitt vedtak om låneopptak.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Sjølv om vi ikkje har hatt ROBEK-kommunar dei siste åra har vi gitt skriftleg tilbakemelding på budsjett/økonomiplan av meir retteliande art til ein del kommunar kvart år, hovudsakleg kommunar som kan vera i ”faresonen”. Vi prøver å ha oppfølging og dialog særleg med desse kommunane gjennom året, for nokre av kommunane hadde vi eigne møte. I 2010 kom dessutan Haugesund inn i registeret.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneopplegget, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 25 artiklar blei lagt ut på sida for Kommuneøkonomi i 2010.

Kommunane blei orienterte om kommuneopplegget for 2010 på møte om Kommune-proposisjonen i mai. Tilbakemeldingane i etterkant var positive. Vi hadde også eit nett- og e-postbasert informasjonsopplegg for statsbudsjettet i oktober.

Når det gjeld KOSTRA arrangerte vi også i 2010 eit KOSTRA-seminar for kommunane. 91 deltok, noko som truleg er rekord. Tilbakemeldingar tyder på at det framleis er grunnlag for slike samlingar.

Vi har også i 2010 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane, m.a. IKS-rapporteringa. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelige, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det årlege KOSTRA-seminaret held vi av denne grunn i perioden mellom første publisering 15. mars og fristen for retting.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

63.1 Kommunalrett

I tillegg til dei reine sakene, jf tabelldata, kjem det mange spørsmål knytt til kommunelov og lov om IKS.
Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighekskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighekskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habiliteit	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	6	6		1	1			
Sum	6	6	0	1	1	0		

63.2 Valg

Ingen særskilt aktivitet i 2010.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen har behandlet 12 klager på avslag om innsyn etter offentleglova, jf. offl. § 32. I tillegg noen saker som ikke er avsluttet med enkeltvedtak.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Vi har ikke hatt saker etter inndelingslova i 2010.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi oppmuntrer kommunane til å samarbeida om oppgåveløysing der dette er formålstenleg. Såleis er ei god del av fornyingsprosjekta som får skjønsmidlar samarbeidsprosjekt. Vi har også prøvt å sikra grunnlaget for Legevaktssamarbeidet i Ryfylke (4 øy- og fjordkommunar) gjennom skjønstildelinga.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Det kom inn totalt 612 klagesaker etter plan- og bygningsloven i 2010, herunder 543 byggesaker og 64 reguleringsklager.

Fylkesmannen behandla 336 byggesaker og 42 reguleringsklager. Av disse ble klager gitt medhold i 64 byggesaker, dvs. 19 %.

Klager er ikke gitt medhold i noen reguleringssaker.

Ved utgangen av 2010 var det totalt 322 saker i restanse.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 9,08 mnd. Dette er lengre enn departementet si målsetting på 3 mnd.

Overskridninga skyldast mishøve mellom ressursar og innkomne saker.

Det er vidare gjeve 4 uttaler i saker som blir vurdert av sivilombudsmannen.

Vi har delteke i førebuing, og vore partsvitne, i 2 rettssaker.

Fylkesmannen i Rogland er fast settefylkesmann i saker som Fylkesmannen i Vest-Agder har sagt seg inhabil til å behandle etter kap II i forvaltningsloven. I tidsrommet 1.3-31.8.2010 ble dette utvidet til også å gjelde slike saker fra Fylkesmannen i Hordaland. Totalt antall innkomne settesaker i 2010 var 180, og av disse var det 133 saker fra Hordaland.

I 2010 har vi arrangert opplæring i ny pbl., byggesaksdelen, for kommunene i fylket, 2 dager. I tillegg er mye tid medgått til forberedelser og til egenopplæring ifm. ny lov og opplæring.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det er mottatt tre saker i 2010.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	1			En sak mottatt i 2010, som ble behandlet februar 2011.
Sum	1	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0	0	Ingen saker i 2010.
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde Kapittel 1510 Fagdep.

62 Kommuneøkonomi	kr 1 089 148,51	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 3 677 445,41	kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 555 591,30	kr 0,00
Sum:	kr 5 322 185,00	kr 0,00

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har i 2010 handsama 230 klagesaker, herunder 7 saker om kvalifiseringsprogram. Av desse vert 218 saker stadfesta, 10 vert omgjort og 2 oppheva. (Fylkesmannen har rapportert om klagesaker direkte til Helsetilsynet).

Fylkesmannen har gitt skriftleg innspel og deltatt på samling med direktoratet i samband med arbeidning av nytt rundskriv.

I samband med ny Lov om sosiale tenester i NAV har fylkesmannen hatt opplæring for tilsette i NAV-kontora. 124 tilsette deltok på opplæringa. I tillegg fekk leiarane eiga opplæring.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Fylkesmannen og NAV fylke har hatt felles leiarsamlingar kvart halvår. Dette er ein god måte å sikra einskapleg informasjon, vedlikehalde og tilføre kompetanse og utveksle erfaringar.

Fylkesmannen har jamnleg invitert KS og NAV fylke til møter på regional likeverdig samarbeidsarena. Her vert utvikling og utfordringar i NAV drøfta, så vel som aktuelle tema, til dømes ungdom som fell ut av skule og arbeidsmarknad.

Kommunar og NAV-kontor har blitt oppmoda til å søkje kompetansetilskott på ulike satsingsområde innanfor dei sosiale tenestene, og det er tildelt tilskott på omlag kr 250 000,-.

Fylkesmannen har lagt til rette for - og deltek på - faglege nettverk for kompetanseutvikling og erfarringsutveksling på sosialtenesteområdet.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Sjå eiga rapportering

73.4 Utenrettlig økonomisk rådgivning

Det er etablert eit fagleg nettverk for heile fylket med halvårlege treff. Deltakinga på dei to nettverksmøtene har vore god, med i overkant av 30 deltagarar frå 16 kommunar på siste samling.

Fylkesmannen har også arrangert vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving med 44 deltagarar frå 15 kommunar.

Småkommunane har blitt oppmoda til å søkje Arbeids- og velferdsdirektoratet om midlar til interkommunalt samarbeid. To kommunar har søkt slikt tilskott, etter anbefaling frå fylkesmannen, og har fått positive signal om tilskott neste år.

73.5 Boligsosialt arbeid

Det blei arrangert bustadsosial konferanse og nettverk saman med Husbanken, region vest i september. På konferansen var det 90 deltagarar og på nettverket 50.

Fylkesmannen og Husbanken, region vest har hatt 2 årlige møter. Det har også vore konkret samarbeid mot ein skilde kommunar i forhold til framskaffing av bustader og oppfølging i bolig.

Fylkesmannen forvaltar tilskot til bustadsosialt arbeid. I 2010 blei 5,4 mill fordelt på 11 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettsider og i eige seminar der kommunane blei invitert. Kommunane med tilskot er blitt følgd opp med vitjingar og tilskot til barnefattigdom og kommunalt rusarbeid er sett i samanheng med bustadsosialt arbeid.

73.6 Barnefattigdom

Fylkesmannen forvaltar tilskot til barnefattigdom. Rogaland fikk 1,4 millionar til fordeling på 5 kommunar. Kommunane med tilskot er følgd opp etter tildeling.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 1 124,50	kr 677 339,29
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 1 985,60	kr 60 887,28
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 531 887,13	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 5 563,70	kr 0,00
Sum:	kr 540 560,00	kr 738 226,00

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Fylkesmannen har i 2010 hatt noko kontakt med koordinerande eining tilknytta Helse Vest HF, mellom anna gjennom eit eige informasjonsmøte for alle tilsette i helse- og sosialavdelinga.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Ingen tiltak

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen i Rogaland har og i 2010 gjeve bistand til Helsedirektoratet når det gjeld oppfølging av unge personar som bur i alders- og sjukeheimar. I alt ti kommunar har Fylkesmannen vore i kontakt med i dette arbeidet, mot tolv kommunar i 2009. Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 ikkje hatt klientsaker som har omfatta unge personar med medsett funksjonsevne i alders- og sjukeheimar.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

Sjå deltema, under

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Samhandling og samhandlingsreformen har vært tema ved fleire møte mellom Fylkesmannen og Kommunane i Rogaland.

På førespurnad har Fylkesmannen halde foredrag for kommunane om dei krava som samhandlingsreforma vil gi. Eige møte om samhandlingsreformen vart halde på Utsira 10. juni 2011.

Fylkesmannen har gjennomgått høyringsnotat til ny Helse- og omsorgslov og utarbeidd høyringsuttale til denne.

Fylkesmannen har initiert et arbeid i Sør-Rogaland for bedre samhandling om barselsomsorgen. Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF har saman med dei 18 kommunane som sokner til sjukehuset, intensivert arbeidet med å få til gode samarbeidsordningar mellom barselavdelingane og helsestasjonene. Både jordmødre på sjukehuset og helsestre i kommunane fortel at dette arbeidet ber frukter.

Fylkesmannen har samla inn oversyn over samhandlingsprosjekt som er planlagt og igangsett i Rogaland i 2010, og delte ut Samhandlingsprisen 2010 til Stavanger kommune.

Prosjekter:

Stavanger Levekårsundersøkelse

Startet i 2004. Hensikt: Avdekke områder med grobunn for levekårsproblemer slik at tiltak kan iverksettes før negative forhold utvikles eller forsterkes.

Gjennomføres på lavt geografisk nivå med kommunen delt i 68 soner og med 18 levekårsindikatorer.

Forankring: Politisk vedtak om at under-søkelsen skal ligge til grunn for kommunens planlegging og drift. Finansiert over det kommunale budsjettet. Samarbeid mellom flere kommunale avd. Datagrunnlag fra SSBPlanlagt gjennom-føring annethvert år fremover. Er ett av flere verktøy for å skaffe oversikt over helsetilstand og påvirknings-faktorer. Bidrar til bedre over-våking av helsetilstand og helse-utfordringer. Bidrar til bedre allokering av ressurser for å motvirke en negativ utvikling. Godt eksempel som er formidlet til, og brukt av andre kommuner i og utenfor fylket.

Stavanger "52 hverdagsturer"

Tiltak under arbeid for å gjøre kjent turveger /rundturer i kommunen. Målgrupper: Kommunens og nabokommunenes befolkning. Hensikt: Øke kjennskap til lavterskelturtilbud for dermed å øke andelen fysisk aktive i befolkningen. Bruk av både papir- og digitale kart, samt bedre skilting. Planlagt egen interaktiv profilside på kommunens nettsted. Forankring: Komm.delplan for natur og friluftsliv 2010-2022. Finansiert av Samhandlings- og komm. midler. Involverer flere kommunale avd, samt Forum for natur og frilufts-liv og andre friv. organisasjoner. Tiltaket retter seg også mot nabokommunene. Informasjonsvirk-somheten er del av kommunens arbeid med tiltak som kan fremme økt fysisk aktivitet. Lavterskeltilbud, kan inngå i tilbud via Frisklivssentral Forventet bedre fysisk/ psykisk form i befolkningen. Markedsføring også mot nabokommunene

Stavanger Livsstilsskolen

Målgruppe: Overvektige barn/ unge og deres familier. Hensikt: Utarbeide et livstilsendringsprogram for familier der barn/unge sliter med overvekt, og med det bidra til økt mestring og glede ved fysisk aktivitet, samt bedre fysisk form for de barn/unge som deltar. Tiltak består av veilednings- støtte-samtaler, kostholds-veiling, aktivitets-tilbud og medisinsk oppfølging. Oppleget planlegges i nært samarbeid med den enkelte

familie. Finansiert av Samhandlings-midler Forankring i helsestasjon-skolehelse-tjenesten. Samarbeid med idrettslag, fysio-ergoterapitjen.ernærings-fysiolog og spes.helsetjen. Start 2010. Kan videreføres. Styrking av helse-stasjons –skoleh.tj. tilbud til denne gruppen Forventes å bedre fysisk form, øke mestrings-opplevelse, bidra til positive endringer i familiens livsstil Godt eksempel som kan ”kopieres” av andre.

76.2 Individuell plan

Fylkesmannen har regelmessig kontakt med kommunane innan ei rekke felt, mellom anna når det gjeld psykisk helsearbeid, på rusområdet og innan tenester for personar med utviklingshemming. Innan desse områda har også fokus vore på bruk av individuell plan. Erfaringsvis ligg arbeidet med individuell plan ikkje så langt framme i arbeidet med dei ovennemnde gruppene. Nokre har ein plan som fungerer etter føremålet, medan mange har ein plan som i praksis ikkje vert nytta som eit arbeidsredskap. Det er og fleire i målgruppa som av ulike årsakar ikkje har individuell plan. Fylkesmannen har i 2010 hatt noko kontakt med koordinerande eining tilknytta Helse Vest HF, mellom anna gjennom eit eige informasjonsmøte for alle tilsette i helse- og sosialavdelinga.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Helsenstsynet i Rogaland har i år gjennomført eit Spredningsprosjekt finansiert med midlar frå Statens helsenstsyn innanfor satsinga på tilsyn med tenester til eldre. Målet med prosjektet er å spreie tilsynserfaringar på ein ny måte, og å initiere til internt kvalitetsarbeid hos deltakarane innanfor det aktuelle tilsynstemaet. KS har delteke i prosjektet og bidrige når det gjeld kontakten med kommunane. Etter alminneleg prosess i tilsynsplanlegginga i embetet tok vi kontakt med ein kommune som var peika ut til systemrevisjon, og spurde om kommunen var interessert i å delta i prosjektet. Derefter vart tre omkringliggjande kommunar som ”tilsynskommunen” hadde eit visst kvalitetssamarbeid med, invitert til å delta i prosjektet. Kommunen valde sjølv ut deltakarane til prosjektet.

Vi hadde eit møte i forkant av tilsynet for alle fire kommunar som deltok i prosjektet og eit møte i etterkant av tilsynet. Sjølve systemrevisjonen føregjekk heilt etter metoden for gjennomføring av systemrevisjon. I oppstartsmøtet vart temaet for tilsynet og internkontrollforskrifta gjennomgått. I melloperiode vart tilsynet gjennomført, og dei andre kommunane fekk i oppgåve og gjera ein intern gjennomgang av tilsynet med fokus på å avdekke område med fare for svikt innanfor tilsynstemaet. Prosjektet vart avslutta med eit møte kor ”tilsynskommunen” presenterte resultatet av funna etter systemrevisjonen, og dei andre kommunane presenterte sine funn. Dagen vart avslutta med ein diskusjon rundt hovudutfordringane innanfor tilsynstemaet og utveksling av idear med tanke på vidare kvalitetsarbeid i og mellom kommunane. Deltakarane har evaluert prosjektet som nyttig og lærerikt, og at dei ved deltaking i prosjektet har avdekkja forbettingsområde.

På samling for alle rådmenn og ordførarar i fylket vart det i desember 2010 halde foredrag om kommunen si internkontrollplikt i nav-kontora.

76.5 Felles digitalt nødnett

Ennå ikkje implementert i Rogaland

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Fylkesmannen i Rogaland arrangerde i samarbeid med Helsedirektoratet og Helse Vest **Nasjonal Helse- og Sosialberedskapskonferanse**

Årets konferanse blei arrangert av Helsedirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland og Helse Vest RHF. Meir enn 120 deltakarar frå primær- og spesialisthelsetenesta, direktorater, styresmakter og akademia deltok for å diskutere aktuelle spørsmål knytt til helse- og sosialberedskap og samarbeid. Evauering etter pandemisituasjonen i 2010 var eit viktig tema, helsemessig beredskap på kontinentalsokkelsen eit anna.

25 november vart det halde møte i fylkesberedskapsrådet i Rogaland. Fylkesmannen i Rogaland gjennomgjekk der evalueringa etter pandemiarbeidet i 2009.

I april 2010 sette Fylkesmannen i Rogaland i verk beredskapsrapportering og rådgjeving overfor helseforetaka og alle kommunane i Rogaland som fylgje av flyforbodet i samband med oskespreiing frå vulkanutbrotet på island, med fokus på å halde oppe den helsemessige beredskapen.

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Vi har ikke skilt sakene etter hjemmel. Se forøvrig 45.2

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
Sum	0	

77.3 Særfradrag

Det er handsoma 141 klager frå skattytarar etter oversending frå skattemyndighetene.

Det er og oversend 30 saker til Helsedirektoratet. Dette er klager på vedtak hjå oss.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	141	90
Sum	141	

77.4 Førerkortsaker

Av et totalantall på 2031 utgjør søknad om dispensasjon 1110 saker og uttaleser/tilrådning om inndragning 1459 saker. (derav 572 inndragning) Saksbehandlingstiden har i 2010 variert fra 2 til 6 uker.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	2031	24
Sum	2031	

77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 motteke pasientjournal fra psykolog til oppbevaring.
Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMRO	1
Sum	1

77.6 Rett til trygderefusjon

77.7 Helse- og omsorgsmelding (tidligere Helse og sosialmelding)

Sjå eiga melding

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Helsetilsynet i Rogaland mottok i 2010 totalt 162 vedtak om bruk av tvang etter pasientrettighetsloven kapittel 4A. Statistikkdata er oversendt Statens helsetilsyn.

Vi ser at vi ikkje har motteke vedtak frå samtlige kommunar i Rogaland og at vi har motteke få vedtak frå enkelte kommunar. Etter alt å døme er antall innkomne vedtak noko lågare enn den faktiske tvangen som foregår. Vi har imidlertid ikkje hatt ressursar til å sjå nærmare på dette i inneverande år.

Vi har i 2010 valgt å stilla opp og delta på arrangement vi er blitt invitert til. Vi har, grunna knapphet på ressursar, ikkje hatt egeninitierte kurs/opplæringsaktivitet.

Arrangement vi har deltatt på:

- Fagdag Haugesund kommune
- Tverrkommunal kompetansegruppe for demens
- Kurs i pasrl kap.4A for Stavanger kommune
- Fagdag for kommunene i nordfylket
- Kurs i pasrl kap.4A for Habiliteringsteamet på LASSA
- Emnekurs i sykehjemsmedisin
- Demens i Vest

77.9 Petroleum - Rogaland

Vi har for inneværende år bidratt til ferdigstillelse av helsekravforskriften, og oppsummering av høringsuttalelsene knyttet til petroleumstilsynet på land.

Antall behandlet samtykker i 2010 var 84, derav 5 søknader relatert til bemannede undervannsoperasjoner

Antall godkjenning av utenlandske leger: 68

Antall godkjenning av dykkerleger: 50

Handsaming av søknad om dispensasjon frå helsekrav for personar i petroleumsverksemda 2010

Totalt: 279

Vanleg dispensasjon 172

Avgrensa dispensasjon 44

Avslag 63

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Forventningar i høve til Samhandlingsreforma er i hovudsak teke opp i parntarskapet, men og i møte med einskildkommunar, og då med vekt på styrka helsetasjonar, frisklivsarbeid og oversyn over helsetilstand og utfordringar som grunnlag for planlegging. Tre kommunar her delteke i eit avgrensa Helse i plan-prosjekt der bruk av levekårsdata i planlegging var tema i siste møte. Etablering av Frisklivssentralar vil få større merksemd når vegleiar ligg føre.

Berre Stavanger kommune melde inn tiltak til Samhandlingsprisen. Nokre kommunar har seinare gitt uttrykk for at dei ikkje syntes eigne tiltak var gode nok.

Vegleiing for kommunane om dokumenterte, effektive førebyggande tiltak skjer i nettverksmøte/partnarskap og andre møte med kommunar, samt over nett og e-post eller direkte førespurnad.

Planarbeid: Plankoordinator har oversyn over status for rullering av kommune- og regionale planar. Folkehelse og universell utforming er tema i oppstartsmøte med kommunane, og blir også vurdert og kommentert i alle høyringar. Vi ser at folkehelse og universell utforming er tema i samtlege planar. Det er særleg fokus på rekreasjonsområde, trafikksikring og gang-sykkelvegar nær buområde, skular og barnehagar, samt samanhengande grøntstrukturar, gjerne over kommunegrensene. Fleire kommunar enn tidlegare syner til Kommune-barometeret/Kommuneprofilar som grunnlagsdata i planarbeidet. Frå HS-avdelinga er det gitt uttale til 5 planprogram, 8 kommuneplanar, 7 klima-energiplanar og 10 regionale planprogram eller planutkast. Regionalt planforum starta i oktober. HS-avdelinga deltek ikkje her, men er med i intern plangruppe og drøftingsmøte om uttale til ulike planar.

Regionalt partnarskap: Det har vore 10 arbeidsmøte, 2 heildagssamlingar og 2 frokostmøte i partnarskapet i tillegg til javnleg uformell kontakt. Tildeling av stimuleringsmiddel skjer i samarbeid fylkesmann - fylkeskommune. Vidare har det vore partnarskapsdrøftingar med 6 nye kommunar, dei 4 friluftsråda og Jæren DPS. Alle desse, minus 3 kommunar, kom med i partnarskapen i 2010. I alt er 12 kommunar med, 3 er "på vent". Økonomi spelar ei rolle, då ein ikkje ser for seg å kunne oppretthalde noverande støtte til kommunane. Det vil i så fall vere til skade for satsinga, då tilbakemeldingar tyder på at økonomisk støtte er avgjerande for mange kommunar. Miljøretta helsevern/Sør-Rogaland er med i partnarskapsmøte, men så langt ikkje medlem i partnarskapet.

Fylkesmannen er med i arbeidet for ny regional plan for folkehelse, (planlagt vedteken i 2012), og har også delteke i arbeidet med regional plan for eit inkluderande samfunn, vedteken i 2010.

Anna: Fylkesmannen er observatør i FTU, og har vore aktiv bidragsytar i samband med konferanse om rusbruk og trafikk.

Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
Sum	0	

83.2 Miljørettet helsevern

Vi har informert om nytt regelverk i Samfunnsmedisinsk forum fortløpande gjennom året.

Utkast til ny folkehelselov med kapittel om miljøretta helsevern har vore diskutert i møter med kommuneoverlegar. Dei er blitt oppfordra til å senda høyringssvar.

Vi har behandla to saker innen miljøretta helsevern. Dei gjeld blant anna støy frå hundehald, støy frå ventilasjonsanlegg, støy frå bilveg og problem knytt til lufting frå balkong.

I fleire av sakene vi har registrert hos oss, men som ikkje er realitetsbehandla i kommunane, får vi fleire e-postar og brev som må handterast.

Sakene er ikkje ferdigbehandla innan 8 veker.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Tiltak innan kosthald, tobakk og auka fysisk aktivitet er tema i nettverks-møte, pr e-post og i møte med kommunar som vurderer partnarskap. Det er også henvendingar frå kommunalt tilsette.

Tobakk og FRI: Rogaland ligg på landsgjennomsnittet for FRI-deltaking med 56%, ein liten auke frå i fjor. Rekruttering skjer via nettet, gjennom folkehelsekoordinatorane og/eller skulehelsetenesta, men det er tungt å få nye med. Saman med Tannhelsetenesta tilbyr vi støtte til skular som ønskjer å satse både på FRI og Tanntastisk, - eit førebyggingsprogram til bruk i ungdomsskulen. Så langt er responsen liten. Ein ungdomsskule har fått ekstra støtte til sitt røykfriarbeid. LHL fekk støtte til markering av Verdas tobakksfrie dag. Fleire bedriftshelsetenester melder om vellukka røykfri-kurs, men det er framleis vanskeleg å få personar som kan ha såkalla "åpne" kurs. Tobakksfri vg skule har ikkje vore tema i Fylkestinget dette året. Det er framleis opp til den einskilde skulen om dei vil vere tobakksfrie. Det er tidlegare gjort vedtak om røykfri skule.

Fysisk aktivitet: Nettverket Frisk i friluft legg vekt på erfaringsdeling og fagleg oppdatering. Det har vore 2 nettverkssamlingar i tillegg til informasjon via e-post og nettsider. Alle deltakarane har fått Aktivitetshandboka. Boka er og gitt til deltakarane på treningskontakt-kursa. Friluftsråda og Nasjonalforeningen for folkehelse har stor aktivitet i sine regionar med tilrettelegging, skolering av tilsette i skulane og tiltak retta direkte mot barn/unge. Fylket si deltaking i Coast Alive- og Vital Rural Area-prosjekta bidreg til å setje fysisk aktivitet på dagsorden. Til dømes har Vital Rural Area- kommunen Finnøy etablert ei nettbasert livsstilsvegleiing som lekk i det helsefremjande arbeidet. Søknader om støtte til tiltak innan fysisk aktivitet aukar, og viser at det er stort engasjement ute i kommunane.

Som i fjor er det berre eit fåtall vg skular som legg til rette for fysisk aktivitet. Vi har ikkje fått fullgodt oversyn over tilrettelegging i grunnskulen.

Ei kartlegging over omfang av frisklivssentralar syner at berre ein kommune har dette. 9 kommunar melder om faste oppfølgingsrutinar, men ikkje i ei så strukturert form som frisklivssentral. Halvdelen av kommunane har ikkje svart. 6 kommunar har tilbod om kvalifisert treningskontakt for personar med rus- og/eller psykiske problem.

Kosthald: Rekrutteringsarbeid har resultert i 124 MER – barnehagar. 2 Fiskesprell-kurs er gjennomført. Frukt/grønt/MER og retningsliner for kosthald i barnehagane er tilleggstema i desse kursa. Frå juli 2010 har fylkeskommunen teke over ansvaret for Fiskesprell. I vidaregåande skule har alle tilgang på friskt vatn, men brusautomatar har dukka opp igjen, og mattilboden kan styrkast med vekt på "grovare og grønare" mat.

Fleire kommunar har hatt kurs om kosthald og eldre for sine tilsette.

Anna kompetanseheving: På området seksuell helse er det gitt økonomisk støtte til innleiing av sexolog som har fagleg vegleining for tilsette i og brukare av Helsestasjon for ungdom, Stavanger. I tillegg ble det gitt stønad til andre helsestasjoner for ungdom i fylket og til helsestasjon for studenter på UiS. Nasjonale retningslinjer for utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn/unge var tema i fagdag for helsesøstre.

Det er førelest om nasjonal folkehelsepolitikk for ergoterapistudentar med vekt på sosial ulikskap i helse.

83.6 Smittevern

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 bistått kommunane og helseforetaka med rettleiing på smittevernonrådet etter førespurnad.

Fylkesmannen i Rogaland mottog og vurderte til saman 17 varsel om utbrot av smittsom sykdom frå kommunar, helseforetak og offshore-installasjonar i 2010.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

Sjå enkeltpunkta, under.

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Allmennlegetjenesta i Rogaland fungerer i all hovudsak tilfredstillande. I nokre kommunar er det behov for at

fastlegane og den øvrige kommunehelsetenesta har eit nærmare samarbeid, dette har blitt avdekket både gjennom tilsyn og ved henvendingar frå legar.

Representant fra Helse- og sosialavdelinga har vært bidragsytar på seminaret "Samhandling i kommunene - god drift av fastlegeordninga" og temaet har vært diskutert på Samfunnsmedisinsk forum.

I Rogaland er det i 2010 innkomme berre to søknadar om nye fastlegehjemlar, til tross for at den Samhandlingsreformen legg opp til at det blir bruk for fleire fastlegar i kommunane. Helse- og sosialavdelinga vil derfor følge med på, og bidra til, at kommunane er klare for dei nye oppgåvene som følg av Samhandlingsreformen.

Rettleatingsgruppe i samfunnsmedisin er i drift med ca. 10 spesialistkandidatar.

84.2 Turnustjeneste

I dag har 3 helsepersonellgrupper plikt til å gjennomføre turnustjeneste før dei kan få autorisasjon: legar, fysioterapeuter og kiropraktorar.

Fylkesmannen har frå 2008 hatt 33 turnusplassar for leger i kommunane. Talet på turnuslegar i februar og i august varierar sterkt. Det betyr at kommunar som har blitt pålagt å ta turnuslege, risikerer å ikkje få turnuslege i februar, mens det i august vil kunne vere fleire turnuslegar som ikkje får plass. Vi prøver å sikre at utkantkommunane får turnuslege kvart halvår, men det er vi lukkast ikkje kvar gang. Det skaper frustrasjon og misnøye hos kommunane og hos turnuslegane.

Talet på turnusslegar i februar 2010 var 28 og i august 32.

Rogaland har arrangert eigne kurs for turnusleger, turnusfysioterapeutar og turnuskiropraktorar i offentleg helsearbeid og samhandling i helsetenesta og oppslutninga om desse kursa er svært høg.

Dei to grupperettleiarane har jamt kontakt med turnuslegane og har samlingar 3 gonger i kvart halvår for turnuslegane i kommunane.

Den første er et introduksjonskurs, med legevaksmedisin og akuttmedisin, som vert arrangert i samarbeid med SUS (Stavanger universitetssjukehus) og SAFER (Stavanger Acute medicine Foundation for Education and Research).

Omrønt midt i perioden vert det halde kurs i offentleg helselovgiving, helsearbeid og samhandling, tap av autorisasjon, klagesaker og liknande i helsetenesta. Her deltek jurist fra fylkesmannen sitt kontor. Kurset er felles for legar, fysioterapeutar og kiropraktorar.

Mot slutten av perioden har dei to fylkesretteleiarane ei samling, hvor vi evaluerer den einskilde si turnustid, turnustjeneste og rettleiing. Dette dannar grunnlag for tilbakemelding til Fylkesmannen, kommunane og den einskilde turnusvert.

Vi har hatt samlingar med turnuslegerettleiarane i kommunane også i år, og det er svært nyttig. Vi har merka at rettleiinga overfor turnuslegane har blitt betre, men enkelte av rettleiarane møter ikkje.

Det er også god kontakt og samarbeid mellom den som har koordineringsansvaret for turnuslegar på Stavanger universitetssjukehus og grupperettleiarane hos Fylkesmannen. Tilsvarande ordning har vi ikkje makta å få til med Helse Fonna/Haugesund sjukehus.

I 2010 har det vore samling for rettleiarar for turnusfysioterapeutar, slik det har vore i fleire år tidlegare. Talet på turnusfysioterapeutar i kommunane i Rogaland er 9 kvart halvår. I 2009 kom Sandnes kommune med som fastturnusplass, og Strand kommune har frå 2009 turnusfysioterapeut både haust og vår.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Sjå rapportering til Statens Helsetilsyn

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
Sum	0	

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det har ikke vore særskilt aktivitet på dette området i år

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjenforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Me har delteke i to møter i regionalt kontaktforum i regi av Husbanken med dette tema.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Ikkje noko å rapportera her

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Ingen aktivitet her i 2010

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Fylkesmannen har arrangert fagdag for helsesøstre i Rogaland

Nye retningsliner om "Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme i primærhelsetjenesten" var tema i fagdag for helsesøstre.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Fylkesmannen i Rogaland har ikke ikke oversikt over om jordmordekningen i kommunene er tilstrekkelig.

84.10 Kjønnslemllestelse

Fylkesmanne i Rogaland hadde i 2010 ei utlysning om økonomisk støtte til forebygging av kjønnslemllesting. Ingen søkerar melde seg. Fylkesmannen gikk til innkjøp av 2 ulike bøker om emnet som blei sende til aktuelle instansar i alle kommunane i Rogaland

84.11 Tannhelse

Tannhelsetenesta deltek i partarskapsmøta fot folkehelse og har hatt eige framlegg med informasjon om aktivitetar og moglege samarbeidstiltak. Fleire kommunar har trekt tannhelsetenesta inn i folkehelse-arbeidet. Fylkesmannen samarbeider om rekruttering til Fri og Tanntastisk.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

Sjå deltema, under.

85.1 Abortloven

Inga rapportering

85.2 Sterilisering

Fylkesmannen i Rogaland mottok sju søknadar om sterilisering i 2010. I mange av sakane var det manglande opplysningsar og behov for rettleiing, og to av søknadane blei trekte tilbake før nemnd-behandling.

Dei siste fem søknadene blei innvilga etter nemnd-behandling.

85.3 Lov om transplantasjon

Inen saker

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

På dette området har det i 2010 vært endel ekstra-arbeid som følge av uklarhet rundt det videre regelverket når dagens regelverk utløper 1.mai 2011.

Det er også behov for veiledning av både pasienter og leger når det gjelder bruk av sentralstimulerende medikamenter for pasienter med rusmiddelmisbruk.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	864	16
Sum	864	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 2 saker på dette saksområdet. Den ein ble handsama innan 7 uker. Den andre er oversendt Den norsk legeforing for vurdering.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	2	7
Sum	2	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker i 2010 på dette saksområdet.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 ikkje motteke saker for som gjeld funksjonsprogram for nye offentlige sjukehusbygg.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

Sjå delområde

86.1 Omsorgsplan 2015

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 hos Fylkesmannen i Rogaland er organisert som eit prosjekt der alle delplanane er ivaretatt. Det daglege arbeidet vert leia av ein prosjektleiar, og styringsgruppa vert leia av fylkesmannen.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 mellom anna gjennomført følgjande aktivitetar for å bidra til å setta

framtidas omsorgsutfordringar på dagsorden i kommunane og gjera delplanar, strategiar og tiltak i Omsorgsplan 2015 kjend i fylket:

Fylkesmannen i Rogaland samarbeider med KS i Rogaland om gjennomføring av tiltaka i Omsorgsplan 2015, og me har i 2010 hatt jamlege samarbeidsmøte. KS bidreg i arbeidet med å gjere tiltak og søknadsfrist for Kompetanseløftet 2015 kjend i kommunane. Samarbeidet gjeld elles mellom anna kompetanseplanlegging i kommunane og tilrettelegging for omsorgsteknologi.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 støtta eit forskingsprosjekt ved IRIS (International Research Institute of Stavanger) saman med andre aktørar som helseføretak, fagorganisasjonar, Greater Stavanger m.fl. Prosjektet kartlegg utfordingar når det gjeld arbeidskraft i helse- og omsorgstenestene i nedslagsfeltet til Helse Stavanger (18 kommunar), mellom anna med prognosar for etterspurnad og tilbod av helsepersonell og balansen mellom desse i den regionale arbeidsmarknaden. Prosjektet skal og skissere mulege strategiar for å løyse utfordingane. Rapporten frå prosjektet skal ferdigstillast og lanserast i løpet av våren 2011. Me voner at rapporten kan vera utgangspunkt for kompetanseplanlegging i kommunane.

Belastningsfullmaktar knytt til Omsorgsplan 2015 har vert nytta strategisk, og Fylkesmannen har støtta tiltak som bidreg til å nå måla i Omsorgsplan 2015 generelt og Demensplan 2015 spesielt.

Framtidas omsorgsutfordringar og behovet for kommunal planlegging vart trekt fram både på KOSTRA-seminar i april og IPLOS-seminar i november, som Fylkesmannen arrangerte for kommunane.

Fylkesmannen sin nettstad har gjennom året vert nytta aktivt for å informera om strategiar og tiltak i Omsorgsplan 2015.

Satsingsområda i Omsorgsplan 2015 og behovet for kommunal planlegging var tema i ein artikkel, forfatta av Fylkesmannen i Rogaland, som i 2010 blei publisert i Norsk sykepleierforbund sitt lokale tidsskrift i Rogaland.

Fylkesmannen i Rogaland samarbeider tett med Utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester for å bidra til kunnskapsutvikling i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Fleire forskings- og utviklingsprosjekt som er vidareført i 2010 er starta opp med støtte frå Fylkesmannen.

Ein representant frå Fylkesmannen i Rogaland er medlem av instituttrådet ved Institutt for helsefag ved Universitetet i Stavanger. Fylkesmannen i Rogaland har og jamlege møter med instituttleiar og andre tilsette ved instituttet. Dette bidreg mellom anna til å sikra at nasjonale føringar er kjend.

Ein representant frå Fylkesmannen i Rogaland har hatt undervisning om kommunale helse- og omsorgsplanar for studentar som tek vidareutdanning i eldreomsorg ved Universitetet i Stavanger. Studentar på andre vidareutdanninger ved Institutt for helsefag har i 2010 og fått ei innføring i satsingsområde og strategiar i Omsorgsplan 2015.

86.2 Demensplan 2015

Fylkesmannen i Rogaland har tett og jamleg kontakt med fleire kompetansemiljø i fylket om satsingsområda i Demensplan 2015. Belastningsfullmakter knytt til Omsorgsplan 2015 har i 2010 i hovudsak vore nytta til tiltak knytt til Demensplan 2015, og det har vore stort fokus på at midlar knytt til Kompetanseløftet 2015 skal bidra til kompetanseheving om geriatri og demens.

Fylkesmannen ga økonomisk stønad til Demens i vest-konferansen i Stavanger i juni med nær 300 deltagarar. Fylkesmannen heldt foredrag om føringar i Demensplan 2015, demens i eit samhandlingsperspektiv, og bruk av tvang etter pasientrettighetslova kapittel 4A. Fylkesmannen heldt og innlegg om oppfølging av personar med demens i heimetenesta på undervisningsheimetenesta sin oppstartskonferanse i Stavanger i september.

Fylkesmannen har gjennom året nytta alle møteplassar med kommunane for å spreie informasjon om føringane i Demensplan 2015. Fylkesmannen sin nettstad vert nytta aktivt, og mellom anna den nasjonale informasjonskampanjen om demens i februar, lanseringa av Demensinfo.no og den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens er marknadsført på nettstaden. Fylkesmannen i Rogaland har også gitt bakgrunnsinformasjon til pressa, som har resultert i avisartiklar om tenestetilboda til personar med demens i kommunane.

Fleire kompetansemiljø i fylket driv, mellom anna i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland, utstrakt

opplæringsverksem med innføring av nye arbeidsmåtar i demensomsorga. Dette gjeld mellom anna opplæring knytt til pasientrettigheitslova kapittel 4A, Marte Meo, og Dementia Care Mapping, der fleire har fått opplæring og det er oppretta eit eige fagforum. Ressurspersonar bidreg og med føredrag på kurs i regi av Nasjonalt kompetansesenter, Nasjonalforeningen for folkehelsen sin pårørandeseskule og dei driv med anna pårørandearbeid, så som psykoedukative fleirfamiliegrupper.

Fleire kommunar har fått informasjon om satsingsområda i Demensplan 2015 og tilbod om å delta i ulike tiltak/aktivitetar i samband med gjennomføring av tilsyn med tenestetilboden til heimebuande eldre med demenssjukdom.

Fylkesmannen gjennomførte i april ei kartlegging av kommunane sin informasjon om tenestetilboden til personar med demenssjukdom på nettstadane. Me har og gjennomført den nasjonale kartlegginga av tenestetilboden til personar med demens.

Det er framleis mangel på tilrettelagte omsorgsplassar for personar med demens i kommunane. Dette gjelder både ”ordinære” heildøgnsplassar, dagtilbod, og plassar for personar som treng spesiell tilrettelegging så som ”unge” personar med demens og særleg krevjande tenestemottakarar.

Demensomsorgens ABC:

Det er generelt stor aktivitet i fylket når det gjeld Demensomsorgens ABC. Fylkesmannen gjev økonomisk stønad til eksterne kompetansemiljø som driv tett oppfølging av kommunane og arrangerar oppstartskonferansar og samlingar undervegs. I heile fylket driv ressurspersonane aktiv rekruttering overfor kommunar som ikkje har starta opp med Demensomsorgens ABC. Ressurspersonane arbeider i tett kontakt med Fylkesmannen og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Fylkesmannen i Rogaland gjev stønad til innkjøp av studiepermar til alle tilsette i kommunane som deltek i ABC-opplæringa.

Pilotprosjektet om kompetanseheving om demens, som vart starta i Helse Stavanger-området i 2008 med økonomisk stønad frå Fylkesmannen i Rogaland, gjekk i løpet av 2010 over til å bli Regionalt kompetansesenter for eldremedisin. Fylkesmannen i Rogaland gjev framleis økonomisk stønad slik at ein person ved senteret kan driva ABC-oppfølging av dei 18 kommunane i helseføretaket. Av dei ca 8000 permane som er seld på landsbasis, er vel 1100 permarseld i Helse Stavanger-området (173 studiegrupper).

Bjørgene undervisningssjukeheim (no utviklingscenter) har og fått stønad til å jobba med oppfølging av Demensomsorgens ABC i dei 8 kommunane i nord-fylket. Om lag 150 personar (22 grupper) i 5 kommunar er i gang. Ein reknar med at dei andre kommunane vil starta opp i 2011.

I april arrangerte Fylkesmannen i Rogaland eit samarbeidemøte mellom ressurspersonane som arbeidar med implementeringa av Demensomsorgens ABC i kommunane og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Fylkesmannen deltok og på kompetansesenteret sin ABC-samling på Gardermoen i oktober.

Dagtilbod til personar med demens:

Dagtilbod for personar med demens har vore tema på ein tidlegare konferanse for kommunane i Rogaland. I 2010 er kommunane oppfordra til å starta slike dagtilbod, og dei 18 kommunane i Helse Stavanger-området har tilbod om å delta i eit nettverket om tilrettelagde dagtilbod for personar med demens som vart starta opp i 2008 med stønad frå Fylkesmannen. 14 kommunar har til no vore med i nettverket. Tre kommunar har starta opp dagtilbod etter at nettverket byrja, og fleire kommunar har planar om å koma i gang.

Bjørgene omsorgs- og utviklingscenter driv og eit betydeleg nettverksarbeid overfor kommunane i nord-fylket innan demensområdet. Her er det førebels ikkje nettverk knytt til spesifikke deltema på demensområdet.

Av dei 26 kommunane i Rogaland, kjenner Fylkesmannen til at 15 kommunar har oppretta tilrettelagde dagtilbod for personar med demens.

Demensutredning:

Effektiv organisering av demensutredninga er ei krevjande oppgåve for kommunane, då det krev at mange instansar/verksemder og faggrupper er kjend med kommunen sine rutinar for demensutredning og følgjer desse opp. Mange kommunar i Rogaland arbeider med å utvikla og organisera ulike former for demensteam/hukommelseteam/demenskontakt.

Kommunane vert ved alle høve oppmoda om å nytta utredningsverktøyet frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, og dette vert og fylgd opp i samband med tilsyn. Kommunane i Helse Stavanger-området har

tilbod om å delta i eit nettverk om utredning av demens. Her tek dei opp problemstillingar knytt til bruken av utredningsverktøyet, og organisering av tenestetilbodet i kommunane med etablering av demensteam/demenskontakt. Nettverket vart oppretta i 2009 på initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland og vert drive av fagpersonell ved Regionalt kompetansesenter for eldremedisin ved Stavanger universitetssjukehus. Ressurspersonar herifrå har og byrja å gje rettleiing i bruk av demensutredningsverktøyet og behandling av demens i fastlegane sine rettleiingsgrupper.

Fylkesmannen i Rogaland har gitt stønad til eit prosjekt i Haugesund kommune, knytt til Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter, som går på oppbygning av hukommelsesteam i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland kjenner til at 15 kommunar i fylket har oppretta demensteam, mens tre kommunar har oppretta demenskontakt.

86.3 Kompetanseløftet 2015

Kompetanseløftet 2015 har eit 4-årig handlingsprogram. Dei fleste av dei tiltaka som er etablert tidlegare år har det vore naturleg å videreføra i 2010.

Fylkesmannen i Rogaland har ein viss bekymring i samband med at kapasiteten på vidareutdanning for høgskuleutdanna i Rogaland no vert redusert. Fram til no har det ved Universitetet i Stavanger, Institutt for helsefag, vore eigne vidareutdanninger i aldring og eldreomsorg, psykisk helsearbeid, og rusarbeid, til saman gjennomsnittleg 65 personar utdanna per år. Nå inngår utdanningane i ein felles mastergrad i helsefag, og er ikkje lenger sjølvstendige vidareutdanninger. Det vil nå bare verha utdanna ca 25 personar per år innanfor desse områda. I tillegg venter ein at fleire som allereie har vidareutdanning vil søke på mastegrad, men med fritak frå fagdelen. Dette kan medføra at det i praksis vil verha utdanna få nye med tilleggskompetanse på desse områda dei nærmeste åra, og i alle høve vil utdanningskapasiteten vera vesentleg redusert.

Alle kommunane i Rogaland har peika ut ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015 som Fylkesmannen i Rogaland held jamleg kontakt med. Det er og i 2010 sendt ut skriftleg informasjon om Kompetanseløftet 2015 til alle kommunar i Rogaland, mellom anna om at kommunane kunne søka om tilskot. I 2010 etablerte embetet eit samarbeid med KS Rogaland. Samarbeidet gjeld Kompetanseløftet 2015 med spesielt fokus på kompetansekartlegging og kompetanseplanlegging i kommunane. Som følgje av at KS kjenner satsingsområda i Kompetanseløftet 2015, kan dei i sine fora og nettverk bidra til å auke kunnskapen i sin kontakt med kommunane. På bakgrunn av dette arbeidet er det nå under planlegging ein konferanse våren 2011 for kommunane med ovannemnde tema.

Stimuleringstilskot for 2010:

Alle kommunar som har søkt om tilskot har fått tildelt midlar. Seks kommunar i Rogaland har ikkje søkt om stimuleringsmidlar for 2010, det same som i 2009. Fylkesmannen i Rogaland fekk i fullmaktsbrevet for 2010 kr 3 652 800,- i tilskot til opplæringstiltak i kommunane og kr 301 600,- som skulle brukast spesielt til vidareutdanning i geriatri og demens. Vidare kom det i vår ei fullmakt på kr 1 553 891,-. I tillegg kom det ei tilleggsfullmakt i desember på kr 436 559,-. Det er vanskeleg å nytte midlar som kjem så sein på året, då dei aller fleste utdanningane har opptak om hausten.

Kompetanseløftet 2015 inneholder ei rekke tiltak, og nokre av desse vert kommentert under:

Aksjon helsefagarbeider

Prosjekt Aksjon helsefagarbeider og Eigersund kommune er tildelt tilskott knytt til fylkesmeisterskap i helsefagarbeidar og deltaking i NM i yrkesfag.

Bli helsefagarbeider:

Fylkesmannen i Rogaland har gjeve tilskot til eit interkommunalt prosjekt knytt til Bli helsefagarbeidar. Det er Stavanger universitetssjukehus og kommunane Sandnes, Randaberg, Sola og Stavanger som deltek i prosjektet.

Kvalifisering av personell:

Kvalifisering av personell er eit prioritert tiltak, og midlar knytt til Kompetanseløftet er i hovudsak nytta til dette tiltaket. Fylkesmannen har spesielt fokus på demens og eldreomsorg. Mange kommunar i Rogaland satsar på å

kvalifisera personar som allereie er tilsett i kommunen. For å få dette til vert studiestadar utanfor Rogaland og nyttा.

Desentraliserte høgskulestudiar:

Fylkesmannen i Rogaland har og i 2010 tildelt stimuleringsmidlar til Universitetet i Stavanger for å utvikla ei nettbasert løysing for fjernundervisning/desentralisert sjukepleiarutdanning. Deltidsstudiet går over fire år. Første kull med studentar starta opp hausten 2009, og det tas opp 30 studentar kvart år.

Vidare- og etterutdanning for høgskoleutdanna personell:

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 og oppfordra kommunane til å satsa på vidareutdanning, og det er gjeve tilskot til mange av desse tiltaka i kommunane.

Demensomsorgsens ABC og Eldreomsorgens ABC

ABC'ane har stor suksess i Rogaland, og over 1100 personar har gjennomført, eller er i ferd med å gjennomføra undervisningsopplegget. På landsbasis er dette ein stor del at det totale talet på deltakarar, og Fylkesmannen er særstakt godt nögd med dette. Embetet har ein praksis på at kommunane får kr 450,- i tilskott for kvar tilsett som deltek i opplegget. For øvrig syner me og til rapporteringa på Demensplan 2015.

Prosjekt Læringsenhet ved Bjørgene omsorgssenter undervisningssykehjem

Fylkesmannen i Rogaland har og gjeve tilskott i 2010 frå Omsorgsplan 2015 til eit prosjekt kalla Prosjekt Læringsenhet. Dette prosjektet skal leggje til rette for nye og måtar å utvikle og å organisera og praksis på, og heving av kompetansen til dei tilsette. Prosjektet er i samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund og vidaregåande skular i distriktet. Hovudområdet er sjukepleie generelt, og geriatrisk sjukepleie spesielt.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen i Rogaland sendte i februar 2010 rapport til Helsedirektoratet om kommunane sine utbyggingsplanar for 2011. I mai rapporterte Fylkesmannen til Husbanken Region vest om byggeplanar for 2010.

Fylkesmannen har gitt råd til Husbanken om kva for kommunar som bør prioriterast for investeringstilskot, men det har vore få søknader om tilskot frå kommunane i Rogaland i 2010. Kommunane i Rogaland hadde mange prosjekt klare for oppstart då tilskotsordninga starta opp i 2008. Likevel har alle prosjekt som har vært klare for oppstart i 2008 og 2009 fått tilskot. Dette skuldast både ekstraløyvingar i form av Regjeringa si "krisepakke" i 2009, og låg byggeaktivitet i andre delar av regionen. Då mange kommunar no har fått tilskot til sine umiddelbare byggeplanar, er det få prosjekt med oppstart i 2010 og 2011. Me ser og at prosjekt som kommunane tidlegare signaliserte ville få oppstart i 2010 eller 2011 er utsett. Utsettingar skjer i samband med budsjettbehandlingar, men nokon skuldast og problem med å finna eigna tomteareal i ein region med mykje folk og mykje landbruksjord.

Fylkesmannen i Rogaland har ei viss bekymring for om kravet om at bustadane skal vera tilrettelagt for personar med demens, i tilstrekkeleg grad er ivaretatt i alt det som no vert bygd. Me ser døme på at sjukeheimar framleis vert planlagd med fleire etasjar, og med ei "gamaldags" løysing der avdelingar for kortidspasientar vert lagt på bakkeplan, medan avdelingar for personar med demens vert lagt til etasjane over. Dette gjer at personar med demens ikkje får direkte utgang til tilrettelagde uteområde, og uteområda vert lite nytta då det krev personellressursar for å følgja ut. Fylkesmannen ser og døme på at sjukeheimar vert planlagd og bygd i trafikkerte bysentra, der moglegheita for å laga gode tilrettelagde uteområde er svært avgrensa. Me er bekymra for om plasseringa i trafikkfarlege område kan føra til auka bruk at tvang i form av innelåsing av personar med demens. Grunnen til at det framleis vert bygd på denne måten er til dels mangel på byggeareal i mange rogalandskommunar, men og at kommunane er kome langt i planlagginga av prosjekta før dei kontaktar Husbanken for å få råd.

Fylkesmannen i Rogaland har tidlegare signalisert at det er viktig at tilskot er tilgjengeleg når kommunane er klare til å byggja, og at tilskotsordninga må vere mest mogleg fleksibel. Me er difor nøgde med at det gjerast endringar i tilskotsordninga frå 2011.

Fylkesmannen har ved mange høve, mellom anna under to konferansar, oppmoda kommunane til å planlegga for bruk av omsorgsteknologi og universell uformig. Ein finn informasjon om omsorgsteknologi på Fylkesmannen sin nettstad. Då me arrangerte ein eigen konferanse om bustadutforming og omsorgsteknologi i 2009, og me då og sende ein "bokpakke" om temaet til kommunane, har me ikkje hatt noko eige arrangement om dette i 2010.

Tanken var at Fylkesmannen skulle delta på Husbanken sin planlagde ”sjukeheimsfagdag” for kommunar som har konkrete byggeplanar, men denne fagdagen er utsett til 2011. Kommunane har likevel fått klare oppfordringar om å satsa på omsorgsteknologi, og fleire kommunar har starta opp omsorgsteknologiprosjekt eller planlegg slike satsingar.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 delteke på to felles samarbeidsmøte for Husbanken og fylkesmannsembeta i region vest.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Heile Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland arbeider kontinuerleg med problemstillingar knytt til kvalitetsforbetring og internkontroll i helse- og omsorgstenesta i kommunane, og me gir jamleg råd til kommunane om temaet. Fylkesmannen i Rogaland har mellom anna hatt fleire møter med kommunar der me har sett systematisk svikt i helse- og omsorgstenesta, og me har då gitt råd om internkontroll og kvalitetsforbetring.

Fylkesmannen i Rogaland har og jamlege møter med Universitetet i Stavanger, Institutt for helsefag (IH), der me tek opp område som me ser det er knytt systematisk svikt til i kommunane. Tema som har vært drøfta i møta er mellom anna sjukepleiedokumentasjon i pasientjournalane, fagleg ansvar for sjukepleietenesta og internkontroll generelt i sjukepleietenesta. Vidare har me hatt undervisning på fagmøte for lærarane på IH, der tema var svikten me ser i sjukepleiedokumentasjonen i kommunehelsetenesta. Dette har resultert i eit prosjekt om sjukepleiedokumentasjon ved Universitetet i Stavanger som Fylkesmannen har gjeve stønad til. Universitetet har og sett i gang ein gjennomgang av praksisopplæringa studentane får.

Korleis ILPOS kan nyttast både i forhold til tenestetilbodet til den enskilde tenestemottakar og i kommunal planlegging, var tema både på KOSTRA-seminaret for kommunane i april og på IPLOS-seminaret i november. IPLOS-skår som indikator for når det er behov for vidare utgreiing om eit område, har vore tema på samlingar og møter med fleire kommunar, mellom anna i samband med tilsyn.

I juni innhenta Fylkesmannen i Rogaland opplysningar frå kommunane om situasjonen vedrørande legetenestene i sjukeheimane. Opplysningane blei vidaresendt til Helsedirektoratet.

På Fylkesmannen sin nettstad ligg det informasjon om satsinga ”Etisk kompetanseheving”. Me har og informert om satsinga i fleire møter med kommunane. I 2010 ga Fylkesmannen i Rogaland alle dei ni kommunane i fylket som er med i prosjektet støtte på kroner 10 000,-.

Kommunane i Rogaland er ved fleire høve gjort merksam på ”Nasjonale faglige retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring”. Innhaldet i retningslinene er mellom anna trekt fram i to konferansar for kommunane, i anna undervisning for helsepersonell i kommunane og ved Universitetet i Stavanger, og i samband med tilsyn.

86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester/Lindrende behandling

Fylkesmannen i Rogaland har lenge hatt eit nært samarbeid med begge undervisningssjukeheimane i fylket. Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 sete i styringsråda til begge undervisningssjukeheimane, og me har elles hyppig og tett kontakt. Begge undervisningssjukeheimane har i 2010 arbeida med satsingsområda i Omsorgsplan 2015, og dei driv med forsknings-/fagutviklingsarbeid. Fylkesmannen har bidrege med råd og økonomisk stønad for å støtta opp om arbeidet, og me har og bidrege i opplæring knytt til pasientrettighetslova kapittel 4A i regi av undervisningssjukeheimen i Haugesund.

Stavanger kommune etablerte i 2010 undervisningsheimeteneste. På oppstartsseminaret i haust hadde Fylkesmannen innlegg om demensomsorg i heimetenesta, der mellom anna retningsliner om underernæring vart trekt fram. Det er no oppretta felles styringsråd for undervisningssjukeheimen og undervisningsheimetenesta i Stavanger kommune. Fylkesmannen er medlem av det nye styringsrådet for utviklingssentra.

I helseregion vest er det oppetta eit nettverk for undervisningssjukeheimar/ undervisningsheimetenester (no utviklingssentra), Senter for omsorgsforskning vest og fylkesmannsembeta, der Fylkesmannen i Rogaland deltek. Nettverket har to møter i året.

Fylkesmannen i Rogaland har spreidd informasjon til kommunane i Rogaland om moglegheita til å søke om tilskot til prosjekt om lindrande behandling. Pengane vart i 2010 fordelt utan at det blei søkt råd hos Fylkesmannen i Rogaland.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen har delteke i rettleiing etter oppfordring fra enkeltkommunar.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

Rundskrivet ”Aktiv omsorg” er gjort kjent på Fylkesmannen sin nettstad. Rundskrivet er og delt ut og omtala på tre ulike konferansar for kommunane i 2010.

Rundskrivet om retten til tros- og livssynsutøving er gjort kjent på Fylkesmannen sin nettstad, og informasjon om rundskrivet er sendt til alle kommunane i fylket. Rundskrivet var utgangspunkt for eit dagsseminar som Fylkesmannen i Rogaland arrangerte saman med bispedømet og Diakonhjemmets høgskole i Sandnes. På seminaret blei det og vist fleire gode døme på korleis kommunar og institusjonar systematisk kan samarbeida med familie, lokalsamfunn og frivillige organisasjoner.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 gitt midlar til prosjektet ”Trygghetssykepleier i Haugesund kommune”, der ein med hjelp av heimebesøk til eldre søker å oppnå tidleg diagnostisering av sjukdom og auka mestring og tryggleik. Eit liknande prosjekt med heimebesøk til eldre er starta opp i regi av utviklingsenteret for heimetenester i Stavanger kommune. I fleire kommunar er ein og i gang med prosjekt der eldre deltek i treningsopplegg for å førebygga fallulukker.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Statistikkdata for 2010 er oversendt Statens helsetilsyn innen fristen. Fylkesmannen mottok tilSAMAN 3122 einskildmeldingar om skadeavvergande tiltak i nødssituasjoner i 2010.

Fortsatt antar vi at dette talet etter alt å døme er noko lågare enn den faktiske tvang og maktbruken som foregår. Fleire av dei meldingane vi har mottatt er av ein slik karakter at dei indikerar tvangsbruk som er forholdsvis omfattande, og at dette har føregått over tid.

Fylkesmannen tek i slike tilfeller kontakt med kommunen og anbefaler kommunen til å kontakta spesialisthelsetenesta med henblikk på å arbeide med saka gjennom andre løysningar eller ev. enkeltvedtak.

Det er fatta tilSAMAN 85 enkeltvedtak heimel i lov om sosiale tenester kap 4A. Fylkesmannen har ført stedleg tilsyn med 16 av desse i 2010. I 74 av 85 vedtak er det naudsynt med dispensasjon frå utdanningskravet. Dette er bekymringsfullt, sidan det er meir regel enn unntak at slik dispensasjon må gjevast. Fylkesmannen tilbyr minikurs i kap 4A eller veiledningsmøter for tenesteytarar / leiarar med mål om å heve den generelle kompetansen. Vi gjennomførte såleis 4 kurs og 19 rettleiingsmøter i 2010.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Fylkesmannen inviterte til temadag om IPLOS for kommunane i Rogaland 3. november 2010. Representantar frå Helsedirektoratet, Sandnens kommune og frå Fylkesmannen hadde innlegg. Temadagen samla til saman 90 deltakarar frå 25 av Rogaland sine 26 kommunar. Av innhaldet vil med nemne: erfaringar og utfordringar med nye variablar 2009, oppdatering og kvalitetssikring av IPLOS-data, utfordringar og problemstillingar frå kommunehald, og Fylkesmannen sine erfaringar.

8. april arrangerte Fylkesmannen saman med KS og NKK KOSTRA-seminar, der mellom anna IPLOS stod på programmet. To representantar frå Helsedirektoratet hadde innlegg om kva IPLOS-data kan brukast til i kommunane, og faglege utfordringar og avgrensingar i bruken av IPLOS.

Fylkesmannen i Rogaland har eit eige område om IPLOS på nettstaden til Fylkesmannen. Her er mellom anna oppdatert informasjon frå Helsedirektoratet, lenkjer til diverse skjema, rutinar, kontaktpersonar i

Helsedirektoratet og kommunane i fylket. Dette arbeidet er vidareført i 2010.

Det er gitt råd og rettleiing til kommunar på førespurnad. I møte med kommunane har IPLOS vore tatt opp der det har vore naturleg, det vere seg rådgjeving eller andre møter. Tilsynsrøynsle syner også at kommunane ikkje er like flinke til å bruke IPLOS som indikator på at det er naudsynt med ytterligare kartlegging, til dømes ved demenssjukdom. Fylkesmannen har og etterspurd IPLOS-registreringar i klagesakshandsaming der det har vært naudsynt. Det må diverre gjerast i mange saker.

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det er kommunar i fylket som ikkje oppfyller krav vedrørande IPLOS.

Resultatområde 87 Psykisk helse

Sjå punkta under

87.1 Tvungen undersøkelse

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker på dette saksområdet i 2010.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Ingen rapportering her

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen har ikkje hatt saker på dette saksområdet i 2010.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsever

Fylkesmannen i Rogaland har i 2010 handsama ein søknad på dette saksområdet. Søknaden gjaldt fleire institusjonar i Helse Stavanger som ikkje har permanent godkjenning etter forskrifter.

87.5 Vedtak om overføring

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker på dette saksområdet i 2010.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Sjå eiga rapportering til Helsedirektoratet om oppnemning av kontrollkommisjonar.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Kommunal rapportering på psykisk helsearbeidsfeltet er samla og oversendt Helsedirektoratet innan fristen (IS24/2009). Etter som øyremerkning av økonomisk stønad til kommunane fell bort frå og med 2009 blei det også i 2010, på oppdrag frå Helsedirektoratet, gjennomført ei kartlegging i kommunane i fylket om korleis økonomien på området utvikla seg etter at opptrappingsplanen var ferdig. Av 26 kommunar var det berre 3 som rapporterte om nedskjeringar på feltet, mens eit stort fleirtal hadde anten ei ressursbruksvarandre til 2009 eller ei auke i ressursane. Informasjonane frå kartlegginga, der data vert innhenta via telefonsamtalar med ansvarlege i den einskilde kommunen, blei oversendt Helsedirektoratet innan fristen.

Også i 2010 blei det gjeven fullmakt frå Helsedirektoratet til tilskott til videreutdanning for kommunalt tilsette med høgskolekompetanse i Rogaland. Studentane har i all hovudsak nytta vidareutdanningstilbodet psykisk helsearbeid for vaksne eller psykososialt arbeid blant barn og unge i hhv Stavanger og Stord. I 2010 var det færre studentar som nytta tilbodet enn åra før.

Intensjonane frå opptrappingsplanen innan psykisk helsearbeid synes i all hovudsak å bli fulgt godt opp i den

einskilde kommune, sjølv om dater ei utfordring for fleire å halda oppe fokus på dette viktige arbeidet. Fleire tilsette med stadig høgare kompetanse gjer ein god jobb på feltet. Ei rekke gode og kreative løysningar er videreførte eller starta opp.

Det synes å vera ei utfordring for fleire å få til gode løysningar når det gjeld boliger, særleg gjeld dette for byområde i sørfylket kor busetnaden er tett og prisane høge. Likeins er det framleis utfordringar når det gjeld å etablera smidigare samarbeidsløysingar mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Samarbeidsavtalar er på plass, og fleire av dei er under revisjon og evaluering.

Arbeidet med individuell plan synest likeins å vera ei utfordring å få til på ein god og systematisk måte for personar i målgruppa.

I 2010 har Fylkesmannen ikkje makta å følgja opp eigne mål for vitjing av einskildkommunar og tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet, men har i hovudsak halde kontakten gjennom telefon eller epost. Det har vore ein del utskiftingar blant kommunane sine rådgjevarar i psykisk helsearbeid.

Fylkesmannen har faste, kvartalsvise møter med representantar for brukarorganisasjonane. Her deltek også fylkeskoordinator for psykiatriske fylket i NAV. Fylkesmannen har i tillegg hatt faste kontaktmøter med NAV fylket. Dei gode og regelmessige samarbeidsfora som er etablerte mellom DPS'ar og tilhøyrande kommunar er videreførte i 2010 med Fylkesmannen som deltar. Dette gjeld for Dalane, Jæren, Sandnes og Helse Fonna-området. Rusfeltet er også etter kvart integrert i desse samlingane.

Fylkesmannen i Rogaland har, saman med Fylkesmannen i Hordaland, hatt samling med kommunane i Fonna-området og NAPHA også i 2010.

Fylkesmannen har delteke på dei to rådgjevarsamlingane som er arrangerte i 2010 i regi av Helsedirektoratet. Vi har arrangert to samlinger for kommunane sine rådgjevarar / kontaktpersonar innan psykisk helsearbeid i 2010, ei samling i sørfylket og ei i nordfylket.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen i Rogaland har handsama 17 saker på dette saksområdet. Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida var under tre veker.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Fylkesmannen i Rogaland rapporterer 2 gonger i året til Arbeids- og velferdsdirektoratet om godkjente poliklinikkar og talet på stillingar.

Fylkesmannen godkjente to nye poliklinikkar i 2010 og godkjente utviding av talet på godkjente stillingar på ein poliklinikk.

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Etter avtale er det Fylkesmannen i Hordaland som ivaretar denne oppgåva i Helseregion Vest.

Resultatområde 88 Rusområdet

I 2010 fekk 18 kommunar i Rogaland tilskot til kommunalt rusarbeid frå Helsedirektoratet. (kap. 763 post 61).

Fylkesmannen har informert kommunane om ordninga via nettsider,kontaktpersonar i kommunane og ei eiga samling for alle kommunar. Dei øyremerka tilskota er forvalta i tråd med regelverket for ordninga. Kommunane som har tilskot er fulgt opp i ettertid i møte med leiinga i kommunane og aktuelle tilsette.

Råd og vegleiing til fagpersonell og politisk og admininistrativ leiing i kommunane knytta til kompetanse og utvikling av kvalitet har vore ein del av desse møta.

Haugesund kommune er den einaste kommunen i Rogaland som er inne i ordninga "tillitspersonsundersøket". Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har etablert eit nettverk for oppfølging saman med aktuelle kommunar i desse fylka.

Ordninga med tilskot til vidare og etterutdanning innan rusproblematikk(kap. 763 post 21) for helse og sosialpersonell og tilsette i kriminalomsorgen vart nytta av ei rekke kommunar, og det var ikkje nok midler å fordele.

Fylkesmannen har saman med det regionale kompetansesenteret for rus(KoRus) laga ein Regional kompetanseplan for rusområdet. Kompetansebehov hjå kommunane er drøfta i Kompetansegruppa for rusfeltet. I denne gruppa sit representantar frå kommunar,spesialisthelseteneste,universitet og høgskule,kompetansesenteret,Fylkesmannen og brukarorganisasjonar.

Fylkesmanne har i samarbeid med ulike aktørar gjennomført grunnopplæring rus i kommunane (200 deltagarar), kurs i individuell plan 180 deltagarar), bustadsosial konferanse (170 deltagarar)og nettverk, konferanse/nettverk knytta til implementering av ny nasjonal retningslinje for legemiddelassistert rehabilitering (100 deltagarar)og oppfølging av ruspolitisk handlingsplan.

Saman med KoRus,KS, Bufetat og kommunar er det utarbeida ein modell for tidleg intervension - knytta til vegleiaran "Fra bekymring til handling". Også Fylkesmannen i Hordaland og kompetansesenteret for rus i Bergen er med. Modellen er knytta til Samhandlingsutvalet og har som mål å sette tidleg intervension på dagsorden. Målet er å auka kompetansen og innsatsen retta mot barn og unge som som er i ein risiko for å utvikle vanskar. Fylkesmannen har bistått KoRus med kompetansemidler til tidleg intervensionskonferanse" Mot til å se- evne til å handle" - ca 300 deltagarar.

Satsinga på rusfeltet ses og i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid på psykisk helsefeltet. Det er etablert fleire samarbeidsfora mellom kommunar og DPS, der rådgjevarane innan rus og psykisk helse hjå Fylkesmannen deltek. Rådgjevarane på desse områda hjå Fylkesmannen i Rogaland,Hordaland, og Sogn og Fjordana har og felles drøftingar to gonger i året knytta til kompetanseutvikling og samarbeid retta mot kommunane. I 2010 arrangerte Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland to felles kursdager der rus og psykisk helse var tema. Ca 100 deltagarar kvar gong.

88.1 Alkoholloven

Fylkesmannen i Rogaland har behandlet 14 saker i 2010, hvorav tre var klagesaker.

Klagesakene gjaldt:

En klage på avslag utvidet skjenketid.

En klage på avslag på søknad om skjenkebevilling. Omfattende sak, såkalte "Hootersaken".

En klage på inndragning av skjenkebevilling i to måneder.

Veiledningen overfor kommunene består for det meste i å svare på telefon og eposthenvendelser. Fylkesmannen får noen henvendelser i måneden, men sjeldnere enn hver uke.

88.2 Rusmiddelarbeid

I 2010 fekk 18 kommunar i Rogaland tilskot til kommunalt rusarbeid frå Helsedirektoratet. (kap. 763 post 61).

Fylkesmannen har informert kommunane om ordninga via nettsider,kontaktpersonar i kommunane og ei eiga samling for alle kommunar. Dei øyremerka tilskota er forvalta i tråd med regelverket for ordninga. Kommunane som har tilskot er fulgt opp i ettertid i møte med leiinga i kommunane og aktuelle tilsette.

Råd og vegleiing til fagpersonell og politisk og admininistrativ leiing i kommunane kring kompetanse og utvikling av kvalitet har vore ein del av desse møta.

Haugesund kommune er den einaste kommunen i Rogaland som er inne i ordninga "tillitspersonsundersøket". Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har etablert eit nettverk for oppfølging saman med aktuelle kommunar i desse fylka.

Ordninga med tilskot til vidare og etterutdanning innan rusproblematikk(kap. 763 post 21) for helse og sosialpersonell og tilsette i kriminalomsorgen vart nytta av ei rekke kommunar, og det var ikkje nok tilskot å fordele.

Fylkesmannen har saman med det regionale kompetansesenteret for rus(KoRus) laga ein Regional kompetanseplan for rusområdet. Kompetansebehov hjå kommunane er drøfta i Kompetansegruppa for rusfeltet. I denne gruppa sit representantar frå kommunar,spesialisthelseteneste,universitet og høgskule,kompetansesenteret,Fylkesmannen og brukarorganisasjonar.

Fylkesmanne har i samarbeid med ulike aktørar gjennomført grunnopplæring rus i kommunane (200 deltagarar), kurs i individuell plan 180 deltagarar), bustadsosial konferanse (170 deltagarar)og nettverk, konferanse/nettverk med tema som implementering av ny nasjonal retningslinje for legemiddelassistert rehabilitering (100 deltagarar) og oppfølging av ruspolitisk handlingsplan.

Saman med KoRus,KS, Bufetat og kommunar er det utarbeida ein modell for tidleg intervension - basert på vuggeiaran "Fra bekymring til handling". Fylkesmannen i Hordaland og kompetansesenteret for rus i Bergen er og med. Modellen er forankra til Samhandlingsutvalet og har som mål å sette tidleg intervension på dagsorden. Målet er å auka kompetansen og innsatsen retta mot barn og unge som er i ein risiko for å utvikle vanskar.

Fylkesmannen har gjeve kompetansetilskot til tidleg intervensionskonferanse" Mot til å se- evne til å handle" - ca 300 deltagarar.

Satsinga på rusfeltet ses og i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid på psykisk helsefeltet. Det er etablert fleire samarbeidsfora mellom kommunar og DPS, der rådgjevarane innan rus og psykisk helse hjå Fylkesmannen deltek. Rådgjevarane på desse områda hjå Fylkesmannen i Rogaland,Hordaland, og Sogn og Fjordana har og felles drøftingar to gonger i året med tema kompetanseutvikling og samarbeid retta mot kommunane. I 2010 arrangerte Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland to felles kursdagar der rus og psykisk helse var tema. Ca 100 deltagarar kvar gong.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 1 824 792,30	kr 619 360,41
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 6 303 371,25	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 349 242,00	kr 0,00
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 123 984,83	kr 2 468 937,94
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr -11 433,06	kr 922 631,79
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 719,00	kr 943 896,73
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 773 639,62	kr 1 030 253,18
Andre oppgaver under HOD	kr 126 865,76	kr 0,00
Sum:	kr 11 491 181,00	kr 5 985 080,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen har ikkje behandla nokon klagesaker etter veglova i 2010.

91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Det er framleis stor etterspunad etter apostiller. I 2010 registrerte vi 4774.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Fylkesmannen har behandla 4 saker om honorærer konsuler i 2010.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Årsrapport for trus- og livssynssamfunn i Rogaland, 2010

Fylkesmannen utbetalte i overkant av 5,1 millioner kroner i statsstøtte til trus- og livssynssamfunn i 2010.

Islamske opplæringssenter er framleis det største av trussamfunna i Rogaland og er det trussamfunnet som veks raskast i medlemsantal. I 2010 hadde trussamfunnet 1936 medlemmer mot 1419 i 2009. Det er ein auke på 517 medlemmer på eitt år.

Fylkesmannen har 131trossamfunn i sitt register, av desse er det 60 som har søkt om statsstilskot, dette er 3 meir enn året før. To av søkerne blei det gitt avslagsvedtak på, da disse trussamfunna ikkje oppfylte lovas pålagte krav. Dei resterande trussamfunna søker tilskot frå andre fylker der dei har sitt hovudsete.

I 2010 er det føretatt følgjande endringar og nyregistreringar:

- Menigheten Karisma Senter har endra namn til Karismakirken
- Det Thailandske Buddhistsamfunn i Norge er meldt inn som *uregistrert* trussamfunn
- Buddhist-samfunnet i Rogaland fikk godkjent sin søker som registrert trossamfunn
- Det er innmeldt 15 forstanderbytte frå ulike trossamfunn

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sameting

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Vi har motteke 27 søknader om oskespreiing i 2010.

Av desse fekk:

3 avslag

20 vart godkjent

1 sendt i retur til søker då det vart søkt om oskespreiing i anna fylke enn Rogaland.

1 søknad vart påklagd

3 er framleis under handsaming då det mangler opplysninger

Resultatområde 97 Lov om Helligdager

Vi hadde ikkje direkte søknader om søndagsopning i 2010, men det var ein del spørsmål.

Viktigaste aktiviteten på området var at vi melde ein utsalsstad til politiet for vedvarande brot på lova til trass for fleire brev der vi bad om å opplysa om grunnlaget for søndagsopninga eventuelt at ein søkte. Utsalsstaden valde då å slutta med søndagsopning.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Når det gjeld likestilling vil vi også vise til rapportering under punkt 1.4. Der finn ein statistikk knytta til kjønn.

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Fylkesmannen i Rogaland arbeidar for å vere bevisst i sin løns- og personalpolitikk. Vi merker framleis eit stort press på lønnsnivået, framleis noko høg turnover (ca. 8%) og få søkerar til mange av stillingane. Vi ser at vi må møte utfordringane med å beholde og rekruttere medarbeidrarar med høgare lønn, noko som utarmar budsjettet våre.

Vi har ikkje rekruttert nye tilsette med nedsett funksjonsevne i 2010.

Vi legg vekt på å leggja tilhøva til rette slik at tilsette til ei kvar tid har ein best mogleg arbeidsplass både fysisk og psykisk.

Både AMU og leiargruppa har hatt fokus på sjukefråvert i 2010 og vi ser nedgang i det samla sjukefråveret frå 5% i 2009 til om lag 3% i 2010.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMRO	5	3,13	6	3,75
Sum	5	0	6	0

98.2 Kompetanseutvikling

Fordeling menn/kvinner i lederstillingar

Embete	Kunngjorte lederstillingar	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMRO	2	59	41	6	9

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMRO	59	41	44	56

98.3 Medvirkning

Grunnlaget for medverknad og samarbeid i embetet finn ein Hovudavtala med vår eigen tilpasningsavtale, personalpolitiske retningslinjer og ein fast møtekalender (årshjul) for dei ”faste postane”.

Embetet har eit samarbeidsutval mellom toppleiring og hovudsamanslutningane. I tillegg til medverknad på embetsnivå, har dei fleste avdelingane eit fast opplegg på samarbeid i avdelingane.

98.4 Likestilling og likeverd

Innan embetet blir likestilling og arbeid mot diskriminering ivareteke av Personalpolitiske retningsliner, tilpasningsavtala og lønnspolitikk. I revisjon av dei personalpolitiske retningslinene i 2011 vil dette fokusset bli forsterka.

Ei intern arbeidsgruppe har i oppgåve å leggja fram ein eit forslag om livsfasepolitikk.

Vi har også kvalitetsrutinar og prosedyrar for saksgang og tenesteveg i arbeidsmiljøsaker, samt rutine for varsling

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønnsskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

I samband med nytt Statens Hus blei det utarbeida ein strategisk og praktisk plan i forhold til Universell Utforming. Dette er meir enn godt ivareteke. Individuelle tilpassingar blir gjort fortløpende når det er naudsynt.

98.5 Føringer på IKT-området

Vi er merksame på ansvart vårt med å følgje opp arbeidet med informasjonstryggleiken i embetet. Det er ei særskilt viktig oppgåve, vi må få dette meir formalisert og dokumentert i løpet av 2011. Vi hadde planar om intensivering av arbeidet i 2010, men flytteprosessen til nytt Statens Hus, tok for mykje tid. I stor grad har vi tatt høgde for informasjonstryggleiken ved utforming og etablering av tekniske installasjonar i nybygget.

GIS

Den viktigaste aktiviteten på GIS området i Rogaland er å byggja opp ein betre struktur på embete sine GIS data. I forbindelse med dette vil det blir rygga opp i gamle data. Vi trur att ei slik opprydding vil gi oss større effektivitet og forenkla bruken av GIS i embetet. Vi kjem også til å satse på kompetansebygging i samband med ryddeprosjektet. Dette er naudsynt for å kunne lage- og vedlikehalde en ny datastruktur.

Kartløysningen på nett som vi nyttar i Rogaland er eit samarbeidsprosjekt med Statens Kartverk, Fylkeskommunen og kommunar i fylket. Vår mål er å vidareutvikla dette samarbeidet. For å få til dette må vi etablera betre struktur og dokumentasjon på temadata. Vi vil også leggja opp til at kommunane kan laste ned og

gjera bruk av data i interne system. Et anna eksempel på bruken av kartportalen er et datainnsamlingsprosjekt med alle landbrukskontora i kommunane. Via kartportalen registrerer kommunen geografisk data. I etterkant kan kommunen, Fylkesmannen og enkeltpersonen få direkte tilgang till informasjonen.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

I år har vi hatt to saker. Arbeidsomfanget har med andre ord vært minimalt.

Andre

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 912 923,80	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 3 850,00	kr 0,00
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 30 329 054,62	kr 0,00
Sum:	kr 31 245 828,00	kr 0,00